
I foreslåtte vedtak er imidlertid inntatt et vilkår for forlengelse av byggefristen. Vilkåret går på at Nordic Resort må erverve to andre eiendommer i området innen 1.4.2018.

Ved utøvelse av offentlig myndighet kan vilkår kun settes hvor det foreligger hjemmel for det. Vi kan ikke se at det foreligger lovhjemmel for vilkår tilknyttet ovennevnte begunstigende vedtak. Alternativt grunnlag kan da være den ulovfestede vilkårlæren.

En forutsetning for anvendelse av den ulovfestede vilkårlæren er at forvaltningen står fritt til å avgjøre om utvidelse skal gis (forvaltningens frie skjønn), således at de også ut i fra et «fra det mer til det mindre»-argument også kan stille vilkår ved positiv innvilgelse.

Det er alminnelig antatt at vilkårene må ha saklig sammenheng med lovens formål og de samfunnsmessige oppgaver loven skal ivareta, samt at betingelsene må være forholdsmessige i forhold til det godet som oppnås gjennom innvilgelsen. Hvor vide vilkår forvaltningen har adgang til å fatte vil bero på en konkret fortolkning av lovens ordlyd.



Det er her naturlig å ta utgangspunkt i plan- og bygningsloven sitt formål. Plan- og bygningsloven skal medvirke til bærekraftig utvikling, gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser, samt sikre forsvarlig gjennomføring av tiltak.

Det vilkår som er foreslått antas å skulle sikre/medvirke til at Nordic Resort gjennomfører sine planer på området. Likevel fremstår vilkårene å være noe utenfor det formålet med plan- og bygningsloven er ment å verne/bidra til. Ut ifra dette er vi i tvil om disse vilkårene har tilstrekkelig saklig sammenheng med tillatelsen og plan- og bygningslovens formål.

Det fremstår dessverre også noe uforholdsmessig at Nordic Resort skal tvinges til å overta to andre faste eiendommer i området, herunder ettersom disse eies av andre privatpersoner. Kjøp/salg av fast eiendom kan være tidkrevende og kostnadsfullt, og antas ikke å være nødvendig for/bidra til å gjennomføre ønskede tiltak på de eiendommer Nordic Resort allerede har kjøpt av kommunen. Vi kan heller ikke se at kommunen har stilt noen forutsetninger tilknyttet andre eiendommer i området i den avtale de har inngått med Nordic Resort.

Etter dette er vår vurdering at kommunen bør ta bort vilkårene fra forslaget til vedtak, da man risikerer at disse vil være ulovlige.

3. Avslutning


Herøy kommune må etter det ovennevnte foreta en vurdering rundt hva som er mest hensiktsmessig/ønskelig, herunder om kommunen skal akseptere utvidet byggefrist eller om eiendommene skal kreves tilbake da byggefristen er oversittet.

Kommunen kan også vurdere å innvilge en kortere forlengelse enn 2 år, dersom det er mer formålstjenlig.

Vi håper ovennevnte var egnet til avklaring. Ta gjerne kontakt dersom det er behov for en nærmere diskusjon tilknyttet ovennevnte.

Med vennlig hilsen
Advokatfirmaet JUDICIA DA

Reidar Andresen
Advokat/partner



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/1679
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
187/17	Formannskapet	21.11.2017

MINDRE REGULERINGSENDRING FOR N3 LEINEVIKA - SLUTTHANDSAMING

Tilråding:

I medhald av § 12-14 i plan- og bygningslova, vedtek Herøy formannskap reguleringsendring for N3 Leinevika fiskerihamn, datert 19.01.2017, og føresegner, datert 10.11.2017.

Særutskrift:

B.Tarberg AS

Prosjektbygg AS

Sjøkanten AS

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Statens vegvesen

Kystverket Midt-Norge

Smådal mekaniske

Marthe Nærø

Sandvikvegen 174

Postboks 183

Vågsgata 21

Leinevegen 55

Leinevegen 1

6070 TJØRVÅG

6099 FOSNAVÅG

6090 FOSNAVÅG

6094 LEINØY

6094 LEINØY

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Mindre reguleringsendring for fiskerihamna Leinevika - Varsel om oppstart av planarbeid - Uttale sendt fra Statens vegvesen
- 2 Innspel
- 3 201663 - Reguleringsendring område N3 fiskerihavn Leinevika - forslag
- 4 Merknader
- 5 Merknader
- 6 Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsendring - Fiskerihavn Leinevika - fråsegn til varsel om oppstart
- 7 Innspel til planen - tillegg til brev datert 05022017
- 8 Vedlegg 1
- 9 Vedlegg 2
- 10 Reguleringsendring for N3 Leinevika - plankart datert 19.01.2017
- 11 Reguleringsendring for N3 Leinevika - føresegner datert 10.11.2017
- 12 Reguleringsendring for N3 Leinevika - Illustrasjon 1
- 13 201663 - Sjekkliste for ROS-vurderinger i arealsaker_mindre endring N3 i Leinevika_PDF
- 14 201663 Sjekkliste naturmangfold mindre endring av N3 i Leinevika 29.12.2016_PDF
- 15 Leinevik 3D-modell 1
- 16 Leinevik 3D-modell 2
- 17 Leinevik 3D-modell 3
- 18 Leinevik 3D-modell 4

Samandrag av saka:

B.Tarberg AS har på vegne av Sjøkanten AS søkt om ei mindre reguleringsendring innanfor reguleringsplan for fiskerihavn i Leinevika, planID 198902. Endringa vil omfatte ei tekstendring av reguleringsføresegnene til gjeldande plan og ei endring av den ytre formålsgrensa i nord for området N3. Føremålet med endringa er å opne opp for å kunne utnytte området til båtgarasjer.

Saksopplysningar:

B.Tarberg AS har på vegne av Sjøkanten AS søkt om ei mindre reguleringsendring innanfor reguleringsplan for fiskerihavn i Leinevika, planID 198902. Endringa vil omfatte ei tekstendring av reguleringsføresegnene til gjeldande plan og ei endring av den ytre formålsgrensa i nord for området N3. Føremålet med endringa er å opne opp for å kunne utnytte området til båtgarasjer.

Planarbeidet vart varsla oppstart 19.01.2017 med brev til grunneigarar, naboar og regionale høyringspartar med frist for innspel 24.02.2017.

Føremålet med endringa er å opne opp for å kunne utnytte området til båtgarasjer. Det betyr flytande båtar med innvendig brygge og vil krevje eit større volum enn det som reguleringsplanen opnar for. Det er regulert for seks naust innanfor N3 og det er no foreslått å kunne etablere 4 båtgarasjer i eitt samanhengane bygg.


Endringar i planforslaget:

Endringar i føresegna:

- Ny linje i føresegna om at søknadar om løyve til tiltak etter pbl. § 20 skal sendast på høyring til Kystverket for uttale.
- Fastsetting av topp mønehøgde til nye båtgarasjer i føresegna
- Antal bygg innanfor N3 og størrelse på bebygd grunnflate er teke ut på grunn av endringar i planforslaget.

Endring i plankartet:

- Ny byggelinje mot sør.
- Avretting og dermed utviding av naustføremål i eksisterande plan.



Vurdering:

Merknadar ved varsel om oppstart

Statens vegvesen, datert 03.02.2017
Ingen merknadar til varsla planarbeid.

Smådal mekaniske, datert 05.02.2017 og 17.03.2017 (tillegg til merknad datert 05.02.2017)

Det må takast hensyn til den logistikkmessige næringsaktiviteten som er i dette verftsområdet med truck og kraning i forbindelse med reparasjon og servicearbeid.

Har i dag vore i dialog med Sjøkanten AS, S.Thorseth og G.Gundersen, der undertegnede vil legge fram ein plan for løysning for kompensasjon av tapt arbeidsområde ved kai/brygge som vist i vedlegg 1. Eit forslag vil vere å forlengje kailinjen samt flytte flytebryggen mot nærmaste båthus som vist i vedlegg1.

Vurdering:

Tilkomst til området blir etter avtale med Marthe Nærø frå vest og vil såleis ikkje gå over eigedomen til Smådal mekaniske og forstyrre drifta.

Planforslaget er også noko endra ved at bygget nærmast flytebrygga til Smådal mekaniske no ligg inne som byggesteg 2 med forbehold om at dei private eigedomsforholda vert avklarte.

Det vert ikkje regulert inn forlenga kailinje slik det vert foreslått av Smådal mekaniske. Dette vil krevje oppstart av eit nytt reguleringsarbeid. Kommune forstår det slik ut frå dialogen med konsulent at ved å legge inn nærmaste bygg mot Smådal mekaniske som eit evt. byggesteg 2 er endringa i tråd med merknaden frå Smådal mekaniske.

Marthe Nærø, datert 16.02.2017

Grunneigar foreslår at det kan opparbeidast tilkomstveg over gnr. 24 bnr. 6 frå til N3 frå vest for å ikkje forstyrre den daglege drifta til Smådal Mekaniske si verksemd.

Vurdering:

Kommunen ser det som positivt at tilkomstvegen vert over gnr. 24 bnr. 6 frå vest.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 24.02.2017

Skisserte endringar vil etter det vi forstår medføre ei meir ruvande utbygging enn det reguleringsplanen pr. i dag opnar for. ...

For at ein skal kunne få ei oppfatting av kor stor denne bygningskroppen er, bør det settast krav til visualisering ved t.d. fotomontasje som viser landskapsverknadane før ein fattar vedtak i saka.

Det omsøkte område ligg i eit område som er sterkt prega av utbygging frå før, og det er allereie regulert til føremålet. Det talar for at noko slikt kan akseptrast akkurat her.

Vi rår sterkt ifrå omsøkte reguleringsendring ut frå storleik og høgde på nausta, og at denne saka kan skape uheldig presedensverknad.

Vurdering:

Vedlagt ligg 3D illustrasjonar av bygningskroppen slik den er innteikna. Bygget blir større enn dei som er etablert i området, men kommunen meiner Leinevika er ei fiskerihamn der det bør vere rom for naust av ulike størrelsar for å stette behovet i hamna. Kommunen vil derfor vere positiv til tiltaket sjølv om bygga vert større enn nabobygningane då området i dag stort sett er utbygt eller regulert for framtidig utbygging.

Kystverket Midt-Norge, datert 28.02.2017:

Etter Kystverkets mening er det ikke tilstrekkelig klarlagt at om planen nå skal gjelde flytende naust i slik størrelse, eller om den skal omfatte utfylling, delvis utfylling eller annet for plassering av naust. Dette må klargjøres i planen.

Ved flytende naust må det klart framgå om det skal være fast eller flytende innvendig kai. Det må det synliggjøres hvordan nausta skal forankres / fortøyas, avhengig av løsning. Dette for at det ikke skal gå ut over de opparbeidede dybdeforhold ved innseiling til eksisterende nabokai (mekanisk verksted). I fall det er andre løsninger som støtteordninger, murer/kaier e.l som kan etableres som avhjelp må disse også synliggjøres og tas med i planendringen.

Videre om det er behov for mudring og til hvilken dybde inne i nausta (relatert til LAT (laveste astronomiske tidevann)).

Dersom det tenkes faste naust på fylling, mur eller på annen måte må det synliggjøres i planen at utfyllinger i sjø skal tillates og hvor langt ut. Formålsgrensen

vil etter vår mening være avgjørende for bunn fylling / ytre tiltak som kaikant i gjeldende plan.

Sett i forhold til bruken av naboeiendom og manøverareal i havna bør det ses på om østre naust kan tas ut av planen, alternativt reduseres i lengde tilvarende for en 40-45 fots båt.

Videre bør det redegjøres for om takkonstruksjon fortsatt kan utføres som 6 mønetopper istedenfor 3, med de takvinkler som er antydnet også for disse brede nausta... Bruken av de store areala i 2. høgda må også medtas med mindre takkonstruksjoner tilsier åpen løsning.

Vurdering:

Planforslaget gjeld ikkje flytande naust. Det er tenkt utfylling av området i tråd med reguleringsplanen med etablering av innvendige kaier i nausta.

Rådmannen meiner det Kystverket tek opp ift. praktiske løysingar for forankring, fortøyning, djupneforhold mv. skal avklarast i byggesøknaden. Det er sikra i føresenga til planen at søknad om tiltak skal sendast til Kystverket for høyring. Med dette tillegget i føresegna meiner rådmannen det vil vere tilstrekkeleg for å kunne godkjenne planendringa.

Rådmannen meiner detaljar kring fyllingsfot, mudrings- og utdjupingsbehov må avklarast i byggesaka. Denne skal sendast til Kysverket på høyring.

Forholdet til naboeigedomen er avklart med grunneigar, Smådal mekaniske. Tiltaket nærmast naboeigedomen er skissert som eit byggesteg 2 med forbehold om at dei private eigedomsforholda er avklarte.

Takkonstruksjonen er revidert til å vere to mønetoppar og ikkje tre slik det var i foreslått ved varsel om planoppstart. Rådmannen meiner det revidert planframlegget gir ei betre løysing enn det som var skissert ved oppstart.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 27.02.2017:

Ingen særskilte merknader.

Konklusjon:

Planforslaget er endra i tråd med merknadane frå dei private naboane og delvis i tråd med merknadane frå dei regionale instansane. Rådmannen merkar seg at Kystverket krev detaljteikningar og løysingar på eit nivå som ikkje har vore praksis i plansaker i Herøy kommune tidlegare. Rådmannen meiner konsulent og hans samarbeidspartner (Prosjektbygg AS) har tilstrekkeleg kompetanse både på prosjekterings- og utbyggingsarbeidet at planforslaget som vert lagt fram er kvalitetssikra og gjennomførbart. Rådmannen meiner at arealbruken såleis er tilstrekkeleg utgreidd i planarbeidet

Rådmannen meiner også at Kystverket vil måtte ta stilling til detaljane ved utbygginga når det vert søkt om løyve til tiltak etter § 20-1 og saka vert sendt på høyring.

Rådmannen rår formannskapet til å godkjenne, i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, reguleringsendring for eit avgrensa område i reguleringsplan for fiskerihamn i Leinevika 198902 område N3.

Fosnavåg, 10.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



Statens vegvesen

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
17/13002-2

Dykkar referanse:
2016/1679

Vår dato:
03.02.2017

Herøy kommune – Mindre reguleringsendring for fiskerihamna Leinevika – Varsel om oppstart av planarbeid – Uttale

Viser til skriv av 19.1.2017 frå Herøy kommune om oppstart av planarbeid innanfor reguleringsplanen fiskerihamn Leinevika.

Statens vegvesen har ingen merknad til varsla planarbeid med sikte på ei mindre reguleringsendring i tråd med opplysningane som ligg føre.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE



**SMÅDAL
MEKANISKE**

Reparasjoner og serviceoppdrag for fiske-, kyst- & offshore-flåten samt landindustri

Herøy Kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg
postmottak@heroy.kommune.no

Leinøy, 05. februar 2017

Deres referanse: Saksnr 2016/1679 Vår ref: 1515 - 24/79

Viser til Deres brev datert 19.01.2017 der det varsles om «oppstart av planarbeid – mindre reguleringsendring for fiskerihamn Leinevika», Herøy kommune.

Smådal Mekaniske med sine 7-8 ansatte, og ein omsetning på rundt NOK 13-14 mill. (2015/2016), gir eit betydelig bidrag til fiske og fangst tilknytning for Herøy kommune. Registrerte kunder over 3700.

Innspeil til planen.

Eigendom 1515 - 24/79 som tilhører undertegnende har fått godkjent utfylling av oppstillingsplass ved behov for meir uteareal.

Denne eigendom, 1515 - 24/79, er nå tiltenkt som parkering tilknytt tilkomst veg som skal gå over overnevnte næringsaktiviteten i verftsområdet, og vil vere i strid med tilrettelegging for vidare/utvida industriverksemd.

Det er viktig at det legges opp til at all framtidig arealdisponering ivaretar sikkerheit og framkommeligheit.

Konsekvens av bruk av området iht varsel vil mildt sagt vanskeliggjere drifta på Smådal Mekaniske.

Det må takast hensyn til den logistikkmessige næringsaktiviteten som er i dette verftsområdet med truck og kraning i forbindelse med reparasjon og servicearbeid. Truck med båtvoagner er en stor del av driften på tilknytt eigendom samt forsendelser til og frå.

Behovet for utearealet på vestsiden (godkjent for utfylling av oppstillingsplass) er ikkje noko mindre i dag.

Utfrå dette håper vi at det vert tatt hensyn til vårt behov, å at det ikkje blir laget reguleringstiltak som er til hinder for vidare drift.

Smådal Mekaniske

Arild Smådal

Marthe Nørø
Leinevegen 1

6094 Leinøy

Leinøy, 16.02.2017

Herøy kommune

Utviklingsavdelinga

Samfunnsplanleggar Ole Magne Rotevatn

**INNSPEL TIL SAKSNR 2016/1679 – MINDRE ENDRING REGULERINGSPLAN FOR
FISKERIHAMN I LEINEVIKA 198902 OMRÅDE N3 / SJØKANTEN AS.**

Eg er grunneigar i omsøkte område og har inngått avtale med Sjøkanten AS for å få utvikla det aktuelle området i tråd med gjeldande reguleringsplan. For å bidra til ei best mulig løysing, utan å forstyrre den daglege drifta til Smådal Mekaniske si verksemd, vil eg foreslå at tilførselsveg til N3 og N2 kan skje over min eigedom frå vest.

Som grunneigar av gnr 24, bnr 6 vil eg difor her stadfeste at tilførselsveg kan opparbeidast over min eigedom frå vest.

MED VENLEG HELSING

Marthe Nørø



WTV

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr. 2016/1679	Saksbeh.
27 FEB. 2017	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Herøy kommune

Mindre reguleringsendring for fiskerihamn i Leinevika

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Saka gjeld endring av reguleringsplan for fiskerihamn i Leinevika, område N3, eit område på om lag 1 dekar.

Endringa inneber at reguleringsføresegna opnar opp for å utnytte området til båtgarasjar. Dette krev eit større volum enn det reguleringsplanen opnar for. Det er ønske om å tillate oppføring av 3 sidestilte bygningar med ei grunnflate på 336 m2 kvar, som er bygd saman i ei rekke. Kvar av dei 3 bygningane har plass til to båtar.

Natur- og miljøvern

Skisserte endring vil etter det vi forstår medføre ei meir ruvande utbygging enn det reguleringsplanen pr. idag opnar for, og ein byggjer også heilt igjen sjøfronten i området. Raftehøgda på bygga vil bli 6 m pluss 2,5 meter målt frå kai nivå. Mønehøgde er ikkje oppgitt, men ut frå raftehøgda vil det bli svært høge bygg og bli ein «vegg» i høve utsynet ut fjorden frå vegen slik det er i dag. For at ein skal kunne få ei oppfatting av kor stor denne bygningskroppen er, bør det settast krav til visualisering ved t.d fotomontasje som viser landskapsverknadane før ein fattar vedtak i saka.

Det omsøkte område ligg i eit område som er sterkt prega av utbygging frå før, og det er allereie regulert til føremålet. Det talar for at noko slikt kan akseptrast akkurat her. Det er likevel viktig at kommunen ser på dette som eit unntak, og at det ikkje er ei god løysing å opne opp for slike båtgarasjar andre stadar i kommunen.

Det er heller ikkje arealmessig berekraftig å byggje så store naust som denne planen legg opp til. Store båtar bør ligge ute på sjøen heile året, eventuelt plasserast i felles båttopplag på land.

Konklusjon

Vi rår sterkt ifrå omsøkte reguleringsendring ut frå storleik og høgde på nausta, og at denne saka kan skape uheldig presedensverknad.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen			
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde



KYSTVERKET

Midt-Norge

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Deres ref.:
2016/1679

Vår ref.:
2017/478-3

Arkiv nr.:
413.2

Saksbehandler:
Oddbjørn Sæther

Dato:
28.02.2017

Kommentar til oppstart planarbeid - mindre reguleringsendring for fiskerihavn Leinevika - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

Viser til kommunens oversending 19.01.2017, vedlagt forslag til reguleringsendring.

Tarberg AS har på vegne av Sjøkanten AS søker om reguleringsendring av naustområde N3 i gjeldende reguleringsplan Leinevika fiskerihavn. De ønsker å omregulere selve naustområdet med endring av føresegner i tillegg til mindre del av havneområde sjø på ytre side. Foreslåtte bygg går helt fra regulert veggrunn til regulert kaispisser i gjeldende plan.

Kystverket har følgende kommentarer:

Slik vi oppfatter den opprinnelige reguleringsplanen for fiskerihavna tenkes de ca 6 siste metrene ut mot sjø i område N3 (inkl skråkaier i ytre del) benyttet til kai med bygning på ca 6x10m, delvis som overheng utover denne kaidelen. *Dvs tar i bruk liggeplass for båt til en kai på utsiden av førregulerte naust.*

Etter Kystverkets mening er det ikke tilstrekkelig klarlagt at om planen nå skal gjelde flytende naust i slik størrelse, eller om den skal omfatte utfylling, delvis utfylling eller annet for plassering av naust. Dette må klargjøres i planen.

Ved flytende naust må det klart framgå om det skal være fast eller flytende innvendig kai. Det må det synliggjøres hvordan nausta skal forankres / fortøyas, avhengig av løsning. Dette for at det ikke skal gå ut over de opparbeidede dybdeforhold ved innseiling til eksisterende nabokai (mekanisk verksted). I fall det er andre løsninger som støtteordninger, murer/kaier e.l som kan etableres som avhjelp må disse også synliggjøres og tas med i planendringen.

Videre om det er behov for mudring og til hvilken dybde inne i nausta (relatert til LAT (laveste astronomiske tidevann)).

Dersom det tenkes faste naust på fylling, mur eller på annen måte må det synliggjøres i planen at utfyllinger i sjø skal tillates og hvor langt ut. Formålsgrensen vil etter vår mening være avgjørende for bunn fylling / ytre tiltak som kaikant i gjeldende plan.

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse:

Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett:

www.kystverket.no

E-post:

post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.:

NO 874 783 242

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

Sett i forhold til bruken av naboeiendom og manøverareal i havna bør det ses på om østre naust kan tas ut av planen, alternativt reduseres i lengde tilvarende for en 40-45 fots båt.

Videre bør det redegjøres for om takkonstruksjon fortsatt kan utføres som 6 mønetopper istedenfor 3, med de takvinkler som er antydnet også for disse brede nausta. Båtstørrelser på 60 fot omfatter ikke fiskebåter i Herøy kommune og gjelder i så fall fritidsfartøy. Derimot er det flere opp mot 15m-klassen. Portstørrelsene i vedlagt materiell tilsier ikke behov for høyde over porthøyde for båter inne. Bruken av de store areala i 2. høgda må også medtas med mindre takkonstruksjoner tilsier åpen løsning.

Med hilsen

Harald Tronstad
regiondirektør

Oddbjørn Sæther
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og uten signaturer

Eksterne kopimottakere:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/1679	19.01.2017	10390/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	27.02.2017

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsendring - Fiskerihamn Leinevika - fråsegn til varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



**SMÅDAL
MEKANISKE**

Reparasjoner og serviceoppdrag for fiske-, kyst- & offshore-flåten samt landindustri

Herøy Kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg
postmottak@heroy.kommune.no

Kopi til:
Sjøkanten AS
Kystverket

Leinøy, 17. mars 2017

Deres referanse: Saksnr 2016/1679 Vår ref: 1515 - 24/79 – Tillegg til brev datert 05.02.2017

Viser til Deres brev datert 19.01.2017 der det varsles om «oppstart av planarbeid – mindre reguleringsendring for fiskerihavn Leinevika», Herøy kommune.

Innspel til planen – tillegg til brev datert 05. februar 2017.

Konsekvens av bruk av området iht varsel vil hindre tilkomst av brygge/kai som vist på vedlegg 1 og 2.


Har i dag vore i dialog med Sjøkanten AS, S.Thorseth og G.Gundersen, der undertegnede vil legge fram ein plan for løysning for kompensasjon av tapt arbeidsområde ved kai/brygge som vist i vedlegg 1. Eit forslag vil vere å forlenge kailinjen samt flytte flytebryggen mot nærmaste båthus som vist i vedlegg1.

Grunnet behov for kaiplass er dette viktig for bedriftens vidare drift. Håper dette er eit forslag som alle parter kan enes om.

Smådal Mekaniske

Arild Smådal

Vedlegg 1 Forslag til løsning



Vedlegg 2:



Bilde 2.1 Viser tapt arbeidsområde og tilkomst




Bilde 2.2 Aktivitet på området



Bilde 2.3 Aktivitet på området



Bilde 2.4 Aktivitet på området



N3 område for båtgarasjer i Leinevika

Annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg

Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

N3 område for båtgarasjer			
Sjøkanten AS			
Prosjektbygg AS			
Dato	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk
29.12.2016	AZT		M 1:500 A3
Plantegning		Erstatning for:	Erstattet av:
Mindre endring av reguleringsplan		901	
PBL § 12-14		B. TARBERG AS	
Henvisning:		Beregning:	

Bygg kan reisast innanfor byggegrensene i 1 etg. + loftsetasje. Bygg skal ha skråtak med takvinkel mellom 30 º - 36 º. Form og fargeval skal avklarast for kvar gruppe ved tildeling av tomter.

C. Naust

§ 5

I naustområda N1, N2 og N4 kan det innanfor byggegrensene reisast bygg i 1 etg med vanleg etasjehøgde og hems. Bygga skal ha skråtak med takvinkel mellom 30 º - 36 º. Form og fargeval skal avklarast for kvar gruppe ved tildeling av tomter.

For området N3 kan det førast opp båtgarasjer med innvendig brygge innanfor formålsgrensa og byggegrensa som vist på plankartet. Det vert tillate å føre opp sidestilte bygningar som er bygd saman i ei rekkje. Bygg skal ha skråtak med takvinkel 30-36 º. Maksimal mønehøgde for bygningane er 6,0 meter høgde ved rafta, målt frå kainivå på kote + 2.5 NGO. Nye bygningar kan førast opp med ei maksimal topp mønehøgde på inntil cote + 13.3 NGO. Parkering for bygningane N3 skal vere 1 p-plass pr bygg. Parkeringsplassane kan opparbeidast på tilstøytande areal eigna for formålet.

Båtgarasje er å rekne som bygg på lik linje med naust med oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn. Det er forbod mot å innreie rom/loft i båtgarasje til varig opphald.

Tiltak etter § 20 i plan- og bygningslova innanfor N3 skal sendast til Kystverket for uttale.

§ 6

I naustområde N5 kan nausta byggjast med ein etasje og hems i samsvar med retningslinene i TU-sak 76/95 av 22.08.95. Takvinkel mellom 30-36 º. Form og fargeval skal avklarast for kvar gruppe ved tildeling av tomter.

§ 7

I hytteområde kan det innanfor byggegrensene reisast bygg i 1 etg med hems. Hyttene skal ha skråtak med takvinkel mellom 30-36 º. Form og fargeval skal avklarast for heile gruppa i samband med byggemelding.

FØRESEGNER FOR TRAFIKKOMRÅDA

A.Kaier.

§ 8

Kailinene som er vist i planen er ikkje endeleg fastlagde. Ved bygging av kaier må det innhentast løyve frå kystverket etter hamnelova.

B. Hamneområde.

§ 9

I småbåthamna er vist 3 pirar for utlegging av flytebrygger. Slik utnytting og plassering er ikkje endeleg fastlagt i reguleringsplanen. Anna utnytting står open, for eksempel kaier langs landsida. Ved utlegging av flytebrygger må det innhentast løyve frå kystverket etter hamnelova.

FØRESEGNER FOR SPESIALOMRÅDA

§ 10

Område SP1 på ytre hamn er reservert til fiskeriformål. Området kan nyttast til sjøhus, fiskeriindustri og fiskemottak.

Bygg kan reisast innanfor byggegrensene i 1 etasje + loftsetasje. Bygga skal ha skråtak med takvinkel mellom 30-36 °. Form og fargeval skal avklarast for kvar gruppe ved tildeling.

§ 11

Område SP2 kan nyttast til fiskeriformål – sjøhus og fiskeindustri. Bygg kan reisast i 1 etasje + loftsetasje. Bygga skal ha skråtak med takvinkel mellom 30 – 36 °. Bygningsrådet avgjer form og fargeval.

§ 12

Område SP3 er regulert til fiskeriformål – sjøhus/rorbu med kai. Bygg kan reisast innanfor byggegrensene i 1 etasje + loftsetasje. Bygga skal ha skråtak med takvinkel mellom 30-36 °. Det kan byggast kaier/pirar i front av sjøhusa i samsvar med planen. Form og fargeval skal avklarast ved tildeling.

§ 13

Område SP5 er regulert til fiskeriformål – sjøhus/rorbu med kai. Bygg kan reisast i 1 etasje + loftsetasje. Bygga skal ha skråtak med takvinkel mellom 30-36 °. Bygningsrådet avgjer form og fargeval.

§ 14

Desse reguleringsføresegene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og byggevedtektene for Herøy kommune.

Etter at desse er gjort gjeldande, er det ikkje lovleg å vedta private særrettar som er i strid med føresegnene.


HERØY KOMMUNE

Rådmannen

Fosnavåg, den 16.01.89

Revidert 01.07.98

Sist revidert 10.11.2017



1 Situasjonsplan
1 : 500

Rev	Endring	Utført	Kontr.	Dato
Tegningsnummer				Prosjektnr.
Etasje				223
Fag				
Tegn.type				
Lopenr.				

- RIB : Prosjektbygg AS
PB 183, 6099 Fosnavåg
firmapost@pbygg.no
- ARK : Prosjektbygg AS
Postboks 183, 6099 Fosnavåg
roar@pbygg.no
- ARK 2 : IARK
Adresse E-post
- RIBr : RIBr
Adresse RIBr
- RIV : RIV
Adresse E-post
- RIE : RIE
Adresse E-post
- LARK : LARK
Adresse E-post

BIM koordinator
E-post
Prosjektbygg AS
Adresse Telefon

Prosjekt:
Sjøkanten Leinevika
Gnr 24 / Bnr 2,6,12


Tiltakshaver:
SJØKANTEN AS
6090 fosnavåg



Fase: FORPROSJEKT		Tegnet: RH	Kontrollert: -
Prosjekt nr: 223	Dato: 18.09.17	Målestokk:	Format: A3

Situasjonsplan

Tegningsnummer: (Etasje, Fag, Tegn.type, Lopenr.)			Rev.
100			



1 Section 2
1 : 200 Sett frå sjøen

Rev	Endring	Utført	Kontr.	Dato
Tegningsnummer				Prosjektnr.
				223
Etasje	Fag	Tegn.type	Løpenr.	

- RIB : Prosjektbygg AS
PB 183, 6099 Fosnavåg
firmapost@pbygg.no
- ARK : Prosjektbygg AS
Postboks 183, 6099 Fosnavåg
roar@pbygg.no
- ARK 2 : IARK
Adresse E-post
- RIBr : RIBr
Adresse RIBr
- RIV : RIV
Adresse E-post
- RIE : RIE
Adresse E-post
- LARK : LARK
Adresse E-post

BIM koordinator E-post
Prosjektbygg AS Adresse Telefon

Prosjekt: **Sjøkanten Leinevika**
Gnr 24 / Bnr 2,6,12

Tiltakshaver: **SJØKANTEN AS**
6090 fosnavåg



Fase: ARBEIDSTEGNING	Tegnet: Author	Kontrollert: Checker
Prosjekt nr: 223	Dato: 09/18/17	Målestokk: A3

Snitt sjøhus

Tegningsnummer: (Etasje, Fag, Tegn.type, Løpenr.)	Rev.
102	

Sjekkliste

for å vurdere risiko- og sårbarhet (ROS) for Reguleringsendring N3 Leinevika

Sjekklisten kan brukes til ei enkel (grov) kartlegging av risiko- og sårbarhet (ROS) i forbindelse med arealplanlegging, jf. plan- og bygningsloven § 3-1, h og § 4-3. Sett kryss i ”ja” eller ”nei”-kolonnen for alle spørsmålene i listen. I kommentarfeltet redegjøres kort for vurderinger og vurderingsgrunnlag (eventuelle nærmere undersøkelser, foreliggende overordnede farekart, skjønnsvurderinger etc.). Kommentarene kan benyttes som grunnlag for ROS-omtalen i selve planbeskrivelsen, mens selve sjekklisten og annen mer omfattende dokumentasjon kan følge plansaken som vedlegg. Listen er veiledende og ikke nødvendigvis uttømmende. Forslagsstiller har et selvstendig ansvar for at ROS-vurderingene omfatter alle planrelevante farer av betydning for samfunnssikkerhet og beredskap. Sjekklisten er utarbeidet av *Fylkesmannen i Nordland*, og oppdatert 5. mai 2014.

Problemstillinger		Vurdering		
		Ja	Nei	Kommentar
Naturgitte farer				
Skred	Er planområdet utsett for snø-, is-, jord-, steinskred eller fjellskred (se Skrednett)?		x	
	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold, dårlig byggegrunn), eks. kvikkleire (se NGU, kart og data)?		x	
	Har det tidligere gått skred i eller nær området, eks er det identifisert skredvifter i området?		x	
	Planlegges det tiltak nærmere bratt /masseførende bekk enn 20 meter?		x	
Flom	Er planområdet utsett for flom eller flomskred, også når en tar hensyn til økt nedbør som følge klimaendringer (se NVE Atlas)?		x	
	Problemer med overflatevann, avløpssystem, lukkede bekker, oversvømmelse i kjellere osv?		x	
Stormflo	Er området utsatt for stormflo, også når en tar hensyn til havnivåstigning som følge av klimaendringer?		x	Reguleringsendringa omhandler eksisterande byggeareal. Ny kai er tenkt etablert på kote + 2.5 NGO. Vert utført i materiale som toler sjø, jfr. Føresegner i k-plan.
	Er området utsatt for bølgepåvirkning eller oppstuvning av flomvann (elveutløp) i kombinasjon med stormflo?		x	
Vind og nedbør	Er området spesielt utsatt for sterk vind eller store nedbørsmengder eks. snø?		x	
Skog – og lyngbrann	Er området utsatt for tørke eller spesiell brannrisiko som følge av toglinje, veier, lynnedslag mm?		x	
Radon	Har kommunen rutiner for oppfølging av kravene om radonsperre i Tek10?		x	

Kritisk infrastruktur /samfunnsfunksjoner			
Samferdsel /transport	Vil uønskede hendelser på nærliggende transportnett, utgjøre en risiko for planområdet?		x
	- Vei, bru, tunnel?		
	- Sjø, vann, elv, havneanlegg?		
	- Jernbane?		
	- Flyplass?		
	Kan området bli isolert som følge av blokkert transportnett, eks som følge av naturhendelser?		x
	Er det transport av farlig gods i området?		x
	Er det kjente ulykkespunkter på transportnettet i området?		x
	Er det spesielle farer forbundet med bruk av transportnettet for gående, syklende og kjørende innen området?		x
	- Til skole og barnehage?		
	- Til nærmiljøanlegg, idrettsanlegg mv.?		
	- Til butikker og service?		
- Til busstopp?			
Vann- forsyning	Ligger tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevann eller drikkevannskilde?		x
	Vil planlagt tiltak /virksomhet kunne medføre behov for å styrke /sikre vannforsyningen i området?		x
	Er planlagte tiltak / virksomhet spesielt sårbar for svikt i vannforsyningen?		x
Avløp	Vil planlagt tiltak /virksomhet kunne medføre behov for å styrke avløpsnettet i området, eks overflatevann og tette flater?		x
	Er utslipp, avfallshåndtering, spillvann, renovasjon osv. ei problemstilling?		x
Kraftforsyning	Er planlagte tiltak /virksomhet spesielt sårbar for svikt i kraftforsyningen?		x
	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningssikkerheten i området?		x
	Er området påvirket av magnetfelt fra høyspentlinjer?		x
Ekonomi	Er planlagte tiltak /virksomhet spesielt sårbar for svikt i økonomi (telefon og internett)?		x
	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningssikkerheten i området?		x

Virksomheter som representerer spesiell fare			
	Medfører planen etablering av virksomhet (produksjon, lagring eller transport av farlige stoffer) som innebærer spesiell risiko?		x
	Vil uønskede hendelser hos risikovirksomheter utenfor planområdet (industriforetak, lager eller tankanlegg) utgjøre en risiko for planen?		x
	Fare for utslipp av farlige stoffer, kjemikalier, gasser eller væsker?		x
	Fare for brann og eksplosjon?		x
	Faller virksomheten innenfor storulykkesforskriften?		x
	Ligger planområdet innenfor en dambruddssone?		x
	Berøres planområdet av militært eller sivilt skytefelt?		x
Virksomheter med kritiske samfunnsfunksjoner			
	Medfører planen etablering av samfunns viktig virksomhet (helse- og omsorgsinstitusjon, skole, barnehage osv.) som er spesielt sårbar for bortfall av kritisk infrastruktur (samferdsel, vann og avløp, kraftforsyning, ekom mm)?		x
	Er planlagt virksomhet sårbar for andre forhold?		x
Farlige omgivelser			
	Er det regulerte vannmagasin med spesiell fare for usikker is i nærheten?		x
	Er det terrengformasjoner som utgjør spesiell fare (stup etc.)?		x
	Annet (spesifiser)?		
Er området påvirket eller forurenset som følge av tidligere bruk			
	Er området påvirket av tidligere virksomhet, eks forurenset grunn /sjøbunn /sediment?		x
	Industrivirksomhet som for eks. avfallsdeponering?		x
	Gruver: åpne sjakter, steintipper etc.?		x
	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringer etc.?		x
	Annet (spesifiser)?		x
Ulovlig virksomhet			
	Er tiltaket i seg selv et sabotasje-/terrormål?		x
	Finnes det potensielle sabotasje-/terrormål i nærheten?		x
Brann- og ulykkesberedskap			
	Har området tilstrekkelig slukkevannforsyning (mengde og trykk)?	x	
	Utrykningstid, spesielle brannobjekt i området?		x
	Har området tilstrekkelig adkomst for utrykningskjøretøy?	x	

Vurderinger i forhold til Naturmangfoldloven §§ 8-12

Plannavn:	Søknad om mindre endring av område N3 i Leinevika
Pland-id:	
Eiendom (gnr./bnr.):	Område N3 fiskerihavn i Leinevika
Saksnummer:	
Utfylt av:	Aleksander Zahl Tarberg (B. Tarberg AS)



NML § 3. (berøres naturmangfold)

Naturmangfold er i § 3 bokstav i) definert slik:

«naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning»

For veiledning; se veileder T-1514 (s. 12 - 13)

Vurdering:

Forslagsstiller må vurdere konkret hvorvidt beslutningen faktisk medfører at naturmangfoldet påvirkes, enten positivt eller negativt. Beslutninger som ikke endrer bruken eller medfører inngrep, og dermed ikke berører naturmangfold, skal ikke vurderes etter NML.

Det er gjennomført ei undersøkning i eksisterende kunnskapsgrunnlag og nasjonale databaser (Miljødirektoratet sin naturbase). Resultatet viser at naturmangfoldet ikke blir berørt av den omsøkte reguleringsendringen eller tiltaket som er planlagt gjennomført.

NML § 7. (prinsipper for offentlig beslutning)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

For veiledning; se veileder T-1514 (s. 12 - 21)

Vurdering:

Kommunen har ansvar for å sikre at krav i § 7 blir etterfulgt.

Paragraf 7 krever at vurderingene og vektlegging av §§ 8-12 framgår av vedtaket. Det er altså ikke nok bare å nevne i vedtaket at §§ 8-12 er vurdert og at man har vektlagt disse prinsippene. Dette gjelder også dersom kunnskapsgrunnlaget i saken tilsier at naturmangfoldet i liten grad berøres. Vedtaket skal synliggjøre hvordan prinsippene er vurdert og vektlagt.

NML § 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

For veiledning; se veileder T-1514 (s. 22-30)**Vurdering:**

Hvis Naturmangfold er berørt iht. § 7, har forslagsstiller ansvar for å redegjøre for kunnskapsgrunnlaget i reguleringsplanens planbeskrivelse.

Ta utgangspunkt i vedlagt sjekklister for å dokumentere at en har innhentet eksisterende og tilgjengelig kunnskap i et slikt omfang som saken krever. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Redegjør for hva relevante kilder forteller oss om naturmangfoldet som blir berørt av tiltaket...

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

For veiledning; se veileder T-1514 (s. 31-33)

Vurdering:

Forslagsstiller har ansvar for i reguleringsplanens planbeskrivelse å redegjøre for om:

- vi vet nok om landskap, økosystemer, naturtyper og arter, og om hvilke virkninger det aktuelle tiltaket kan ha for disse?
- er det sannsynlig at tiltaket vil medføre vesentlig - det vil si alvorlig eller irreversibel skade på landskap, økosystemer, naturtyper og arter?

Har man enten kommet til at vi ikke har tilstrekkelig kunnskap, eller at skade er sannsynlig, må kommunen gjennom sin beslutning ta sikte på å unngå at det skjer mulig vesentlig skade på naturmangfoldet.

Kommunen kan bidra med lokalkunnskap.

§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

Vurderingen av samlet belastning skal gjøres ut fra kunnskap om påvirkninger fra tidligere inngrep i det aktuelle området, konsekvenser av det omsøkte tiltaket, samt konsekvenser av mulige framtidige tiltak. Dersom det er nødvendig, skal ikke vurderingen av mulige framtidige tiltak begrenses til egen sektor.

For veiledning; se veileder T-1514 (s. 34-41)

Vurdering:

Forslagsstiller har ansvar for å gjøre en vurdering etter § 10 og redegjøre for dette i planbeskrivelsen. Ved en vurdering vil det være naturlig å spørre seg:

- Hvilke eksisterende tiltak eller bruk utgjør en påvirkning på landskap, økosystemer, naturtyper og arter?
- Hvilke framtidige tiltak og bruk i landskapet eller økosystemet som man har oversikt over kan utgjøre en påvirkning på naturtyper og arter?
- Hva vil den samlede belastningen (effekten) av planen eller tiltaket være, det vil si eksisterende tiltak og bruk, planforslaget og framtidige tiltak og bruk?
- Hva vet vi om situasjonen for det naturmangfoldet som berøres på kommunenivå, fylkesnivå og på landsbasis?
- Mangler vi kunnskap om virkningen (effekten) av planens samlede belastning for landskap, økosystemer, naturtyper og arter?

§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

For veiledning; se veileder T-1514 (s. 42)

Vurdering:

Kommunen har ansvar for å gjøre vurderinger etter § 11.

§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

For veiledning; se veileder T-1514 (s. 43-46)

Vurdering:

Kommunen har ansvar for å gjøre vurderinger etter § 12.

VEDLEGG 1

§ 8 Kunnskapsgrunnlag - Sjekkliste fra Veileder T-1514

Når man tar stilling til om § 8 er oppfylt, må man dokumentere at man har innhentet eksisterende og tilgjengelig kunnskap i et slikt omfang som saken krever, og man må gjøre rede for hva disse kildene forteller oss om naturmangfoldet som blir berørt av tiltaket.

Sentrale temaer	Kilder
Hvilke landskap, økosystemer, naturtyper eller arter berøres av planen?	Direktoratet for naturforvaltning (DN) WMS
Hvilke effekter vil planen ha på landskap, økosystemer, naturtyper og arter?	Miljøforhold og påvirkninger for rødlistearter, Artsdatabanken Forskningsrapporter
Hvordan er tilstanden for landskapet, økosystem og utviklingen i antall lokaliteter av naturtypene og bestandene på landsbasis og på stedet?	Naturindeks for Norge, DN
Foreligger det faglige rapporter og utredninger om naturmangfold i det aktuelle planområdet? Foreligger det erfaringsbasert kunnskap (fra lokalsamfunnet, kommuner og andre myndigheter) om det aktuelle planområdet?	Norsk Botanisk Forening Norsk Zoologisk Forening Norsk Ornitologisk Forening Lokale organisasjoner Universiteter, høyskoler, naturvitenskapelige muséer etc.
Vil planen påvirke truede og nær truede arter på Norsk rødliste for arter 2010?	Artsportalen hos Artsdatabanken Artskart hos Artsdatabanken
Vil planen påvirke truede og nær truede naturtyper på Norsk rødliste for naturtyper?	Naturtypebasen hos Artsdatabanken
Vil planen påvirke utvalgte naturtyper eller prioriterte arter?	Rødlista og artsportalen Naturtypebasen hos Artsdatabanken
Vil planen påvirke verneområder, nærområder til verneområder, marint beskyttede områder eller vernede vassdrag (jf. verneplan for vassdrag)?	WMS, DN
Vil planen påvirke tilstanden i sjø eller vannforekomster?	Vannmiljø Miljøstatus
Vil planen påvirke utvalgte kulturlandskap?	Naturbase, DN
Vil planen påvirke miljøregistreringer i skog?	Miljøregistrering i skog, Norsk institutt for skog og landskap
Vil planen påvirke inngrepsfrie naturområder (INON)?	INON i Norge, DN
Vil planen påvirke områder eller naturtyper som er spesielt verdifulle for naturmangfold?	Naturbase, DN
Er det kunnskapsmangel?	
Hva er det vi eventuelt mangler kunnskap om?	
Andre databaser som kan være aktuelle	Vann-nett Vannportalen, DN Vannmiljøsystemet, DN Miljøstatus i Norge, Klima- og forurensningsdirektoratet Rovdata, Norsk institutt for naturforskning

VEDLEGG 2

Eksempler på formuleringer i planbeskrivelsen

1. Hvis naturmangfold ikke blir berørt - Berøres naturmangfold § 7

For alle saker som berører naturmangfold følger det av naturmangfoldloven § 7 at prinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, og det skal fremgå av beslutningen hvordan disse prinsippene er vurdert og vektlagt i saken. (...) Hensikten med reguleringsplanforslaget er å øke utnyttelsesgraden og endre arealbruken i et eksisterende næringsområde som i dag består av bygninger og asfalt. Planforslaget legger derfor ikke til rette for inngrep som vil medføre at naturmangfold blir påvirket i positiv eller negativ retning.

Fordi naturmangfold ikke blir berørt av planforslaget og det ikke kan påvises effekter av tiltak på verdifull natur, legges det til grunn at det ikke er nødvendig å foreta vurderinger etter de andre miljøprinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12.


2. Hvis naturmangfold blir berørt - Kunnskapsgrunnlaget § 8

For alle saker som berører naturmangfold følger det av naturmangfoldloven § 7 at prinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, og det skal fremgå av beslutningen hvordan disse prinsippene er vurdert og vektlagt i saken. (...) Når det gjelder kravet til kunnskap om naturmangfold i naturmangfoldloven § 8, vises det til at planområdet i hovedsak omfatter en grusbane og noe trevegetasjon. Selv om planforslaget arealmessig i liten grad berører naturmangfold, er det likevel foretatt en utsjekk i Naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning og i Artsdatabankens artskart, jf. at tiltaket berører natur. Det framkommer at det ikke er registrert prioriterte arter, truede eller nær truede arter på Norsk rødliste for arter 2010, utvalgte naturtyper eller truede eller nær truede naturtyper på Norsk rødliste for naturtyper 2011 i planområdet. Det er heller ikke framkommet opplysninger i saken som skulle tyde på at det kan befinne seg arter eller naturtyper i planområdet som ikke er fanget opp av ovennevnte registreringer. Dermed er det heller ikke påvist mulige effekter av tiltaket på naturmangfold. Kravet i § 8 om at saken skal baseres på eksisterende og tilgjengelig kunnskap, er dermed oppfylt. I og med at naturmangfold i liten grad berøres av planforslaget og det ikke kan påvises effekter av tiltak på verdifull natur, legges det til grunn at det ikke er nødvendig å foreta vurderinger etter de andre miljøprinsippene i naturmangfoldloven §§ 9-12.


3. Hvis naturmangfold blir berørt - Førre -var-prinsippet § 9


Fylkesmannen opplyser at det er kystlynghei i området. Kystlynghei er i Norsk rødliste for naturtyper 2011 kategorisert som truet. Naturbasen og Artskart viser at det ikke er registrert andre spesielt verdifulle naturtyper eller truede arter i det aktuelle området. Kravet til kunnskapsgrunnlaget er dermed oppfylt, jf. Naturmangfoldloven § 8. Området er imidlertid dårlig kartlagt, og det er departementets vurdering at kunnskapsgrunnlaget ikke er tilstrekkelig. Det betyr at førre-var-prinsippet i § 9 i naturmangfoldloven kommer inn. Målet med førre-var-prinsippet er å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Bortsett fra kystlynghei er det ikke grunn til å anta at det vil være noen annen truet naturtype eller truede arter i det aktuelle området. Førre-var-prinsippet tillegges derfor mindre vekt i denne saken.











Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2014/604
		Arkiv:	K54

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
188/17	Formannskapet	21.11.2017
	Kommunestyret	30.11.2017

ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51948: MYRABEKKEN FLAUMSIKRING

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr 499.858,- kr.
2. Meirforbruk på 119.858,- kr vert dekkja inn ved låneopptak / bruk av lån.

Særutskrift:
- Økonomi

Bakgrunn:

Prosjektet er ferdigstilt, denne saka gjeld økonomisk avslutning.

Saksopplysningar:

I K-sak 106/16 vart følgjande vedtatt:

1. Herøy kommunestyre vedtek å dekke 20 % distriktsdel i høve omlegging og reparasjon av Myrabekken på Moltustranda. Kostnaden med tiltaket er 380.000 kroner eks. mva og vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.
2. Ordfører får fullmakt til å underskrive oppdatert skjema for kommunevedtak på vegne av kommunen.

Med bakgrunn i vedtaket starta Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) på arbeidet oktober 2016. Arbeidet var ferdigstilt i månadsskiftet februar/mars 2017, og det blei halde overtakingsforretning 14.03.2017. Økonomisk avslutning har måtta venta til no, grunna behov for reasfaltering i samband med ei vegavgraving. Asfalteringa blei utført i september 2017.

Som orientert i referatsak 25/17 i kommunestyremøte 21.06.2017 er det meirforbruk i prosjektet. NVE sitt forbruk enda opp på 2.391.139,- kr, mot budsjetterte 1.900.000,- kr. Kommunen skal betale 20 % distriktsdel, dvs. 478.239,- kr.

Overforbruket skyldast følgjande (sitat frå NVE):

"Levering av lausmasser: ca 200.000,- i overforbruk. Graving og masseflytting: ca 250.000,- i overforbruk. Grunnen til dette er at vi ikkje fann eigna masser i grunnen til å legge i botnen på kanalen. Her var det berre leirmasser slik at vi måtte køyre til pukk i staden for å få bruke stadlege massar. Masseflyttinga har samanheng med vasskummane som låg i den opprinnelege traseen. Det medførte at vi måtte gå rundt kummane, og fekk litt lite fall bortetter kanalen. Måtte derfor legge den litt djupare i terrenget."

Finansiering (alle tal er ex mva):

Løyving K-sak 106/16	380.000,-
----------------------	-----------

Rekneskap (alle tal er ex mva):

Distriktsdel til NVE	478.239,-
Byggesaksgebyr	4.899,-
Asfaltering	16.720,-
TOTALT FORBRUK	499.858,-

RESULTAT: MEIRFORBRUK PÅ 119.858,- KR.

Vurdering og konklusjon:

Arbeidet er utført, og ein har eit meirforbruk i høve budsjettert. Prosjektet kan avsluttast og rådmann tilrår at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre ovanfor.

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr 499.858,- kr.
2. Meirforbruk på 119.858,- kr vert dekkja inn ved låneopptak / bruk av lån.

Konsekvensar for folkehelse:

Det ligg høg samfunnsnytte i avskjæringskanalen, særskilt i flaumsituasjonar, men også i normalsituasjon (mindre overvatn ned i bustadområda). Resultatet er at fara for overfløymingar er betydeleg redusert.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen nemneverdige konsekvensar.

Konsekvensar for drift:


Prosjektet vil få ein konsekvens for drifta då det gir infrastruktur til drift og vedlikehald. Dette er vanskeleg å talfeste nøyaktig i kroner.

Fosnavåg, 12.10.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2015/843
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet Kommunestyret	

DETLAJREGULERINGSPLAN FOR GJERTNESMARKA - KLAGEHANDSAMING.

Tilråding:

Kommunestyret i Herøy tek merknaden frå Møre og Romsdal fylkeskommune til følgje og godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 reviderte reguleringsføresegner for Gjertnesmarka datert 30.10.2017.

Kommunestyret kan ikkje sjå at innkomen klage frå Advokat Hove & Co inneheld nye moment i høve til det som låg føre då detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka vart vedteken i møte 06.04.2017, K-sak 39/17.

Klagen frå Advokat Hove & Co vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 39/17. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:

Tomteservice AS v/Lauritz Holsvik
Norhus Ørsta AS
proESS AS v/Sindre Øen
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Advokat Hove & Co
Oddbjørn Roseth
Gunnar Roseth
Dagfinn Roseth

Indre hovdevegen 64 6160 HOVDEBYGDA
Indre hovdevegen 64 6160 HOVDEBYGDA
Lerstadvegen 540 6080 Ålesund

Kongensgt. 24. 6002 Ålesund
Asalvegen 8 6153 Ørsta
Gjertnesvegen 16 6092 Fosnavåg
Jomarka 103 6012 Ålesund

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Kommunestyret i Herøy vedtok *detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka* i møte 06.04.2017, K-sak 39/17. Planen vart påklaga av naboar og Fylkeskommunen har sendt merknad til planvedtaket. Saka vert no fremja for klagehandsaming.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Herøy vedtok i møte 06.04.2017, K-sak 39/17, detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka med tilhøyrande reguleringsføresegner. Melding om vedtak vart sendt til offentlege høyringsinstansar, grunneigarar og naboar, og kunngjort i avis 21.04.2017.

Innan klagefristen vart det sett fram ei klage datert 09.05.2017 frå Hove & Co Advokater på vegne av eigarane av gnr. 23 bnr. 1 Oddbjørn Roseth, Gunnar Roseth, Dagfinn Roseth og Elise Roseth Vian.

Møre og Romsdal fylkeskommune sendte «merknad til vedtak» 26.04.2017 vedr. forhold til automatisk freda kulturminne.

Informasjon kring planprosessen

proESS AS søkte, på vegne av Tomteservice AS, om oppstart av reguleringsplanarbeid for eit avgrensa område på Gjertneset gnr 23 bnr 48 m.fl. Området er i kommuneplanens arealdel avsett til framtidig bustadområde med krav om reguleringsplan før utbygging.

Arealet er avgrensa av Gjertnesvegen i sør, Mjølstadnesvegen i aust og nord og eit etablert bustadområde på Gjertneset i vest. Plangrensa mot vest er avgrensa av eit terrengdrag som utgjer eit naturleg skilje mellom ubebygd og bebygd areal. Samla areal for planområdet er 28 daa.

Saksnr.	Dato	Tema
	09.06.2015	Oppstartsmøte med grunneigar og konsulent
F-sak 132/15	07.07.2015	Vedtak om oppstart i Formannskapet
	09.07.2015	Varsel om oppstart av planarbeid
F-sak 76/16	19.04.2016	Formannskap gjer vedtak om offentleg ettersyn
	28.04.2016	28.04.2016-08.06.2016 Offentleg ettersyn
	30.06.2016	Planforslag returnert til konsulent for endringar etter offentleg ettersyn
	14.03.2017	Planforslag motteke for slutthandsaming
K-sak 39/17	06.04.2017	Kommunestyret godkjenner detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka
	21.04.2017	Utsendt varsel om godkjent plan med kunngjering i avis og på nett
	21.04.2017	Godkjent detaljreguleringsplan var kunngjort i avis, på nett og ved brev til grunneigarar, naboar og andre interesserte.
	09.05.2017	Planen vart påklaga av naboar/grunneigarar
	26.04.2017	Møre og Romsdal fylkeskommune sendte merknad til vedtak

Merknadar ved offentleg ettersyn(utdrag frå saksframlegg til slutthandsaming):

Advokatene Aarsæther, Hove og Tynes datert 25.05.2016:

Eierne av gnr. 23 bnr.1 aksepterer ikke ytterligere utvidelse av vegen innover bnr.1... Samsvarende bes om at reguleringsplangrensen korrigeres til å stemme overens med faktiske grenseløp mellom bnr. 1 og veien slik den er opparbeidet i dag.

Vurdering: Der er sendt brev 23.06.2016 der kommunen ber om ei kartfesting av konfliktområde då dette ikkje går klart fram av merknaden. Merknad vert vidare ikkje teke til fylgje. Sørleg plangrense som inkluderer regulert vegareal er i tråd med gjeldande krav til regulert vegbreidde. Dette er også ei stadfesting av eksisterande kommunal veg.

Oppsummering av innlevert klage datert 09.05.2017 frå advokat Hove & Co:

Det vises til Herøy kommunes vedtak 06. april 2017 i K-sak 39/17.

Reguleringsplanvedtaket påklages herved til endring. Som grunnlag/ anførsler/ innsigelser i klagen vises til mitt brev stilet Herøy kommune 25. mai 2016.

Anførslene nedfelte ved brevet gjøres herved til del av klagen.

Reguleringsplanformålet er å legge til rette for boligutbygging innenfor naboeiendommen gnr. 23 bnr. 48. Det blir da galt — uten rimelighet — å reguleringsplanlegge utvidelse av Gjertnesvegen ensidig på mine parters eiendom til fordel for «gule arealer» (bolig) på tiltakshavereiendommen.

Samsvarende bes reguleringsplangrensen og reguleringsplanløsningen endret slik at all utvidelse av aktuell veg gjøres innen bnr. 48.

I motsatt fall legges til grunn som akseptert at grunnerverv til utvidelse av Gjertnesvegen i tråd med vedtatt reguleringsplan, skal erstattes etter boligtomtegrunnverdi. Kvadratmeter for kvadratmeter.

§ 33. Det minnes om at kommunens selv kan ta klagen til følge.

Vurdering:

Klage datert 09.05.2017 frå advokat Hove & Co

Klagen frå Advokat Hove & Co er levert innanfor lovbestemt frist og advokatfirma representerer grunneigar og nabo som er part i saka. Vilråra for å handsame saka som klage er såleis oppfylt.

Detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka er utarbeidd i samsvar med dei krava som kommunen og regionale instansar har spelt inn. Klager har påpeika at vegen vert regulert «ensidig» på klager sin eigedom. Etter gjennomgang i saka kan ikkje kommunen sjå at dette er tilfelle. Som vist på figur 1 og 2 er senterlinje på eksisterande veg merka med grøn strek. Vi ser då at vegen er utvida på begge sider av denne streken. Påstanden frå Advokat Hove & Co om at vegen vert utvida «ensidig på mine parters eiedom» er såleis feil.

Som det går fram av vurderinga til kommunen ved slutthandsaming har også kommunen etterspurt dokumentasjon ved brev 23.06.2016 med kartfesting av konfliktområdet. Dette har ikkje Advokat Hove & Co respondert på.

Kommunen er registreringsmynde for eigedomsregisteret og ansvaret for at grenser i kommunens database er korrekt ligg på grunneigar. Dersom grunneigar meiner

grensene i kartet er feil må det rekvirerast oppmålingsforretning på vanleg måte slik at grensene vert fastlagde.

Kommunen viser vidare til brev frå Møre og Romsdal vegkontor 24. april 1981 der den aktuelle vegstrekninga er omtala. Her står følgjande:

Som ein vil sjå skulle vegen vere 4 alner brei med møteplassar. Hertil kom grunn til grøfter, som kunne vere frå 1 til 2 alner breie etter som terrenget var (fast grunn eller myrlendt).

Grøftene høyrde til vegen sitt eigedomsområde.

Vegvesenet hadde og bruksrett til 1 alen breidde utafor ytste grøftkant til opplegging av grøftereinsk som ikkje kunne nyttast til vegfyll.

I dagens måleining er 1 alen 63 cm. Vegbreidda på den tida var då på 2,52 m. Om vi tek utgangspunkt i berre grøfter vil 1 alen grøft på kvar side av vegen utgjere totalt 1,26 m. Total vegbreidde inkl. grøfteareal vert då på 3,78 m.

Med tida har det naturleg nok vore behov for breiddeutviding av vegen for drift og vedlikehald med større og tyngre køyretøy. Vegbreidda er i dag om lag 3,5 m + grøfter.

Kommunen har gjennom reguleringsprosessen stilt krav om at vegen må regulerast etter dagens krav og dette har ført til at vegen, slik den er godkjent i reguleringsplanen, er 5 m brei. Dette er altså ei regulert utviding med 1,5 m frå dagens breidde.

Kommunen ser det som heilt naturleg at gjennom ein reguleringsprosess så skal alle offentlege vegar, enten dei er utbygde etter dagens standard eller eldre standard, regulerast med dei krava som er i dag. I forhold til nest siste avsnitt i klagen om grunnerverv vil dette først vere aktuelt i etterkant av planarbeidet og etter at grensene til gnr. 23 bnr. 1 er oppmålte. Først då vil kommunen kunne starte ein dialog om grunnerverv.



Figur 1 Reguleringsplan på ortofoto med grøn midtlinje på eksisterande veg



Figur 2 Reguleringsplan på ortofoto med grøn midtlinje på eksisterande veg

Kommunen viser til at slik grensene framgår av plankartet vert vegen utvida om lag like mykje på kvar side av vegen. Dette er eit logisk tilnærming til saka og ikkje urimeleg slik det kan framstå i klagen.

Etter rådmannen si vurdering er det ikkje kome fram nye moment i klagen frå Advokat Hove & Co som ville ført til eit anna vedtak hadde det vore kjent på godkjenningstidspunktet.

Rådmannen rår derfor til at klagen ikkje vert teken til fylgje.

Oppsummering av merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 26.04.2017:

Før Møre og Romsdal fylkeskommune kan godkjenne reguleringsplanen for Gjertnesmarka, må følgjande tekst takast inn i reguleringsføresegnene:

"Før iverksetjing av byggetiltak heimla i planen, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet id 220692 som er merka som område for føresegn #1, #2 (osv.) i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett.

Den delen av kulturminnet id 145527 som er merka som område for føresegn #2 i plankartet kan bli fjerna utan vilkår."

Vurdering:

Merknad datert 26.04.2017 frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Merknaden frå Møre og Romsdal fylkeskommune vart levert innanfor lovbestemt frist for klage. Fylkeskommunen er regional høyringsinstans og har mynde til å fremje motsegn og klage dersom ein plan går på tvers av deira ansvarsområde, i dette

tilfellet, arkeologiske kulturminne. Fylkeskommunen er såleis å rekne som part i saka og vilkåra for å handsame merknaden er oppfylt.

Møre og Romsdal fylkeskommune krev ei endring i føresegn knytt til dei kulturminna som ligg i planforslaget. Endringa er ei formalsak og tiltakshavar ynskjer at dette vert teke inn slik at dei kan gå vidare med sine planar.

Endringar er eit tillegg i § 7 og to tillegg i § 8:

§ 7 – Omsynsone

Den delen av kulturminnet id 145527 som er merka som område for føresegn #2 i plankartet kan bli fjerna utan vilkår.

§ 8 - rekkjefølgjekrav

Før iverksetjing av byggetiltak heimla i planen, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet id 220692 som er merka som område for føresegn #1, #2 (osv.) i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett.

Rådmannen rår til at Kommunestyret godkjenner reviderte føresegner datert 30.10.2017 som ligg vedlagt saka.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at merknaden frå Møre og Romsdal fylkeskommune vert teke til følgje og at Kommunestyret godkjenner endringa i føresegna slik det ligg føre.

Med visning til ovanforståande vurderingar rår Rådmannen til at klagen frå Advokat Hove & Co ikkje vert teken til fylgje. Etter rådmannen si vurdering er det ikkje kome fram nye moment i klagen som ville endra vedtaket om det var kjent på godkjenningstidspunktet.

Jamfør plan- og bygningslova, § 3-2, er det kommunestyret som er øvste plan- og arealbruksmynde i kommunen. Det er kommunestyret som på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering avgjer kva areal som skal regulerast og kva areala skal regulerast til.

Fosnavåg, 02.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		52724/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Arve Nytun, 71 28 03 25	26.04.2017

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Gjertnesmarka gbnr 23/3 - Merknad til vedtak

Viser til eigengodkjenning og vedtak til reguleringsplan for Gjertnesmarka gbnr 23/3 datert 10.04.2017. Som fylkeskommunen tidligare har vist til i våre fråsegner, vil planforslaget ikkje kunne eigengodkjennast før forholdet til eventuelle automatisk freda kulturminne er avklara. Fylkeskommunen har i samråd med planfirmaet proESS hatt god dialog knytt til sakshandsaminga, og sagt seg villig til å fremje dispensasjon til Riksantikvaren for lokalitet ID 220692 og 145527. Lokalitet 220693 skal leggest til vern. Før vi kunne fremje dispensasjonssøknad for Riksantikvaren måtte det før nyttår gjerast mindre endringar på plankartet og i føresegner, samt at rapporten for registreringa måtte ferdigstillast. Reguleringsplanen har då blitt vedteken i kommunen, før denne endelige avklaringa frå Riksantikvaren var på plass. Saka har blitt avklara gjennom telefonsamtale med planfirma og fått bekrefta at utsettinga ikkje vil medføre særlige ulemper. Fremjing av dispensasjon vil bli sendt frå fylkeskommunen snarast. Vedtaket vil kunne godkjennast *med vilkår om at dispensasjonssøknaden til Riksantikvaren vert innvilga.*

Med helsing

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator

Arve Nytun
Arkeolog/rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
ProESS AS



Møre og Romsdal
fylkeskommune

ProESS AS
Lerstadvegen 540
6018 ÅLESUND

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		84935/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Arve Nytun, 71 28 03 25	15.08.2017

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. jf. Kulturminneloven §8 fjerde ledd - reguleringsplan for Gjertnesmarka - Herøy kommune

Vi viser til forslag til reguleringsplan for Gjertnesmarka og vår søknad om dispensasjon frå kulturminneloven i brev til Riksantikvaren av 24.04.2017

I brev av 02.06.2017 har Riksantikvaren gjeve løyve til dispensasjon under føresetnad av at det først vert gjennomført ei arkeologisk gransking av kulturminnet id 220692 som vert råka før tiltak etter planen vert realisert, jf. vedlagt kart stempla Riksantikvaren og datert 02.06.2017. I samsvar med kulturminneloven § 10 skal kostnadene ved den arkeologiske undersøkinga dekkjast av tiltakshavar. I brevet vert det også gitt dispensasjon for den delen av kulturminne id 145527 som er merka som område for føresegn #2 i plankartet, utan vilkår om utgraving.

Vedtak om omfang av den arkeologiske undersøkinga, med endelige kostnader og avgrensing av granskingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endelig vedtatt. Riksantikvaren gjer merksam på at arkeologiske undersøkingar normalt berre lar seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar i sin vidare planlegging må ta omsyn til dette. Tiltakshavar må varsle Møre og Romsdal fylke i god tid før ein ønskjer å realisere tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter fatte vedtak om omfang av den arkeologiske undersøkinga. Dette vedtaket vil kunne påklagast i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

Bergen museum har utarbeida forslag til budsjett for ei arkeologisk undersøking av dei aktuelle busetnadsspora, id 220692 Ei slik gransking er i følgje forslaget rekna å koste inntil kr 755 000,- (2017-kroner og satsar).

Før Møre og Romsdal fylkeskommune kan godkjenne reguleringsplanen for Gjertnesmarka, må følgjande tekst takast inn i reguleringsføresegnene:

"Før iverksetjing av byggetiltak heimla i planen, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet id 220692 som er merka som område for føresegn #1, #2 (osv.) i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett.

Den delen av kulturminnet id 145527 som er merka som område for føresegn #2 i plankartet kan bli fjerna utan vilkår."

Vi ber også om, slik Riksantikvaren tilrår, at område med automatisk freda kulturminne vert vist på plankartet, eventuelt på eige kartvedlegg.

Med helsing

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator

Arve Nytun
Arkeolog/rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Maria Skylstad Lerstadvegen 540 6018 ÅLESUND
Herøy kommune Postboks 274 6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER

DETALJREGULERING FOR GJERTNESMARKA, GNR. 23 BNR. 48

§ 1 – Generelt

1.1 - Rekkevidde:

Denne reguleringsføresegna gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastsett.

1.2 - Andre lover og vedtekter:

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova (PBL) og gjeldande vedtekter for Herøy kommune.

1.3 - Unntak:

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtaler som er i strid med plan. Unntak frå plan og reguleringsføresegner kan, der særlege grunnar taler for det, tillast av administrasjonen i Herøy kommune.

§ 2 – Reguleringsformål

Areala innanfor plangrensa er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12-5, nr. 1)

- Bustadar - frittliggjande småhus (BBF)
- Bustadar - konsentrerte småhus (BBK)
- Leikeplass, felles (f_BUL)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg, offentleg (o_V)
- Køyreveg, felles (f_V)
- Gang-/sykkelveg, felles, kjørbar
- Annan veggrunn – teknisk anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

- Turveg (f_GT)

HERØY KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER

Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)
- Støysone (H210, H220)

Sone med angitte særlege omsyn (PBL. § 11-8 c, jf. § 12-6)

- Bevaring kulturmiljø (H570)

Sone med angitte særlege omsyn (PBL. § 11-8 d, jf. § 12-6)

- Bandleggingssone etter lov om kulturminne (H730)

§ 3 – Fellesbestemmelsar

3.1 – Plassering:

Bygningar skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene som vist på tilhøyrande plankart. Tillate bygd areal BYA (grad av utnytting) skal definerast etter gjeldande teknisk forskrift (TEK). Gesims og mønehøgde skal reknast i forhold til gjennomsnittleg terreng.

3.2 – Estetikk, form og utsjånad:

Ved søknad om løyve til tiltak skal bygningar innanfor same området ha ei heilskapleg og harmonisk utforming med tanke på utsjånad.

Plass til evt. garasje eller carport skal visast på situasjonsplanen ved søknad om tiltak, sjølv om disse skal byggast seinare. Garasjar og carportar skal vere tilpassa hovudhusa med tanke på estetikk, form og utsjånad.

3.3 – Terrengtilpassing og utomhusplan:

Den ikkje utbygde delen av tomta skal fortrinnsvis vere ferdigstilt samstundes med bustadhuset. Uteareal skal utformast på ein tiltalende måte i høve omkringliggjande terreng. Det skal leggast vekt på å unngå skjemmaende skjeringar eller fyllingar på den einskilde tomt.

Skjeringar / fyllingar som følgje av utgraving eller planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Unntaksvis gjeld ikkje dette for areal som er avsett til opphald / leik, som skal opparbeidast med lågtveksande vegetasjon, t.d plen eller liknande. Det skal leggast vekt på å skape gode uteareal til bustadhusa innanfor den einskilde tomt. Areala skal kunne nyttast til leik og opphald for barn og unge.

Der det er behov for støttemurar mot nabotomt eller veg skal desse førast opp med gode estetiske kvalitetar.

3.4 – Gjerde, hekk og liknande mot offentleg veg:

Terreng, gjerder, hekkar og liknande i formålslinja mot offentleg veg skal ikkje vere høgare enn 1.0 m over vegnivå og 0.5 m ved kryss eller avkryrsle.

3.5 – Tekniske anlegg:

Innanfor byggjeområda kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Frittståande bygg skal tilpassast staden og eksisterande bygningar i høve form, utsjånad og fargeval.

HERØY KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER

3.6 – Drenering:

Innanfor kvar tomt må utbyggar sørge for naudsynt drenering av overflatevatn og grunnvatn, og føre dette til godkjent resipient etter gjeldande forureiningsforskrifter.

Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggjeområda.

3.7 – Leikeareal:

Bustadområda som inngår i plan skal nytte seg av felles leikeareal som er vist på plankartet. Leikeareal skal opparbeidast på born- og unge sine premissar, der leik for born i alderen 0-6 år skal prioriterast.

3.8 – Universell utforming uteareal:

Planlegging og utbygging skal, så langt det let seg gjere, basere seg på prinsippet om universell utforming / tilgjengelegheit for alle.

3.9 – Automatisk freda kulturminne:

Dersom ein under arbeid i området kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stogge arbeidet og kontakte kulturavdelinga i Møre og Romsdal Fylkeskommune, jfr. kulturminnelova § 8, andre ledd.

3.10 – Kommunaltekniske anlegg

Offentleg VA, trafikkområder og vegareal skal opparbeidast i høve kommunal standard. Innanfor byggjeområda kan det setjast opp mindre naudsynte bygningar til trafoar, VA-anlegg og andre kommunaltekniske bygg. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

3.11 – Parkering:

Talet på parkeringsplassar skal stette krava som er sett i Herøy kommune sine parkeringsvedtekter. For planområdet gjeld 1,5 stk parkeringsplassar for BBK-areala og 2 stk parkeringsplassar for BBF-areala. Dersom ein i BFF etablerer felles parkeringsplassar/garasje_carport-anlegg, gjeld 1,5 parkeringsplassar pr. bueining. Parkeringsbehovet er føreset sett dekt på eige areal, jf. kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i PBL.

3.12 – Tomtedeling:

Plankartet viser ikkje regulerte tomtegrenser. Tomtedeling skal skje utan søknad om dispensasjon. Ved 1. byggesak i kvart felt skal det leverast ein illustrasjonsplan som viser korleis ein tenker seg resten av delfeltet utbygd.

3.13 – Regulert byggegrense langs fylkesvegen:

Regulert byggegrense langs fylkesvegen er plassert i formålsgrænse mellom annan veggrunn og byggjeområda BBK1 og BBK2.

3.14 - Bestemmelsesområde RpBo #1 og RpBo #2: Tiltak i henhold til planen er tillatt.

Kulturminnet er allerede undersøkt, og det er ikke stilt ytterligere vilkår forbundet med dispensasjonen.

HERØY KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 4 - Bebyggelse og anlegg (PBL. §12-5, nr. 1)

4.1 – Frittliggjande småhus (BBF):

Innanfor områda BBF1, BBF2, BBF3 og BBF4, kan det først opp frittliggjande småhus med opp til 2 (to) bueiningar. Grad av utnytting skal ikkje overstige maks % BYA = 35.

BBF1 og BBF2: Bygningar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 6,5 m og mønehøgde ikkje over 8,5 m. For arker, takopplett og hus med takform utan møne er tillaten gesimshøgde 8,0 meter.

BBF3 og BBF4: Bygningar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 7,5 m og mønehøgde ikkje over 9,0 m. For arker, takopplett og hus med takform utan møne er tillaten gesimshøgde 8,5 meter.

Evt. garasjar/carportar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3 meter og mønehøgde ikkje over 4,5 meter. Grunnflata skal ikkje overstige 50 m².

4.2 – Konsentrert småhusbebyggelse (BBK):

Innanfor områda BBK1 og BBK2 kan det først opp konsentrerte småhus med opp til 4 (fire) bueiningar. Grad av utnytting skal ikkje overstige maks % BYA = 50.

BBK1: Bygningar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 6,5 m og mønehøgde ikkje over 8,5 m. For arker, takopplett og hus med takform utan møne er tillaten gesimshøgde 8,0 meter.

BBK2: Bygningar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 7,5 m og mønehøgde ikkje over 9,5 m. For arker, takopplett og hus med takform utan møne er tillaten gesimshøgde 9,0 meter.

Evt. garasjar/carportar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3 meter og mønehøgde ikkje over 4,5 meter.

4.3 – Leikeplass, felles (f_BUL):

Leikeareala f_BUL1, f_BUL2, f_BUL3, f_BUL4 og f_BUL5 er felles for heile planområdet.

f_BUL1, f_BUL2 og f_BUL3 skal etablerast som kvartalsleikeplass. f_BUL 4 og f_BUL5 skal etablerast som nærleikeplass. Innanfor f_BUL1 skal det etablerast ein nærleikeplass på eit avgrensa areal. Nærleikeplassane skal minimum opparbeidast med sandkasse, benk og eit leikeapparat.

Leikeareala skal opparbeidast innanfor formålsområdet som vist på plankartet. Områda skal kunne fungere som ein felles sosial møteplass for heile planområdet. Det vert tillate med tilplantning, murar, belysning, leikeapparat, benker, gangstiar, vassarrangement, sitjeplassar og andre parkmessige installasjonar.

Leikeareala skal primært utformast på born- og unge sine premissar. Leikeplassane skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring. Areala skal opparbeidast i samsvar med forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr frå Barne- og Familiedepartementet.

På nærleikeplassane skal lek for born i alderen 0-6 år prioriterast.

HERØY KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 5 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. §12-5, nr. 2)

5.1 - Køyreveg, offentlig (o_V):

Offentleg veg skal opparbeidast innanfor formålsgrensene.

Vegen skal opparbeidast i kommunal standard innanfor formålsgrensene som er vist på plankartet. Det er tillate å leggje ned naudsynt anna infrastruktur, t.d røyr og kablar, innanfor området som er avsett til offentlig veg etter nærare avtale med kommunen. Det vert tillate å føre opp gatelys langs offentlege vegareal.

I tillegg til regulert vegareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggst på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. kap.16.

5.2 - Køyreveg, felles (f_V):

Felles veg skal opparbeidast innanfor formålsgrensene.

Vegane skal opparbeidast i kommunal standard innanfor formålsgrensene som er vist på plankartet. Det er tillate å leggje ned naudsynt anna infrastruktur, t.d røyr og kablar.

I tillegg til regulert vegareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggst på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. kap.16.

5.3 – Gang-/sykkelveg, felles, kjørbar:

Vegarealet skal opparbeidast innanfor formålsgrensene. Det er tillate å leggje ned naudsynt anna infrastruktur, t.d røyr og kablar. I tillegg til regulert vegareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggst på tomtegrunn/tilstøytande naboareal jf. pbl. kap.16. Det skal tillatast køyring kun i samband med utrykning, avfallshenting og snømåking, og dette skal informerast om ved skilting.

5.4 – Annan veggrunn – tekniske anlegg:

Innanfor områda vert tillate å oppføre støttemurar, grøfter og liknande i tilknytning til vegareala. Det vert tillate å føre opp gatelys og nedlegging av naudsynte leidningar for tekniske anlegg innanfor formålsgrensa til desse areala.

5.5 – Annan veggrunn – grøntareal:

Innanfor området vert det tillate å opparbeide vegskråning, grøfter og støttemurar i tilknytning til vegareal og området som er regulert til sti. Det vert tillate å føre opp gatelys og nedlegging av naudsynte leidningar for tekniske anlegg innanfor formålsgrensa til desse areala.

§ 6 – Grønnstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

6.1 - Turveg (f_GT):

Arealet f_GT1 skal nyttast til etablering av felles turveg som gangforbindelse til gangareal ved fylkesvegen (Mjølstadnesvegen). Turvegen skal etablerast i 2 m bredde.

Arealet f_GT2 skal nyttast til etablering av felles turveg som gangforbindelse internt i område og for enkel tilkomst til leikeareala for alle bebuarane innafor planområdet.

Arealet f_GT3 skal nyttast til etablering av felles turveg som gangforbindelse til Gjertnesvegen.

I tillegg til regulert areal til turveg kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggst på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. kap.16.

HERØY KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 7 - Omsynssoner

7.1 - Frisikt:

Innanfor frisiktsonene skal det vere fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensande vegnivå. Vegetasjon, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikten er ikkje tillate. Trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsonene, dersom dei ikkje er til hinder for fri sikt. Parkeringsplassar kan ikkje etablerast i frisiktsonene. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar blir fjerna.

7.2 - Støysone:

For bygningar gjelder miljøverndepartementets føresegner om utandørs støynivå på maks. L_{DEN} 55 dB. Bygningar og uteopphaldsareal som er berørt av støysone skal sikrast i tråd med støyveglear T-1442. Avbøtande tiltak skal dokumenterast i støyfagleg utredning seinast ved byggesøknad.

7.3 - Kulturminne

Omsynssone H-730_1 (Askeladden ID 220693) er bandlagt etter kulturminneloven. I området finnes forhistoriske busettings- og dyrkingsspor. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er egna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på anna måte utilbørlig skjemme de automatisk freda kulturminna, eller framkalle fare for at dette kan skje.

Omsynssone H-570_1 (Bevaring kulturmiljø):

Område avsett av omsyn til bevaring av automatisk freda kulturminne. Det skal ikkje utførast nokon form for tiltak i området. Opphavleg vegetasjon skal takast vare på. Arealet kan nyttast til fri leik. Området skal gjerdast inn i anleggsperioden på en slik måte at anleggsmaskiner og masse ikkje kan komme i kontakt med området. Gjerdet skal plasserast 1 meter innanfor omsynssonas avgrensning mot veg og i grense mot byggeareal.

Øvrig areal innanfor planen med omsynssone H-730 og H-570 er på reguleringstidspunktet i bruk som vegareal eller kantareal til veg, og det er derfor ikkje stilt krav om særlege begrensninger i forhold til bruk. Areala kan brukast slik dei er regulert.

Den delen av kulturminnet id 145527 som er merka som område for føresegn #2 i plankartet kan bli fjerna utan vilkår.

§ 8 – Rekkjefølgjekrav

8.1 - Infrastruktur:

Det kan ikkje gjevast bruksløyve for nye bustader i områda før offentlig veg og tilkomstvegar til dei enkelte delområda er opparbeidd i høve denne detaljreguleringa.

8.2 - Felles leikeplassar:

Dei felles private leikeplassane skal vere ferdig opparbeida og ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest til nye bustader som soknar til den aktuelle nærleikeplassen.

8.3 – Støy:

Støyskjerm skal byggjast samtidig med utbygging av delområda BBK og dersom tiltaket elles ligg i støyutsett område. Støyskjermen skal etablerast med ein 2,4 meter høg skjerm plassert på eksisteranse støyvoll, jf. støyberegning frå Asplan Viak med oppdragsnr. 610903-01.

HERØY KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER

Naudsynt dokumentasjon som viser at støykrava i NS8175 er følgd skal ligge føre ved søknad om tiltak.

8.4 – Tinglyst avtale:

Før etablering av støyskjerm skal det etablerast og tinglystast avtale mellom Statens vegvesen og utbygger som hefte på tomtene/eigedomane BBK1 og BBK2. Avtalen skal sikre forhold vedr. bruk, tekniske forhold, vedlikehold og fjerning.

8.5 – Sikring av kulturminne:

Det skal ikkje gis løyve til igangsetting for bygging av vegareal innanfor formålet f_V1 og bygningar innanfor BBF1 før det er satt opp gjerde for sikring av kulturminne langs nordlig og austleg grense for området H-570_1. Gjerdet skal sikre at anleggsmaskiner og andre køyretøy ikkje får tilgjenge til kulturminnet og sikkerheitssona rundt kulturminnet.

Før iverksetjing av byggetiltak heimla i planen, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet id 220692 som er merka som område for føresegn #1, #2 (osv.)i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett.

Ålesund, 31.03.2016

Rev. 19.12.2016

Rev. 13.03.2017

Rev. 30.10.2017 av Herøy kommune ved klagebehandling.

proESS AS

WV

HOVE & CO

Advokater
MNA

Kongensgt. 23
6002 Ålesund
Telefon 70161050
post@hoveco.no
www.advokatfirmahove.no

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 Molde

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
2015/843	Saksbeh.
10 MAI 2017	
Ark krets 1:	
Ark krets 5:	Dek nr
J nr	
Kassas nr	

Ålesund, 9. mai 2017
bkh/nw

Klage over Detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka – Klagere: eierne av gnr. 23 bnr. 1 Oddbjørn Roseth, Gunnar Rotseth, Dagfinn Rotseth og Elise Rotseth Vian.

Det vises til Herøy kommunes Vedtak 06. april 2017 i K-sak 39/17. Reguleringsplanvedtaket påklages herved til endring. Som grunnlag/anførsler/innsigelser i klagen vises til mitt brev stilet Herøy kommune 25. mai 2016.

Bilag 1: Mitt brev stilet Herøy kommune 25. mai 2016.

Anførselene nedfelte ved brevet gjøres herved til del av klagen.


Reguleringsplanformålet er å legge til rette for boligutbygging innenfor naboeiendommen gnr. 23 bnr. 48. Det blir da galt – uten rimelighet – å reguleringsplanlegge utvidelse av Gjertnesvegen ensidig på mine parters eiendom til fordel for «gule arealer» (bolig) på tiltakshavereiendommen.

Samsvarende bes reguleringsplangrensen og reguleringsplanløsningen endret slik at all utvidelse av aktuell veg gjøres innen bnr. 48.

I motsatt fall legges til grunn som akseptert at grunnverv til utvidelse av Gjertnesvegen i tråd med vedtatt reguleringsplan, skal erstattes etter boligtomtegrunnverdi. Kvadratmeter for kvadratmeter.

Klagen stiles Fylkesmannen og sendes Herøy kommune til forberedende klagesaksbehandling, jf. pbl. § 33. Det minnes om at kommunens selv kan ta klagen til følge.

Ålesund 09. mai 2017


Bjørn Kristian Hove
advokat

Vedlegg

ADVOKATER MNA I KONTORFELLESKAP

ADVOKAT
SVERRE AARSÆTHER
Org.nr. 974 953 935
Mob.tlf.: 415 70 940
E-post: aarsether@hoveco.no

ADVOKAT
BJØRN KRISTIAN HOVE
Org.nr. 975 683 389
Mob.tlf.: 908 94 668
E-post: hove@hoveco.no

ADVOKAT
ODD ARNE NILSEN
Org. nr. 993 629 103
Mob.tlf.: 951 92 665
E-post: nilsen@hoveco.no

ADVOKAT
DAGFINN TYNES
Org. nr. 918 454 284
Mob.tlf.: 478 66 130
E-post: tynes@hoveco.no

BILAG 4

ADVOKATENE
AARSÆTHER, HOVE OG TYNES

I KONTORFELLESKAP
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Ålesund 25.05.2016
bkh-/mir

**Ad Detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka – Offentlig høring –
Merknader fra gnr.23 bnr.1 i Herøy kommune.**

Jeg viser til Herøy kommunes vedtak om å legge Detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka (gnr.23 bnr.48) ut for offentlig ettersyn (jf. Formannskapssak 76/16)


Eierne av gnr.23 bnr.1 – Oddbjørn Roseth, Gunnar Roseth, Dagfinn Roseth og Elise Roseth Vian har tatt kontakt hit for bistand i reguleringsplansakens anledning.

Mine parters eiendom har gjennom lang tid og ved forskjellige anledninger holdt med og avstått grunn uten vederlag til fordel for Gjertnesvegen. Det er nå mine parters klare oppfatning at nok er nok! Eierne av gnr. 23 bnr.1 aksepterer **ikke** ytterligere utvidelse av veien innover bnr.1.

Samsvarende **bes om** at reguleringsplangrensen korrigeres til å stemme overens med faktiske grenseløp mellom bnr. 1 og veien slik den er opparbeidet i dag. Det er grunn til å anta at formell eiendomsgrense går i veien. Mine parter aksepterer imidlertid lagt til grunn fyllingsfot som faktisk grense mellom gnr.23 bnr.1 og veien.

På slikt grunnlag **bes om** at reguleringsplangrensen korrigeres til å overensstemme med faktisk grenseløp. Dertil understrekes og poengteres at det ikke vil bli akseptert noe inngrep i bnr. 1 knyttet til utvikling/utnyttelse av bnr. 48 under gnr.23. Det er mine parters klare oppfatning at den som økonomisk drar nytte av planens gjennomføring også er den som må holde med veigrunn og andre infrastrukturløsninger i tilknytning til utbyggingen.

Med vennlig hilsen


Bjørn Kristian Hove
advokat



ADVOKATENE AARSÆTHER, HOVE OG TYNES

I KONTORFELLESKAP
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2015/843	Saksbeh. OMR
27 MAI 2016	
Ark kode P	
Ark kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Ålesund 25.05.2016
bkh-/mir

Ad Detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka – Offentlig høring – Merknader fra gnr.23 bnr.1 i Herøy kommune.

Jeg viser til Herøy kommunes vedtak om å legge Detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka (gnr.23 bnr.48) ut for offentlig ettersyn (jf. Formannskapssak 76/16)

Eierne av gnr.23 bnr.1 – Oddbjørn Roseth, Gunnar Roseth, Dagfinn Roseth og Elise Roseth Vian har tatt kontakt hit for bistand i reguleringsplansakens anledning.

Mine parters eiendom har gjennom lang tid og ved forskjellige anledninger holdt med og avstått grunn uten vederlag til fordel for Gjertnesvegen. Det er nå mine parters klare oppfatning at nok er nok! Eierne av gnr. 23 bnr.1 aksepterer **ikke** ytterligere utvidelse av veien innover bnr.1.

Samsvarende **bes om** at reguleringsplangrensen korrigeres til å stemme overens med faktiske grenseløp mellom bnr. 1 og veien slik den er opparbeidet i dag. Det er grunn til å anta at formell eiendomsgrense går i veien. Mine parter aksepterer imidlertid lagt til grunn fyllingsfot som faktisk grense mellom gnr.23 bnr.1 og veien.

På slikt grunnlag **bes om** at reguleringsplangrensen korrigeres til å overensstemme med faktisk grenseløp. Dertil understrekes og poengteres at det ikke vil bli akseptert noe inngrep i bnr. 1 knyttet til utvikling/utnyttelse av bnr. 48 under gnr.23. Det er mine parters klare oppfatning at den som økonomisk drar nytte av planens gjennomføring også er den som må holde med veigrunn og andre infrastrukturløsninger i tilknytning til utbyggingen.

Med vennlig hilsen


Bjørn Kristian Hove
advokat

Til adv. Bjørn Kristian Hove.

Viser til dykkar brev dagsett 25.05.2016 vedr. Detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka gnr. 23 bnr 48 i Herøy kommune.


Ber om at de ettersender dokumentasjon i form av kart som viser konflikt mellom forslag til detaljreguleringsplan og dykkar klient sine interesser snarast råd.

Helsing

Ole Magne Rotevatn

Samfunnsplanleggar
Utviklingsavdelinga

Tlf. 70081300 Dir. 70081353



www.heroy.kommune.no

Søre og Romsdal vegkontor
6400 Molde

Molde, den 24.april 1981.

Vegmeister Johan Nybø,
6065 Ulsteinvik.

Vegbreiddar.

Med di eg syner til telefonsamtale den 21.d.m. sender eg vedlagt:

- 1.Utskrift av forhandlingsprotokollen for veginspektøren i Søre Sunnmøre av akkordteneste den 17.oktober 1874 for vegen frå Bøvåg til Gjertnes.

Som ein vil sjå skulle vegen vere 4 alner brei med moteplassar. Hertil kom grunn til grøfter, som kunne vere frå 1 til 2 alner breie etter som terrenget var (fast grunn eller myrlendt). Grøftene høyrde til vegen sitt eigedomsområde.

Vegvesenet hadde og bruksrett til 1 alen breidde utafor ytste grøftekant til opplegging av grøftereinsk som ikkje kunne nyttast til vegfyll.


- 2.Skriv av 18.desember 1979 om fylkesveg nr.16 i Herøy.

- 3.Historikk av 10.mars 1977 om Stridestraumen bru.

- 4.Utskrift av synfaring den 11.mai 1901 på Stridestraumen bru med tilstøytande veg.

Etter dokument framlagt for amtstinget var køyrebreidda på bru og veg 2,5 meter.

Med helsing


Bjarne Rekdal



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2017/1006
		Arkiv:	Q13

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
190/17	Formannskapet	21.11.2017
	Kommunestyret	30.11.2017

FV18 NÆRØYKRYSSET MELLOMBELS UTBETRING - AVTALE MED STATENS VEGVESEN

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Herøy kommune godkjenner gjennomføringsavtalen mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt.
- Ordførar får fullmakt til å signere gjennomføringsavtalen på vegne av kommunen.

Særutskrift:

Vedlegg

- 1 Vedlegg - gjennomføringsavtale
- 2 Vedlegg - utdrag frå kommunedelplanen for Trafikktrygging 2015-2018

Samandrag:

Viser til kommunestyremøtet 26.10.2017 der sak 129/17 blei utsett. Rådmannen melder med dette saka opp nytt, og viser til punkt med nye saksopplysningar under.

Nye saksopplysningar:

Administrasjonen har estimert prosjektet til å koste ca. 1,5 million i byggekostnader. Dette er eit grovt estimat, då det ikkje er gjennomført prosjektering og anbodskonkurranse enno.

Finansiering

Statens vegvesen har ei støtteordning der ein kan søkje om inntil 50 % stønad til trafikktryggingstiltak. Med bakgrunn i dette søkte Herøy kommune om stønad på 750.000,- kr til tiltaket. **I innstillinga frå vegvesenet til Møre og Romsdal fylkeskommune ligg Nærøykrysset inne med 750.000,- kr i stønad.** Før signering av gjennomføringsavtalen vil punkt 3 (om finansiering) bli justert slik at dette blir synleggjort. Utover stønaden skal ein nytte av dei avsette trafikktryggingssmidlane. I skrivande stund er det ca. 5,2 million kr tilgjengeleg.

Privat utbygging og tidlegare praksis

Tiltaket inneber utbetring av sjølve kryssområdet.



Utbetringsområde med avgrensing mot nord

Tilsvarende vart gjort då kommunen utbeta krysset på FV20 i samband med den private reguleringsplanen Kvalsund/Teige på Nerlandsøya. Frå Nærøykrysset og vidare nordover mot det framtidige bustadfeltet er der kommunal veg og der er regulert eit langsgåande fortau mot feltet. Vidare utbygging av fortauet frå krysset ligg slik administrasjonen ser det på utbyggjar av feltet. I førre kommunestyre var det nemnt utbygging på Vågsholmen og utbyggjar der har stått for utbygging internt i reguleringsplan for området, kommunen skal t.d. stå for ny bru til Vågsholmen.

Opphavlege saksopplysningar:

I samband med utbetring av Nærøykrysset er det utarbeidd ein gjennomføringsavtale mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt, sjå vedlegg. Vegvesenet har godkjent avtalen, og denne saka gjeld såleis kommunal godkjenning.

Av tidlegare vedtak er det to som er viktige som bakgrunn for avtalen:

1. I reguleringsplanen "Bustadområde på Nærøy", vedtatt i kommunestyret 27.11.2014 i k-sak 146/14, ligg det inne rekkjefølgjekrav om at mellombels utbetringsløysing i Nærøykrysset skal vere etablert før det kan gjevast ferdigattest eller bruksløyve til bygningar.
2. Dette er eit prioritert tiltak som ligg inne i handlingsprogrammet til "kommunedelplan for trafikktrygging 2015-2018", vedtatt i kommunestyret 21.6.2017 i k-sak 73/17. Vedlagt ligg utdrag som gjeld Nærøykrysset.

Dagens Nærøykryss er trafikkfarleg. Det er registrert fleire alvorlege trafikkulykker i området, og det har i lengre tid vore behov for utbetring.

I gjeldande plan Nærøykrysset er det regulert rundkøyring, med dette vil vere kostbart og det er uvisst når i framtida dette kan bli aktuelt. Statens vegvesen har akseptert mellombels løysing med kanalisert T-kryss, jf. punkt 1 og 2 ovanfor. Det er viktig å poengtere her at det er sjølve kryssløysinga som er mellombels, gang-/sykkelvegane vert permanente og i tråd med gjeldande plan.

Før ein no går vidare med arbeidet må avtalen mellom Herøy kommune og Statens vegvesen godkjennast. Når dette er gjort vil det bli haldt avklaringsmøte med vegvesenet, og det må utarbeidast ein byggjeplan (prosjektering) før ev. anbudsprosess. Ein ser føre seg fysisk oppstart våren 2018.

Når det gjeld finansiering vil ein bruke av dei avsette trafikktryggingmidlane.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune ynskjer å sikre berekraftige løysingar for alle trafikantar på Nærøya, og med dette bidra til å skape gode bustadområde i denne delen av kommunen.

Rådmannen vurderer avtalen om mellombels utbetring av Nærøykrysset til å vere føremålstenleg og omfattar naudsynte punkt for å ivareta både kommunen og vegvesenet sine interesser. Ein vurderer villkåra i avtalen til å vere naturlege for anleggsprosjekt.

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Herøy kommune godkjenner gjennomføringsavtalen mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt.
- Ordførar får fullmakt til å signere gjennomføringsavtalen på vegne av kommunen.

Konsekvensar for folkehelse:

Krysset og trafikkbiletet i området vil verte meir trafikksikkert for alle trafikantar, særskilt for dei mjuke trafikantane.

Konsekvensar for beredskap:

Betra trafikkbilete gir betre høve for beredskap.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvensar, vegvesenet overtek anlegget for vidare drift når arbeidet er ferdigstilt og godkjent.

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Herøy kommune godkjenner gjennomføringsavtalen mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt.
- Ordførar får fullmakt til å signere gjennomføringsavtalen på vegne av kommunen.

Fosnavåg, 30.10.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen

AVTALE

mellom

Herøy kommune (heretter kalt Utbygger)

og

Statens vegvesen Region Midt (heretter kalt SVV),

1. BAKGRUNN OG FORMÅL

Utbygger skal utføre foreløpig / mellombels utbedring av Nærøykrysset i Herøy kommune. Krysset er mellom fv. 18 og Nærøyvegen. Utbedringen går på å etablere kanalisert T-kryss og omfatter endret linjeføring i og ved krysset for eksisterende kjøreveger, gang-/sykkelveger og del av busslomme.

Byggestart: Vår 2018.

Komplett ferdigstilling er foreløpig satt til: Vår/sommer 2018

2. ALMINNELIGE BESTEMMELSER

- 2.1. Arbeidene på offentlig veggrunn fremgår på tegninger inntatt som •kartvedlegg til denne avtalen.
- 2.2. Offentlig veggrunn kan i denne avtale omfatte fylkesveg. Fylkesveggrunn eies av den relevante fylkeskommune og forvaltes av Statens vegvesen på vegne av fylkeskommunen. For fylkesveg inngås denne avtalen på vegne av fylkeskommunen.
- 2.3. Avtalen omfatter kontroll og godkjenning av byggeplan, kontroll av utbyggingsfasen, overlevering og garantier.
- 2.4. All informasjon og lignende som partene mottar etter avtalens inngåelse, og som kan tenkes å ha betydning for noen av punktene i denne avtale, skal uten ugrunnet opphold meddeles den andre avtaleparten.
- 2.5. Utbygger forestår bygging av veganlegget nevnt i punkt 2.1. ovenfor etter godkjent byggeplan (eventuelt tekniske planer) og tidsfrister i denne avtale.

Nødvendige tilpasninger til eksisterende veger og teknisk infrastruktur (sluk- og overvannssystem, vegbelysning, skilt m.m.) er en del av Utbygger sitt ansvar.
- 2.6. Eventuelle skader som måtte oppstå på offentlig veggrunn som følge av anleggsarbeidene skal snarest meldes til SVV og skal utbedres av Utbygger for Utbygger sin regning. Eventuelle reparasjoner skal godkjennes av SVV.

- 2.7. Veglova § 33 regulerer bruk av reklameskilt langs offentlig veg. Innenfor avtaleområdet er det ikke, verken for Utbygger, entreprenør(er) eller andre, lov til å sette opp reklameskilt uten tillatelse fra SVV.

3. FINANSIERING

Prosjektet finansieres fullt og helt av Utbygger. Dette innebærer at SVV ikke skal bidra med midler i prosjektet eller påføres noen utgifter.

4. SIKKERHETSSTILLELSE OG REKLAMASJONSTID

- 4.1. Dersom anlegget ikke fullføres i samsvar med denne avtalen, står SVV fritt til å fullføre anlegget for den delen (objekt/element som blir en del av fylkesvegen) for Utbygger sin regning etter at skriftlig varsel er gitt Utbygger.

5. EIENDOM

- 5.1. SVV stiller eksisterende veggrunn til disposisjon for bygging av tiltaket.
- 5.2. Utbygger har ansvar for å erverve grunn og rettigheter i den grad dette er nødvendig for å gjennomføre tiltaket. Utbygger har ansvar for eventuelle klausuleringer.
- Med «nødvendig» grunn menes det areal som etter SVV sin praksis blir definert som veggrunn. Dette arealet er for fylkesveg avgrenset til minimum 1 – én – meter utenfor skjæringstopp/fyllingsfot, men er likevel minimum 6 – seks – meter utenfor vegkant på kjøreveg og 2 – to – meter utenfor kant på gang- og sykkelveg.
- 5.3. Dersom forsøk på minnelige forhandlinger med grunneier/rettighetshaver ikke fører frem, vil SVV vurdere om det er grunnlag for ekspropriasjon og eventuell forhåndstiltredelse til nødvendige arealer etter veglova kapittel IV eller annet relevant hjemmelsgrunnlag. Alle kostnader knyttet til en eventuell ekspropriasjonssak skal dekkes av Utbygger.
- 5.4. Utbygger har ansvaret for innmåling av nye grenser når anleggsarbeidene er utført og for produksjon av målebrev. Utbygger har ansvar for rekvirering av kartforretning. SVV innkalles til denne. Disse arbeidene skal være avsluttet innen ett år etter at anlegget er overlevert til SVV.
- Alle kostnader i forbindelse med fradeling, oppmåling og oppretting av matrikkelenhet dekkes av Utbygger.
- 5.5. Etter overtakelse av veganlegget, anses MRFK som reell eier av arealet, uavhengig av om den formelle overføring av hjemmel tar lenger tid. Ved overtakelse tilbakeføres også drift- og vedlikeholdsansvaret til MRFK.

6. UTBYGGERANSVARET

- 6.1. Utbygger er ansvarlig overfor SVV for at gjennomføringen av anlegget er i henhold til denne avtalen.

- 6.2. Utbygger skal stille med byggeleder som har erfaring fra tilsvarende arbeider som anlegget.
- 6.3. Utbyggern er ansvarlig i henhold til Arbeidsmiljølovens forskrift av 3. august 2009 nr.1028 om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser (Utbyggerforskriften).
- 6.4. Utbygger sin byggeleder skal utpekes som HMS koordinator og utarbeide en SHA-plan for både planleggings- og gjennomføringsfasen. Utbygger skal sørge for at entreprenør utarbeider en egen SHA- og kvalitetsplan på grunnlag av Utbyggerns plan.
- 6.5. Utbygger har det juridiske og økonomiske ansvar for erstatninger som følge av anleggsdriften.
- 6.6. Utbygger har ansvar for å gi nødvendig informasjon om anlegget og anleggsarbeidene til omgivelsene.
- 6.7. Utbygger skal avklare alle forhold med berørte parter og offentlige etater. Alle henvendelser, avtaler og lignende med private, entreprenører eller offentlige etater skal gå gjennom Utbygger.

7. BYGGING

- 7.1. Prosjektet skal gjennomføres og dokumenteres i henhold til Statens vegvesens til enhver tid gjeldende normaler, håndbøker, og retningslinjer, samt aktuelle standarder etc.

Utbygger har ansvar for at prosjektet har den tekniske og miljømessige kvaliteten som er beskrevet i byggeplanene.

Ved gjennomføring skal følgende prinsipper legges til grunn:

- Utbyggerns beskrivelse skal være i samsvar med gjeldende håndbøker og tekniske krav som skal overleveres SVV før anleggsstart.
- Utbygger skal utarbeide en kontraktspesifikk kvalitetsplan som skal overleveres SVV.
- Utbygger skal dokumentere at foreskrevet teknisk kvalitet og miljøkvalitet er oppnådd.
- Utbygger skal avdekke eventuelle mangler, varsle SVV (melde avvik) og gjennomføre tiltak for utbedring av manglede kvalitet etter avtale med SVV.
- Utbyggerns kvalitetsdokumentasjon skal leveres SVV fortløpende.
- Utbyggerns drift- og vedlikeholdsdokumentasjon skal leveres SVV fortløpende.
- SVV mottar og gjennomgår dokumentasjon, og foretar egen stikkprøvekontroll for å verifisere Utbyggers egenkontroll og som ekstra sikkerhet.

Utbygger skal med basis i en risikovurdering utarbeide en kontrollplan for prosjektet.

- 7.2. SVV skal godkjenne byggeplan før arbeidet kan igangsettes. Slik godkjenning medfører ikke at SVV overtar ansvar som er tillagt Utbygger gjennom denne avtalen.
- 7.3. Før arbeidet starter skal Utbygger sørge for å fremskaffe godkjente arbeidsvarslingsplaner, gravetillatelser og sikker jobbanalyse fra. Utbygger skal skriftlig meddele SVV navnet på skiltansvarlig person hos Utbygger. Som skiltansvarlig kan Utbygger kun anvende personell med gjennomført kurs i arbeidsvarsling. All relevant dokumentasjon herunder sendes SVV.
- 7.4. Anleggsarbeidene skal foregå på en måte som ikke hindrer trafikken i området unødvendig. Alle forhold som berører trafikkavviklingen skal avklares med SVV på forhånd.
- 7.5. Utbygger skal oversende fremdriftsplan, kvalitetsplan og kontrollplan til SVV før entreprenøren starter arbeidet. Kontrollplanen skal omfatte alle arbeider hvor det er satt kvalitetskrav/ -toleranser.
- 7.6. SVV forbeholder seg retten til enhver tid å foreta kontroll av arbeidene på anleggsstedet. Slike kontroller fritar ikke Utbygger for sitt ansvar etter denne avtalen. Kontroller som blir nødvendig på grunn av feil utførelse, slurv eller grov uaktsomhet, belastes Utbygger.

Utbygger skal varsle SVV for eventuell kontroll ved alle arbeidsoperasjoner der produkt blir tildekket, som for eksempel membran, asfalt osv.
- 7.7. Dersom det er aktuelt å samkjøre kommunaltekniske anlegg, kabelanlegg, fjernvarmeledning, spillvannsledning og lignende skal det skje etter detaljert ledningsplan som skal godkjennes av SVV før anlegget påstartes. Utbygger bærer alle kostnader knyttet til disse arbeidene.
- 7.8. Dersom Utbygger kommer i berøring med «kjente og ukjente» offentlige/private ledninger, herunder elektriske ledninger, vann- og avløpsledninger, er det Utbygger sitt ansvar å besørge og bekoste eventuelle nødvendige omlegginger/tilpasninger.
- 7.9. Utbygger skal forelegge sin fremdriftsplan for anlegget for SVV og skal holde SVV løpende orientert om fremdriften. Anlegget skal senest være ferdigstilt innen [•].

8. MØTER – KORRESPONDANSE – GJENPARTER

- 8.1. Før arbeidene starter opp skal det avholdes et oppstartsmøte mellom partene i denne avtalen. Tilstede på møtet skal i tillegg være Entreprenør.
- 8.2. Utbygger bestemmer hyppigheten av byggemøtene som ledes av Utbygger. Faste deltakere på møtene er Utbygger og entreprenøren. SVV forbeholder seg retten til å delta på byggemøtene med de samme rettighetene som de faste møtedeltakerne. SVV skal ha innkalling til og referat fra alle byggemøter.
- 8.3. Kopi av byggemøtereferater og all relevant korrespondanse sendes avtalepartenes representanter.
- 8.4. Herøy kommune sin representant i prosjektet er Eldar Hansen.

SVVs representant i utbyggingsfase av prosjektet er Bjørn Sunde

9. ENDRING AV PLANENE

Alle forslag til endringer av godkjent byggeplan skal behandles av begge avtaleparter. Eventuelle endringer skal godkjennes av begge avtaleparter før utførelse i marken.

10. TILLEGGSARBEIDER

Utbygger inngår avtaler om eventuelle tilleggsarbeider. Tilleggsarbeidene vil primært være arbeider som er uteglemt/ikke godt nok definert i kontrakten med entreprenøren og som er nødvendig for ferdigstilling etter SVVs kvalitetskriterier. Kostnadene er SVV uvedkommende.

11. OVERTAKELSE

- 11.1. Overtakelse kan finne sted når alle arbeider er utført i henhold til denne avtale og dokumentert i henhold Statens vegvesens håndbøker N200 og R761. Før overtakelse finner sted skal Utbygger ha overtatt prosjektet fra Entreprenør og eventuelle feil og mangler skal være utbedret.
- 11.2. SVV overtar anlegget vederlagsfritt fra Utbygger.
- 11.3. Overtakelse skal varsles SVV 2 – to – uker på forhånd og finner sted etter en besiktigelse på bar mark. Ved overtakelse skal avtalepartene i fellesskap undertegne overtakelsesprotokollen.

12. DOKUMENTASJON

Før overtakelse skal Utbygger oversende følgende dokumentasjon til SVV:

- Ferdigvegstegninger på digitalt format, as–built (vektorgrafikk som .dwg og/eller .dxf i tillegg til rastergrafikk som .pdf).
- FVD–dokumentasjon for elektroanlegg/veglys
- FDV–dokumentasjon for øvrige tekniske anlegg
- Koordinater for kabler/rør/ledninger
- Rørinspeksjon med videokamera

Videre skal Utbygger levere digitale ferdigvegsdata til oppdatering av FKB (Felles Kartdatabase) og NVDB (Nasjonal Vegdatabank) som spesifisert i vedlegg til denne avtalen merket «*Ferdigvegsdata til kart og NVDB*». Geometri skal leveres på SOSI–

format med objekttyper fra den til enhver tid gjeldende «*Objektliste for ferdigvegsdata til kart og NVDB*», og etter gjeldende SOSI-versjon. SOSI-filen skal gi opplysninger om kvalitet (målemetode og stedfestingsnøyaktighet), dato (datafangstdato) og produsent. Egenskapsdata til NVDB leveres på egnet format (f.eks. Excel) etter nærmere avtale. Alle data leveres i EUREF89 og NN2000 om ikke annet er avtalt. For nøyaktighetskrav vises det til SVVs håndbok 018 «Vegbygging».

Dokumentasjonen skal være i henhold til gjeldende håndbøker og standarder. Utbygger bærer alle kostnader knyttet til dette dokumentasjonsarbeidet.

13. MANGLER OG REKLAMASJON

- 13.1. Det foreligger mangel ved anlegget dersom anlegget ved overtakelsen ikke er i den stand som forutsatt i denne avtalen. Som mangel regnes også skade på anlegget som oppstår etter overtakelsen, og som er en nærliggende og påregnelig følge av den opprinnelige mangelen.
- 13.2. Utbygger har rett og plikt til å utbedre mangler for egen kostnad. Dersom utbedring ikke skjer innen en rimelig frist fastsatt av SVV kan SVV sette bort arbeidene til andre for Utbyggers kostnad.
- 13.3. SVV taper sin rett til å gjøre mangel gjeldende dersom en ikke senest ved overtakelsesforretningens avslutning melder fra om mangel som en har eller burde ha oppdaget ved gjennomføringen av overtakelsesforretningen. Mangelen skal angis i overtakelsesprotokollen eller i vedlegg til denne.
- 13.4. SVV taper sin rett til å gjøre mangel gjeldende etter overtakelsen dersom en ikke varsler Utbygger innen rimelig tid etter en har eller burde ha oppdaget mangelen. Reklamasjon kan ikke fremsettes senere enn 5 år etter overtakelsen. For de deler av anlegget det eventuelt er foretatt utbedringer på, løper 5 års fristen fra tidspunktet for ferdigstilling av utbedringsarbeidet, men ikke mer enn ett år ut over den opprinnelige fristen.
- 13.5. Uansett reklamasjonsbestemmelsene ovenfor kan SVV gjøre gjeldende mangel som har sin årsak i forsett eller grov uaktsomhet hos entreprenøren.
- 13.6. Skader og ulemper som oppstår som følge av anlegget eller anleggsarbeidene er Utbygger sitt ansvar.
- 13.7. Utbygger forplikter seg til i en periode på 5 – fem – år etter overtakelse, uten omkostninger for SVV, å rette feil eller mangler ved anlegget. Tilsvarende gjelder skader som oppstår som følge av anlegget. Dette gjelder også erosjon med slamming av grøfter, rørledninger og kummer.
- 13.8. For grøntanlegg er det en garantiperiode på 3 – tre – hele vekstsesonger fra ferdigstilling. Det betyr at garantitiden ikke kan avsluttes før tidligst [•], 3 – tre – år etter overtakelse. Plan for skjøtsel skal utarbeides og godkjennes av SVV før overtakelse.

14. HEVING

SVV kan heve avtalen dersom Utbygger vesentlig misligholder sine forpliktelser etter denne avtalen. Avtalen kan også heves dersom vesentlige forutsetninger for avtalen endrer seg forut for byggestart.

15. UOVERENSSTEMMELSER – TVISTER

- 15.1. Avtalepartene skal søke å løse eventuelle uoverensstemmelser fortløpende. Eventuelle tvister knyttet til denne avtalen skal avgjøres ved de ordinære domstoler.
- 15.2. Sunnmøre tingrett er verneting for denne avtalen.

16. VEDLEGG

Avtalen har følgende vedlegg:

- **Kartvedlegg**
- **Ferdigvegsdata til kart og NVDB**

17. UTFERDIGELSE OG SIGNATUR

Denne avtalen er utferdiget og underskrevet i 2 – to – eksemplarer, hvorav partene beholder hvert sitt.

For: Herøy kommune

For: Statens vegvesen Region Midt

Dato: [•]


Dato: [•]

Sign: _____

Sign: _____



Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngeving	Ansvar	Kommentar
4	*Nærøykrysset - FV18 (ENDRA)	Nytt T-kryss i samsvar med skisse for mellombels utbetring (Rambøll 27.10.14). Etablere kryssing for fotgjengarar og gang-/sykkelveg som knyt saman eksisterande nett.	Trafikkfarleg kryss. Registrert fleire alvorlege trafikkulukker. Farleg kryssingspunkt for skuleborn. I utgangspunktet regulert rundkøyring.	MR fylke STV	Reguleringsplan med rundkøyring godkjent. Dette er mellombels løysing som er krav for vidare utbygging i området. Det må søkjast MR fylke om prioritering og gjennomføring av tiltaket.



Reguleringsplan for Nærøykrysset



Foto over dagens kryssutforming på Nærøya



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/922
		Arkiv:	C00

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
71/17	Komite for næring, kultur og idrett	24.10.2017
191/17	Formannskapet	21.11.2017
	Kommunestyret	30.11.2017

SØRE SUNNMØRE MATMANIFEST

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 24.10.2017

Herøy kommunestyre sluttar seg til intensjonane og verdiane Søre Sunnmøre Matmanifest legg til grunn.

Kommunestyret vil arbeide for at desse verdiane skal påverke strategiar, vedtak og handlingar i kommunal regi. For å markere dette ber kommunestyret om at ordførar skriv under manifestet.

Tilråding:

Herøy kommunestyre sluttar seg til intensjonane og verdiane Søre Sunnmøre Matmanifest legg til grunn.

Kommunestyret vil arbeide for at desse verdiane skal påverke strategiar, vedtak og handlingar i kommunal regi. For å markere dette ber kommunestyret om at ordførar skriv under manifestet.

Særutskrift:
Søre Sunnmøre Matmanifest v/Magne Johan Larsen

Vedlegg

1 Søre Sunnmøre Matmanifest

Samandrag av saka:

Dei siste åra har kortreist mat blitt meir vektlagt, og den entusiasme som er i marknaden for lokale mattradisjonar. Det skaper grobotn for lokale produsentar og serveringsstader, og soleis bygdeutvikling og busetnad. Saka som vert fremja gjeld om Herøy kommune vil slutte seg til Søre Sunnmøre matmanifest saman med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre.

Saksopplysningar:

Søre Sunnmøre Matmanifest skal skape meirverdi ved å bevare, styrke og vidareutvikle den lokale matproduksjonen og matkulturen gjennom å bevisstgjere enkeltpersonar, organisasjonar og bedrifter.

Søre Sunnmøre matmanifest skal skape stoltheit og identitet.

Etter inspirasjon frå Nordisk Ministerråds prosjekt Ny nordisk mat (sjå lenkja : <http://www.nynordiskmad.org/>) og frå Det trønderske matmanifestet (sjå lenkja: <http://horecanytt.no/Nyheter/Siste-nytt/Arkiv/2011/Februar-2011/Troenderskmatmanifest-skal-skape-stolthet>) sette Elvheim Gard på Hareid v/ eigar Magne Larsen i gong arbeidet for å få etablert eit tilsvarande matmanifest for Søre Sunnmøre. Han var inspirert av dei verdiane som desse matmanifesta la til grunn; stoltheit over eigne matressursar og produksjonar, med vekt på lokale tradisjonar og matrettar.

Matmanifestet skal gjere Søre Sunnmøre stolt over sin eigen matproduksjon og vere med på å skape ein tydeleg sunnmørsk matidentitet.

Dette blir då eit felles arbeid mot eit felles mål, og i dette arbeidet er det viktig at kommunane ved ordførar går inn for manifestet for at det skal få betyding for kommunens aktivitet.

Dei siste åra har kortreist mat blitt meir vektlagt, og den entusiasme som er i marknaden for lokale mattradisjonar og –rettar gjer at det vert lettare å fokusere på verdiane i dette matmanifestet. Det skaper grobotn for lokale produsentar og serveringsstader, og soleis bygdeutvikling og busetnad.

Søre Sunnmøre Matmanifest har i seg ei målsetjing om å gje oss eit sunnare kosthald basert på lokale råvarer, samt fremje god mat og matkultur blant born og unge. Målet er å endre innhaldet i sunnmørske måltid slik at vi skal ete sunnare mat og bli meir medvitne om kva vi et og kvar maten kjem frå. Men først og fremst handlar matmanifestet om auka stoltheit og auka medvit om det faktum at vi bur midt i det sunnmørske matfatet, med tilgang til verdens beste råvarer rett utanfor kjøkkendøra.

Manifestet slår også fast at sunnmørsk mat og matkultur skal vere kunnskapsbasert. I det ligger det ei vilje til å satse på utdanning, nyskaping og forskning. Eit godt samarbeid mellom produsentar, restaurantar og kommunane og fylkeskommunen er naudsynt for å få dette til.

Vegen vidare

Vonleg vil alle kommunane på Søre Sunnmøre slutte seg til intensjonen om å fylgje opp matmanifestet. Vegen vidare vert å etablere eit styre for Søre Sunnmøre Matmanifest, som skal ta arbeidet vidare. Dette arbeidet vil innebere å etablere samarbeid mellom offentleg og privat verksemd for å etablere verdiane og nå måla i manifestet. Eit felles tiltak kan vere at det vert etablert torgplass i alle kommunane. Her kan lokale matprodusentar selje sine varer til lokalt fastsette tider i alle 7 kommunane, avhengig av årstid og sesong. Eit anna tiltak kan vere at lokale produsentar gir tilbod om kurs og opplæring om lokal mattradisjon, på skular og til frivillige lag og organisasjonar.

Vurdering og konklusjon:

Dei verdiane som ligg til grunn for Søre Sunnmøre Matmanifest er viktige element i våre kommunar og bygder; å halde fram den lokale matkulturen basert på lokal tilgjengeleg råvare og tillaga med pietet for våre eigne mattradisjonar. Våre heimar og samfunn er opne for mat og matkulturar frå andre delar av verda, dette gir oss opplevingar av andre råvarer og andre smakar. Like viktig er det at vi tek fram vår eigen lokale matkultur og mattradisjon og lyfter den opp, at vi arbeider for å fremje matmangfald basert på det vi har av smak, særpreg, råvarer og matprodukt i våre eigne grender, frå hav til høg fjell.

Rådmannen vurderer Søre Sunnmøre Matmanifest til å vere eit viktig dokument i dette arbeidet med å lyfte fram Søre Sunnmøre sin matkultur, både den tradisjonelle og den nyskapande, basert på lokale råvarer frå hav til vardetopp.

Manifestet som rådmannen rår ordførar til å skrive under, er ein intensjonsavtale. Det ligg ikkje økonomiske føringar for kommunane inne i denne avtalen, det er ein verdibasert avtale med verdimessige føringar for kommunale strategiar, kommunale vedtak og handlingar.

Fosnavåg, 17.10.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Søre Sunnmøre Matmanifest

*Søre Sunnmøre Matmanifest skal skape meirverdi ved å bevare, styrke og vidare utvikle den lokale matproduksjonen og matkulturen gjennom å bevisstgjere enkeltpersoner, organisasjonar og bedrifter.
Søre Sunnmøre Matmanifest skal skape stoltheit og identitet*

Vi sluttar oss til følgjande:

Vi ønskjer å fremje matmangfald på Søre Sunnmøre med fokus på, smak og særpreg av råvarer og matprodukt, frå hav til høgfjell.

Vi vil fremje bruken av råvarer og produkt som utløyser matglade og helse.

Vi vil fremje marknadsføring og bruk av mat eller mattradisjonar som ein attraksjon.

Vi vil fremje formidling av historiene rundt råvarene og tilverkinga.

Vi vil fremje måtar å utnytte råvarene og produkta sine sesongvariasjonar.

Vi vil fremje måtar å bruke råvarene og produkta på ut frå miljøomsyn.

Vi ønskjer å fremje god mat og matkultur hos barn og unge.

Søre Sunnmøre sin mat og matkultur skal vere kunnskapsbasert. Vi vil bidra til utvikling av lokale råvarer og produkt gjennom utdanning, nyskaping og forskning.

Dessutan sluttar vi oss til det Nordiske Matmanifestet.

Å slutte seg til Søre Sunnmøre Matmanifest inneberer at ein erkjenner dei verdiane manifestet beskriv og lar dette påverka strategiar, vedtak og handlingar.

Hareid 4. februar 2014

Elvheim Gardsmat

Hareid kommune


Ulstein kommune

Herøy kommune

Sande kommune

Vanylven kommune

M og R fylke



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/1222
		Arkiv:	M42

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
192/17	Formannskapet	21.11.2017
	Kommunestyret	14.12.2017

REVIDERT FORSKRIFT FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek kommunal forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk sitt arbeid i medlemskommunane etter tilråding frå representantskapet og administrasjonen i SSR.

Særutskrift:
SSR

Vedlegg:

Vedlegg

1 1878_001

2 SSR - Forskriftsrevisjon (renovasjon)

Samandrag av saka:**Saksopplysningar:**

Ref. e-post frå dagleg leiar i SSR Einar Heimdal 06.06.2017:

«Vi har hatt ein forskriftsrevisjon gåande i nesten 2 år- inklusiv diverse kommunestyrevedtak. Diverre har ikkje desse vedtaka vore like, og dermed har ikkje den reviderte forskrifta blitt vedtatt enno. Dette fordi kravet er likelydande vedtak i alle fire kommunestyra. I dag har vi tre forskjellige kommunestyrevedtak å ha/de oss til. Herøy og Ulstein har likelydande vedtak, medan Hareid og Sande har kvart sitt vedtak. Det betyr at forskrifta frå 2010 fortsatt gjeld.

Etter diverse møter og vedtak i styrande organ, meiner vi at vi har eit forslag som burde vere såpass gangbart at alle eigarkommunane kan gå for den same teksta. Det er paragrafane 2.3 og 6 som har skapt debatt.

Mesteparten av forskrifta er eigentleg allereie vedtatt i alle kommunane, men der er nokre paragrafar som må endrast/justerast. Det er følgjande:

- Innleiingsteksta med vedtaksdatoar, etc.*
- § 2.3 Fritidseigedommar*
- § 6 Krav til køyreveg*
- § 7. 1 Eit bitte lite teksttil/egg vedr. Kjeldesortering*
- § 13 Endringar i forskrifta*
- Pluss eit par små tekstjusteringar*

Sjå vedlagde endringar på eige ark + komplett og oppdatert forskrift etter desse endringane (der endringane er merka med gult). Vedlagt finn de også møteboka frå møtet i representantskapet.»

Vurdering og konklusjon:

Den reviderte forskrifta er utarbeidd av administrasjonen i SSR og er samrøystes vedteken av representantskapet etter tilråding frå styret den 24. 05.2017.

Fosnavåg, 13.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
RådmannJarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

MØTEBOK

SAK NR R06/17

Møtedato: 24.05.2017

Sakshandsamar: Einar Heimdal

SAK R06/17: FORSKRIFTSREVISJON

Revisjon av renovasjonsforskrifta har etter kvart blitt ei tradisjonell sak i dei styrande organa. I skrivande stund har vi tre forskjellige kommunestyrevedtak å halde oss til (der vi må ha likelydande vedtak). Herøy og Ulstein har likelydande vedtak, medan Hareid og Sande har kvart sitt vedtak. Det betyr at forskrifta frå 2010 fortsatt gjeld.

Etter diverse møter meiner vi at vi har eit forslag som burde vere såpass gangbart at alle eigarkommunane kan gå for den same teksta. Det er paragrafane 2.3 og 6 som har skapt debatt.

Mesteparten av forskrifta er eigentleg allereie vedtatt i alle kommunane, men der er nokre paragrafar som må endrast / justerast. Det er følgande:

- Innleiingsteksta med vedtaksdatoar, etc.
- § 2.3 Fritidseigedommar
- § 6 Krav til køyreveg
- § 7.1 Eit bitte lite teksttillegg vedr. kjeldesortering
- § 13 Endringar i forskrifta
- Pluss eit par små tekstjusteringar

Sjå vedlagde endringar på eige ark + komplett og oppdatert forskrift etter desse endringane.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtar dei føreslåtte endringane i renovasjonsforskrifta og ber om at eigarkommunane gjer eit likelydande vedtak.

Forts.

Forts.

Vedtak, samr.:

Representantskapet vedtar dei føreslåtte endringane i renovasjonsforskrifta og ber om at eigarkommunane gjer eit likelydande vedtak.

Revisjon forskrift 2017

Endringar i forhold til det som vart vedtatt i kommunestyra i 2016 og 2017 (endringar er merka med eigen farge i forskrifta):

(To mindre justeringar er gjort utan at dei står i forklaringa nedanfor, men dei er merka med gult).

Datoar og iverksettingsdato i innleiinga:

Det som er nytt er streka under (vedtaksdatoane og saksnr. i kommunestyret + siste setninga):

«Denne forskrifta erstattar tidlegare forskrift for SSR frå 2010.

Forskrifta er vedteke med likelydande vedtak i kommunestyra:

- Hareid, x/x-2017, k-sak nr. xx/2017
- Herøy, x/x-2017, k-sak nr. xx/2017
- Sande, x/x-2017, k-sak nr. xx/2017
- Ulstein, x/x-2017, k-sak nr. x/2017

Forskrifta er vedteke med heimel i Forureiningslova av 13. mars 1981 nr. 6. med seinare endringar, og spesielt i høve til §§ 26 (kommunal tømning av slam frå slamavskiljarar, etc.), 27 (definisjonar av avfall), 30 (kommunal innsamling av forbruksavfall), 31 (handtering av spesialavfall), 33 (gjenvinning og anna handsaming av avfall), 34 (avfallsgebyr), 79 (straffeansvar for ulovleg handtering av avfall), 83 (delegasjon av myndigheit lagt til kommunen eller fylkeskommunen, inkl. interkommunale selskap) og 85 (tilhøvet til forvaltingslova).

Forskrifta gjeld frå nyaste (siste) vedtaksdatoen ovanfor.»

§ 2.3:

Det som er nytt er streka under (ei setning midt i paragrafen):

«§ 2.3: Alle fritidseigedomar med hus eller hytte på eigedomen skal omfattast av renovasjonsordninga. Fritidseigedomar må kommunikasjonsmessig vere alminneleg tilgjengelege for å inngå i ordninga. Eigarane kan, etter det som er vanleg i det aktuelle området, bli tilbode å levere avfallet i anten fellescontainer (med nøkkel), nedgravd løysing (med nøkkel), dunk (med/utan nøkkel) eller sekkeløysing. For å få ein eigedom registrert som fritidseigedom i SSR sitt system vert det kravd at eigedomen er registrert i det offentlege eigedomsregisteret / matrikkelen som ein fritidseigedom.»

Forts.

§ 6 KRAV TIL KØYREVEG:

§ 6 KRAV TIL KØYREVEG

«§ 6.1: Køyrevegen må ha fri snuplass, kurvatur / svingbreidde, fri høgde, stigningstilhøve, vegbreidde og styrke til å tåle renovasjonsbilane som blir nytta. SSR skal, så langt som muleg, tilpasse materiellet sitt til dagens vegnett.»

I § 6.1 er siste setninga ny.

«§ 6.2: Ved planlegging og prosjektering av nye vegar og oppgradering av eksisterande vegar (der SSR køyrer ruter), skal kommunane forsøke å tilpasse vegnettet til minimum standarden BK 8 eller høgare.»

Heile § 6.2 er ny.

«§ 6.3: Vegar og snuplassar må vere brøyta og strødd om vinteren. Eigarar av hagar og eigedom som grensar til offentleg veg / veg der renovasjonsbilane køyrer, er pliktige til å skjere vekk hekk, tre og greiner som kan vere til hinder for renovasjonsbilane. Veg som ikkje stettar desse krava kan, etter varsling på førehand, verte utkutta frå køyreruta. Det same gjeld dersom feilparkerte bilar gjentatte gongar hindrar renovasjonsbilane i å kome fram til abonnentane. Etter vurderingar på stadane kan også køyring på / gjennom leikeplassar verte utkutta av omsyn til borna sin tryggleik. Dersom tryggleiken på staden tilseier det, kan også køyring på eller gjennom parkeringsplassar, offentlege plassar eller torg, bli nekta.»

Denne er ikkje endra anna enn at innhaldet har kome i ein eigen paragraf.

«§ 6.4: SSR kan vedta å ilegge abonnentar eit tilleggsgebyr for henting på delvis utilgjengelege stader eller for henting utanfor offentlege vegar og standardgodkjende køyreveggar – sjølv om vegane der har vorte godkjende for køyring med SSR sine renovasjonsbilar. For å køyre der det er fartsdemparar i vegen, bør desse vere skraverter og merka med skilt. Dette avsnittet gjeld også for henting i oppsamlingsrom o.l.»

Denne er ikkje endra anna enn at paragrafen tidlegare var § 6.2.

§ 7.1:

Det som er nytt er streka under (eit lite teksttillegg i første setninga):

«§ 7.1: Henteordninga i SSR omfattar henting av restavfall, papir/ papp og plastemballasje, og etter kvart andre fraksjonar, ute hos abonnentane. Bringeordninga omfattar resten av tenestene i SSR, sjå § 8, der abonnentane sjølv fraktar avfall til fastsett samleplass for dei aktuelle fraksjonane.»

§ 13:

«§ 13.1: Endringar i denne forskrifta kan kun gjerast etter likelydande kommunestyrevedtak i eigarkommunane.» (Denne setninga er ikkje endra).

«§ 13.2: Forskrifta gjeld frå den dagen kommunestyret i den siste av eigarkommunane gjer vedtaket sitt.» (Denne setninga er endra).

Kommunal forskrift

for

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR)

sitt arbeid i kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein

Denne forskrifta erstattar tidlegare forskrift for SSR frå 2010.

Forskrifta er vedteke med likelydande vedtak i kommunestyra:

- Hareid, x/x-2017, k-sak nr. xx/2017
- Herøy, x/x-2017, k-sak nr. xx/2017
- Sande, x/x-2017, k-sak nr. xx/2017
- Ulstein, x/x-2017, k-sak nr. x/2017

Forskrifta er vedteke med heimel i Forureiningslova av 13. mars 1981 nr. 6. med seinare endringar, og spesielt i høve til §§ 26 (kommunal tøming av slam frå slamavskiljarar, etc.), 27 (definisjonar av avfall), 30 (kommunal innsamling av forbruksavfall), 31 (handtering av spesialavfall), 33 (gjenvinning og anna handsaming av avfall), 34 (avfallsgebyr), 79 (straffeansvar for ulovleg handtering av avfall), 83 (delegasjon av myndigheit lagt til kommunen eller fylkeskommunen, inkl. interkommunale selskap) og 85 (tilhøvet til forvaltingslova).

Forskrifta gjeld frå nyaste (siste) vedtaksdatoen ovanfor.

Kapittel 1:

§ 1 FORMÅL

§ 1.1: Forskrifta har som formål å sikre ei miljømessig og økonomisk forsvarleg innsamling, transport og slutthandsaming av avfall frå hushaldningane i SSR sine eigarkommunar. I dette ligg også at ein skal arbeide for avfallsreduksjon og legge til rette for gjenvinning gjennom kjeldesortering. Forskrifta er ikkje til hinder for at SSR også kan arbeide med andre miljøtiltak i SSR sine eigarkommunar. Slike miljøtiltak skal ha samanheng med hushaldningar og deira behov, eller at kommunane vert samde om tiltak og prosjekt som i hovudsak rettar seg mot hushaldningar og kan styrast i regi av SSR.

§ 2 OMFANG AV RENOVASJONSORDNINGA

§ 2.1: Renovasjonsordninga gjeld for kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein. Alle huseigarar, festarar og leigebuarar er pliktige å vere med i den fastsette ordninga for renovasjon. Renovasjonsordninga gjeld også for fritidseigedomar. SSR har ansvaret for all innsamling av hushaldningsavfall på vegne av kommunane. Ingen andre aktørar eller privatpersonar kan samle inn slikt avfall utan skriftleg løyve frå SSR.

§ 2.2: Eigedomar som er permanent fråflytta og eigedomar utan bygg fell utanfor renovasjonsordninga. Eigarar av eigedomar og bueiningar som står midlertidig tomme kan

etter skriftleg søknad få inntil to års fritak for renovasjonsgebyr eller dei kan få redusert fastgebyr for kortare perioder. For oppstart av kvilande abonnement vert det ilagt eit oppstartsgebyr.

§ 2.3: Alle fritidseigedomar med hus eller hytte på eigedomen skal omfattast av renovasjonsordninga. Fritidseigedomar må kommunikasjonsmessig vere alminneleg tilgjengelege for å inngå i ordninga. Eigarane kan, etter det som er vanleg i det aktuelle området, bli tilbode å levere avfallet i anten fellescontainer (med nøkkel), nedgravd løysing (med nøkkel), dunk (med/utan nøkkel) eller sekkeløysing. For å få ein eigedom registrert som fritidseigedom i SSR sitt system vert det kravd at eigedomen er registrert i det offentlege eigedomsregisteret / matrikkelen som ein fritidseigedom.

§ 3 ANSVAR FOR RENOVASJONGEBYR

§ 3.1: Alle husstandar skal, gjennom huseigar, betale renovasjonsgebyr. Grunnregelen er at det skal vere eit abonnement for kvart sjølvstendig kjøkken/kvar leiligheit på ein eigedom. Dette gjeld sjølv om to eller fleire husstandar nyttar same avfallsdunk. Eigar av eigedomen er ansvarleg for at dette blir gjennomført etter gjeldande forskrift.

§ 3.2: Etikettane som kvar dunk får påklistra, vert printa ut på gards- og bruksnummer. Den som til ei kvar tid er eigar av den aktuelle eigedomen er ansvarleg for dei pliktene dette fører med seg i høve til innsamlinga av avfall.

§ 3.3: Det er, kun med eitt unntak, alltid eigaren som er ansvarleg for å betale renovasjonsgebyra. Unntaket er bortfest grunn, der festaren svarar for gebyra. Særreglane i høve til dette er at ved dødsbo går gebyrkrava til bustyrar eller arving som har ansvaret for dei økonomiske krava den aktuelle eigedomen heftar for, i uskifta bu går krava til den som sit i uskifte (gjenverande ektefelle), ved konkurs går krava til oppnemnd bustyrar og ved skilsmisse vil krava gå til den som sit att med eigedomen. SSR må utan opphald få beskjed om endringar i eigedomstilhøva slik at ein kan sende krav dit dei høyrer heime. Hovudregelen er at SSR sender ut ein faktura per eigedom. Ein kan likevel ha fleire abonnement per eigedom. Det er alltid huseigar sitt ansvar at endringar i abonnement vert meldt inn til SSR.

§ 3.4: Eit abonnement er aktivt heilt til SSR tek mot skriftleg oppseiing eller skriftleg endringsmelding. Ved endringar i eigedomstilhøve blir ikkje innbetalt fastgebyr refundert frå neste betalingsperiode. M.a.o. blir ikkje gebyr frå påstarta betalingsperiode refundert. Ved endringar i ei betalingsperiode må gamal og ny eigar ordne opp seg i mellom.

§ 3.5: Dersom det viser seg at ein eigar ikkje har meldt frå om endringar som medfører nytt gebyr eller tillegg i gebyret, kan eigaren påleggast å betale gebyr for inntil to år tilbake frå datoen for at tilhøvet vart registrert eller oppdaga. Eigar sin dokumentasjon vil i slike tilfeller bli vektlagt ved fastsetting av tidspunktet for gebyrplikt.

Kapittel 2:

§ 4 INNSAMLING OG OPPBEVARING AV HUSHALDNINGSAVFALLET

§ 4.1: For innsamling av hushaldningsavfallet skal det som hovudregel nyttast dunkar tildelt av SSR. I heilt spesielle tilfelle kan SSR gje ein abonnent løyve til å nytte sekk. I ein del tilfelle kan også SSR pålegge ein abonnent å nytte sekk i staden for dunk. Desse sekkane må, på

same måte som dunkane, samlast på avtalt oppsamlingsplass før kl. 07.30 hentedagen. Sekkane må ha den fargen som gjeld for det aktuelle året. Der ordninga er på plass, kan abonnentar påleggast å nytte nedgravde løysingar i staden for dunkar eller sekkar.

§ 4.2: SSR kjøper inn, leverer ut og eig avfallsdunkane. Det er ikkje høve til å nytte andre dunkar enn SSR sine. Ved skade eller når det elles skulle vere naudsynt, vil SSR skifte ut dunkar. Kvar einskild dunk er registrert på den einskilde eigedommen og må ikkje flyttast der i frå utan etter avtale med SSR.

§ 4.3: Kvar eigedom skal ha ei forsvarleg oppbevaring av **avfallet**. Huseigarane skal syte for reinhald av dunken, og for naudsynt sikring mot ver og vind og mot at uvedkomande misbrukar eller stel dunken. SSR eig dunkane medan huseigarane sitt ansvar er å ta godt vare på det utlånte utstyret.

§ 4.4: Det er ikkje lovleg å kaste frå seg hushaldningsavfall ved SSR sine anlegg eller kaste avfall i komprimatoranlegget (sjakta) utan løyve, jfr. § 2, første avsnitt og § 10.

§ 4.5: Hushaldningsavfallet vert henta etter oppsette ruter. Endringar vil vanlegvis bli kunngjort på SSR sine heimesider, via SMS eller via selskapet sin renovasjonsapp, og einskilde gongar også i lokalavisene. Mindre ruteendringar og endra køyremønster kan forekome utan varsel, til dømes på grunn av vegarbeid og innstilte fergeruter.

§ 5 KRAV TIL ABONNENTAR VED INNSAMLING AV HUSHALDNINGS-AVFALL

§ 5.1: På tømedag skal dunken plasserast ved avtalt køyreveg eller samleplass. Dunken skal sikrast slik at den ikkje veltar og avfallet flyt utover. Dunkane skal heller ikkje vere fullare enn at lokket går igjen på vanleg måte. SSR kan pålegge abonnentane å få ein større dunk ved gjentatt overfylling. Det er vidare abonnenten sitt ansvar at avfallet ikkje er fastfrose i dunken vinterstid. Abonnenten har også ansvar for opprydding av avfall som vert dratt utover av dyr og fugl ved for dårleg sikring. Eventuelt søl frå sjølve tøminga skal fjernast av renovatøren. Skarpe ting som kan skade renovatørane, må pakkast særleg godt inn før dei vert lagde i dunken. Farleg avfall må ikkje leverast inn i dunkane. Farleg avfall kan t.d. vere eksplosiver, sjølvtennande stoff eller væsker, olje og varm oske. Stein og jord må heller ikkje leggast i dunkane. For å ha krav på henting må abonnenten ha sett fram dunken innan kl. 07.30 på tømedagen.

§ 5.2: Dunkar som ikkje er klargjort for henting har SSR høve til å sette att. Ved forureining av avfallsfraksjonar kan SSR ilegge abonnenten eit straffegebyr. I tillegg kan abonnentar få dunkar inndratt etter advarsel om at dette kan skje. Eksempel på slik forureining kan vere matavfall, papirbleier eller hageavfall i papirdunken.

§ 6 KRAV TIL KØYREVEG

§ 6.1: Køyrevegen må ha fri sнопlass, kurvatur / svingbreidde, fri høgde, stigningstilhøve, vegbreidde og styrke til å tåle renovasjonsbilane som blir nytta. SSR skal, så langt som muleg, **tilpasse materiellet sitt til dagens vegnett.**

§ 6.2: Ved planlegging og prosjektering av nye vegar og oppgradering av eksisterande vegar (der SSR køyrer ruter), skal kommunane forsøke å **tilpasse vegnettet til minimum standarden BK 8 eller høgare.**

§ 6.3: Vegar og snuplassar må vere brøyta og strødd om vinteren. Eigarar av hagar og eigeedom som grensar til offentleg veg / veg der renovasjonsbilane køyrer, er pliktige til å skjere vekk hekk, tre og greiner som kan vere til hinder for renovasjonsbilane. Veg som ikkje stettar desse krava kan, etter varsling på førehand, verte utkutta frå køyreruta. Det same gjeld dersom feilparkerte bilar gjentatte gongar hindrar renovasjonsbilane i å kome fram til abonnentane. Etter vurderingar på stadane kan også køyring på / gjennom leikeplassar verte utkutta av omsyn til borna sin tryggleik. Dersom tryggleiken på staden tilseier det, kan også køyring på eller gjennom parkeringsplassar, offentlege plassar eller torg, bli nekta.

§ 6.4: SSR kan vedta å ilegge abonnentar eit tilleggsgebyr for henting på delvis utilgjengelege stader eller for henting utanfor offentlege vegar og standardgodkjende køyreveggar – sjølv om vegane der har vorte godkjende for køyring med SSR sine renovasjonsbilar. For å køyre der det er fartsdemparar i vegen, bør desse vere skraverte og merka med skilt. Dette avsnittet gjeld også for henting i oppsamlingsrom o.l.

§ 7 KJELDESORTERING

§ 7.1: Henteordninga i SSR omfattar henting av restavfall, papir/ papp og plastemballasje, og etter kvart andre fraksjonar, ute hos abonnentane. Bringeordninga omfattar resten av tenestene i SSR, sjå § 8, der abonnentane sjølv fraktar avfall til fastsett samleplass for dei aktuelle fraksjonane.

§ 7.2: Det er kun reint papir og papp frå hushaldningane som skal leggest i papirdunken og dette må ikkje leggest i plastsekkar eller plastnett.

§ 7.3: Kun gjennomsiktlige plastsekkar skal nyttast til hushaldningsplast (plastemballasje). Desse skal settast saman med den blå dunken og vil verte samla inn av selskapet. Desse gjennomsiktlige plastsekkane kan også nyttast til reine isoporfraksjonar (EPS) frå emballasje. Isoporsekkane må innhaldsmessig ikkje blandast med vanleg plastemballasje.

§ 7.4: Endringar i måtane ein skal kjeldesortere på vil bli kunngjort på vanleg måte, jfr. § 4, siste avsnitt. Hente- og bringeordningane kan bli endra ut i frå nye lokale, nasjonale og internasjonale retningslinjer og miljømål.

§ 8 SPESIELLE TYPER AVFALL

§ 8.1: SSR vil sørge for at spesielle tiltak innan mottak av avfall som rettar seg mot hushaldningane vert starta og oppretthalde innanfor gitte økonomiske rammer basert på sjølvkostprinsippet. Eksempel på dette kan vere greinplassar/hageavfallmottak, containerar for spesialavfall, containerar for utleige, gjenvinningsentralar, einiskilde fraksjonar på lokalmottaka, glasigloar, ryddeaksjonar i kommunane og mottak av ulike fraksjonar på SSR sitt hovudanlegg. § 8 inkluderer også andre lovpålagde oppgåver for mottak av ulike avfallsfraksjonar som ein utfører anten i eigen eller privat regi.

§ 9 ANDRE BESTEMMELSAR

§ 9.1: SSR sitt styre kan fastsette mindre endringar innan dette kapitlet. Desse endringane / reglane skal kunngjerast på vanleg måte (jfr. § 4, siste avsnitt).

Kapittel 3:

§ 10 GEBYR, GEBYRINNKREVIING OG SANKSJONAR

§ 10.1: For tenester etter denne forskrifta skal kvar huseigar betale renovasjonsgebyr. I tillegg skal det betalast renter og inndrivingskostnader ved for sein betaling. Kvar av SSR sine eigarkommunar skal kvart år vedta likelydande gebyrvedtak etter tilråding frå representantskapet i SSR. For gebyrkrava har eigarkommunane legalpant etter pantelova § 6-1.

§ 10.2: Representantskapet fastset, etter tilråding frå styret, generelle reglar og nivå for fastgebyr og prisar. Representantskapet gjer dette kvar haust i samband med budsjetthandsaminga for påfølgande år.

§ 10.3: SSR står for innkrevinga av renovasjonsgebyr etter delegasjon frå eigarkommunane. Kommunane er fortsatt formell eigar av gebyrkrava og legalpanten, og SSR står for sjølve innkrevinga.

§ 10.4: SSR sitt representantskap kan vedta differensierte gebyr på grunnlag av avfallsmengde, avfallstype og andre naturlege måtar å differensiere gebyra på.

§ 10.5: Styret i SSR fastset storleiken på ekstragebyret der abonnentane treng større dunkar enn dei standardiserte.

§ 10.6: Styret i SSR fastset storleiken på ekstragebyr for henting av hushaldningsavfall på vanskeleg tilgjengelige stadar og for henting utanfor offentlege vegar og standardgodkjende køyrevegar (eit såkalla ulempetillegg). Storleiken vert berekna ut i frå avstand til hovudvegar og vegstandarden.

§ 10.7: SSR sender ut gebyr til abonnentane med jamne mellomrom. Gebyrkrav blir sendt ut til huseigar på faktureringstidspunktet (som vanlegvis er tre veker før huseigaren får fakturaen i posten). Eventuelle endringar i eigedomstilhøve må vere meldt skriftleg inn til SSR i god tid før dette faktureringstidspunktet. Endringar etter dette tidspunktet kjem ikkje med på faktureringa før neste gong. Ved skifte av eigar på ein eigedom i denne perioden må i så fall gamal og ny eigar ordne opp seg i mellom. Jfr. § 3, siste avsnitt.

§ 10.8: Ved restart av kvilande abonnement skal SSR kreve inn eit gebyr for å dekke kostnadane med dette. Storleiken på dette gebyret skal ha ein samanhang med storleiken på fastgebyret og vert fastsett i SSR sitt styre.

§ 10.9: Godkjende fritidseigedomar, jfr. § 2, betaler 1/4 fastgebyr ved bruk av dunk, sekk eller andre tilrettelagde løysingar. Godkjende ekstrasekkar kan, ved behov, kjøpast hos SSR til den prisen styret har fastsett.

§ 10.10: Brot på paragrafar i denne forskrifta kan medføre straffegebyr. Straffegebyr, og storleiken på desse, vert fastsett i SSR sitt styre. I einskilde graverande tilfelle kan ein, på abonnenten si rekning, sørge for separat oppsamling, innkøyring og sortering av avfall som kan føre til helsemessige vanskar. Jfr. aktuelle paragrafar i forureiningslova og spesielt § 79, 2. ledd.

§ 11 LEGALPANTEN

§ 11.1: Legalpanten høyrer til i kvar av eigarkommunane på vanleg måte, og vil tre i kraft dersom selskapet ikkje klarer å kreve inn gebyra ein har til gode. Jfr. § 10, 3. avsnitt og § 12.

§ 12 KLAGER

§ 12.1: Enkeltvedtak gjort av SSR kan påklagast i henhold til forvaltingslova § 2b og § 28, 2. ledd. Klagen skal stilast til SSR.

Kapittel 4:

§ 13 ENDRINGAR I FORSKRIFTA

§ 13.1: Endringar i denne forskrifta kan kun gjerast etter likelydande kommunestyrevedtak i eigarkommunane.

§ 13.2: Forskrifta gjeld frå den dagen kommunestyret i den siste av eigarkommunane gjer vedtaket sitt.

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 12.06.2017 09:58:14
Til: Brit Berge
Tittel: VS: SSR - Forskriftsrevisjon (renovasjon)

Fra: Einar Heimdal [<mailto:einar@reinholdsverket.no>]

Sendt: 6. juni 2017 13:14

Til: Jarl Martin Møller <jarl.martin.moller@heroy.kommune.no>; Jon Rune Våge <jon.rune.vage@heroy.kommune.no>; Fred Arnesen <fred.arnesen@heroy.kommune.no>; Arne Runar Vik <arne.runar.vik@ulstein.kommune.no>; Harald Øvereng <harald.overeng@ulstein.kommune.no>; Kai-Rune Bjørke <kai-rune.bjorke@hareid.kommune.no>; Lars Hustad <lars.hustad@hareid.kommune.no>; Øyvind Vassbotn <Oyvind.Vassbotn@hareid.kommune.no>; Kjell Martin Vikene <kjell.martin.vikene@sande-mr.kommune.no>; Oddbjørn Indregård <oddbjorn.indregard@sande-mr.kommune.no>

Kopi: Olaus-Jon Kopperstad <olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no>; Verner Larsen <verner.larsen@ulstein.kommune.no>; Ragnhild Velsvik Berge <ragnhild.velsvik.berge@hareid.kommune.no>; Asle Giske <asle.giske@sande-mr.kommune.no>

Emne: SSR - Forskriftsrevisjon (renovasjon)

Hei !

Vi har hatt ein forskriftsrevisjon gåande i nesten 2 ½ år – inklusiv diverse kommunestyrevedtak. Diverre har ikkje desse vedtaka vore like, og dermed har ikkje den reviderte forskrifta blitt vedtatt enno. Dette fordi kravet er likelydande vedtak i alle fire kommunestyra. I dag har vi tre forskjellige kommunestyrevedtak å halde oss til. Herøy og Ulstein har likelydande vedtak, medan Hareid og Sande har kvart sitt vedtak. Det betyr at forskrifta frå 2010 fortsatt gjeld.

Etter diverse møter og vedtak i styrande organ, meiner vi at vi har eit forslag som burde vere såpass gangbart at alle eigarkommunane kan gå for den same teksta. Det er paragrafane 2.3 og 6 som har skapt debatt.

Mesteparten av forskrifta er eigentleg allereie vedtatt i alle kommunane, men der er nokre paragrafar som må endrast / justerast. Det er følgande:

- Innleiingsteksta med vedtaksdatoar, etc.
- § 2.3 Fritidseigedommar
- § 6 Krav til køyreveg
- § 7.1 Eit bitte lite teksttillegg vedr. kjeldesortering
- § 13 Endringar i forskrifta
- Pluss eit par små tekstjusteringar


Sjå vedlagde endringar på eige ark + komplett og oppdatert forskrift etter desse endringane (der endringane er merka med gult). Vedlagt finn de også møteboka frå møtet i representantskapet.

Vi reknar ikkje med at saka blir politisk behandla før ferien, men det hadde vore fint om den kan kome opp tidleg på hausten i år.

Ta gjerne kontakt med underteikna dersom det er noko de lurer på.

Ha ei fortsatt fin veke!

Med helsing
Einar Heimdal
SSR



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JD	Arkivsaknr:	2016/643
		Arkiv:	047

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
193/17	Formannskapet	21.11.2017
	Kommunestyret	30.11.2017

EIGARSKAPSKONTROLL REKNESKAPSÅRET 2016

Tilråding:

Herøy kommunestyre tek Eigarskapskontroll rekneskapsåret 2016 til vitande.

Særutskrift:

Kontrollutvalet
Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- 1 Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS
- 2 Hareid Fastlandsamband AS
- 3 Muritunet AS
- 4 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
- 5 Tussa Kraft AS
- 6 Furene AS
- 7 Runde Miljøbygg AS
- 8 Fosnavåg Konserthus AS
- 9 Kystvegen Måløy-Florø AS
- 10 Herøy Vasslag SA
- 11 Stemmedal Vasslag SA
- 12 Forklaring av sentrale begrep

Samandrag av saka:

Herøy kommune har eigarskap i fleire føretak, og desse føretaka utfører viktige samfunnsmessige funksjonar og interesser. For å være ein aktiv og god eigar, er det naudsynt for kommunen å være orientert om den økonomiske utviklinga i desse føretaka.

Det er etablert ei rutine der administrasjonen gjer ei enkel økonomisk vurdering av økonomien i føretak der kommunen har eigarinteresser. Denne saka er den administrative oppfølginga av rekneskapsåret 2016.

Det er ingen av føretaka som syner ei alarmerande utvikling. Der er gitt ein kort kommentar på enkelte sentrale føretak.

Bakgrunn:

Kommunestyret vedtok i K-sak 183/07 Selskapskontroll og oppfølging av økonomisk engasjement, rutinar for administrasjonen si oppfølging av kommunen sitt økonomiske engasjement og eigarskap i ulike selskap (selskapskontroll).

På bakgrunn av dei rutinane som vart vedteke i K-sak 183/07, vart selskapskontroll utført for rekneskapsåra 2008 og 2009.

Rutinen for administrativ oppfølging av selskapa viste seg å være arbeidskrevjande, og Rådmannsgruppa etablerte i 2015 ei arbeidsgruppe som skulle revidere rutinen. Den reviderte rutinen vart vedteke av kommunestyret i K-sak 76/16. Den nye rutinen inneber ein forenkla arbeidsprosess for den administrative oppfølginga, då den økonomiske vurderingane vert gjort på bakgrunn av rekneskapstal som ligg offentleg tilgjengeleg i Brønnøysundregisteret.

Den reviderte rutinen fokuserer i større grad på kommunen si utøving av eigarskap, og nyttar no omgrepet Eigarskapskontroll i staden for Selskapskontroll.

Saksopplysningar:

Ny rutine for lovpålagt eigarskapskontroll var vedteke i K-sak 76/16 den 25.05.2016. Denne saka er den årlege rapporten som følgje av denne rutinen.

Dette er andre året at eigarskapskontrollen vert utført etter ny rutine. Eigarskapskontroll for rekneskapsåret 2015 vart vedteke i K-sak 187/2016.

Oppstillinga nedanfor syner selskap der Herøy kommune har eigarandelar eller eigarinteresser, sortert etter organisasjonsform. Opplysningane om bokført verdi er henta frå balansen i kommunen sitt rekneskap 2016 note 10. Oversikta inneheld og opplysningar om bokført verdi i balansen, eigardel og om det er utarbeidd ei analyse av føretaket.

Rutinen opnar for at kommunestyret kan bestille ein utvida rapport om enkeltføretak.

Oversikt eigarskap i Herøy kommune

Selskap	Bokført verdi	Eigardel	Analyse
Interkommunalt samarbeid KL §27			
Interkommunalt samarbeid. KL §27. Eige rettssubjekt.			
Vest kontroll		11,11 %	
Vertskommunesamarbeid §28-1a, 28-1b og 28-1c			
SSIKT - Søre Sunnmøre IKT.			
Søre Sunnmøre Landbrukskontor			
Interkommunalt legevaktsamarbeid, natt § 28b			
Interkommunal gjeldsrådgjeving			
Sunnmøre krisesenter			
Sunnmøre innkjøpssamarbeid			
Interkommunal arbeidsgjevarkontroll			
Interkommunal jordmorteneste			
Interkommunale selskap			
Sunnmøre regionråd IKS		5,88 %	
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS		14,29 %	
Interkommunalt Arkiv IKS		2,51 %	
Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS		36,36 %	Vedlegg 1
AS/ASA deleigd av kommunal/kommunale aktørar			
Nordøyvegen AS	5 000	0,0 %	
Hareid fastlandssamband AS	104 000	1,4 %	Vedlegg 2
Sande Fastlandssamband AS	30 000	1,5 %	
Muritunet AS	130 000	0,9 %	Vedlegg 3

Sunnmørsbadet AS	4 570 000	54,4 %	Vedlegg 4
Tussa Kraft (SE aksjar)	55 192 000	16,9 %	Vedlegg 5
Tussa Kraft AS	1 000 264		
Furene AS	187 981	8,1 %	Vedlegg 6
Runde Miljøbygg	1 501 000	6,8 %	Vedlegg 7
Rovdefjordbrua AS	70 000	1,1 %	
Fosnavåg konserthus AS	8 005 000	52,8 %	Vedlegg 8
Kystvegen Måløy-Florø AS	150 000	1,1 %	Vedlegg 9
Leikanger Grendahus	50 000		
Moltustranda grendahus	439 900		
Samvirkeforetak			
Kommunal Landspensjonskasse gjensidig forsikringsselskap	15 762 515	0,00 %	
Herøy Vasslag SA	353 350		Vedlegg 10
Stemmedalen Vassverk SA	268 200		Vedlegg 11
Moltustranda Vassverk SA	3 600		
Nerlandsøy Vasslag SA			
Stiftingar			
Stiftinga Maritime Nordvest	1 000		

Utval av selskap der det er gjort ei økonomisk analyse er gjort administrativt, og ein har laga analyser på alle aksjeselskap med verdi over 100.000 kr i note 10. I tillegg er det gjort analyse av SSK IKS og Herøy vasslag SA og Stemmedalen Vasslag SA. Dei to sistnemnte grunna betydeleg garantiansvar.

Analysen inneheld opplysningar om selskapet sitt vedtektsregistrerte formål, Herøy kommune sin definerte strategi med eigarskapet, rekneskapstal for dei tre sist tilgjengelege åra, og ei kollonne med fargekode basert på utviklinga i rekneskapstala. Vidare inneheld analysen informasjon om kven som har representert kommunen som eigar i eigarskapsorganet, og namnet på styremedlemene i selskapet. For nokre selskap er det gitt tilleggsinformasjon i form av kommentarar. Til sist ligg ei detaljert forklaring til enkelte økonomiske begrep som er nytta i analysen.

Ein tek sikte på å legge fram ei årleg sak om Eigarskapskontroll i oktober/november. Administrasjonen tek gjerne i mot forslag til forbetringar til vår sak/analyse.

Vurdering og konklusjon:

Kommentar til enkelte av selskapa:

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Selskapet sin eigenkapital er no positiv kr 1.026.929 etter å ha hatt negativ eigenkapital siste åra.

Overskotet innan hushaldningsrekneskapet var 2.897.000 i 2016. Dette er overført til sjølvkostfondet som 31.12.2016 er kr 15.643.000.

Selskapet leverer og eit overskot innan næringsverksemda kr 1.122.576. Overskotet er nytta til å dekke tidlegare udekkta tap kr 95.647 innan næringsdelen, og resten av overskotet er avsett til annan eigenkapital.

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS starta ordinær drift i 2015, og har i 2016 sitt første ordinære driftsår. Driftsresultat før skatt vart eit underskot kr - 938.263. Dette er vesentleg dårlegare enn i 2015 då rekneskapen synte eit overskot før skatt kr 795.602. Underskot etter skatt 2016 kr 934.118 er ført mot udekkta tap i rekneskapen.

Føretaket har om lag kr 300.000 lågare inntekter enn budsjettert grunna lågare sponsoravtalar i følgje årsmeldinga. Lønnskostnader i rekneskapet syner ei auke frå 4,0 mill.kr i 2015 til 5,2 mill.kr i 2016. Veksten er sannsynlegvis relatert til at anlegget ikkje var i drift i heile 2015.

5010 Lønn ansatte	5 343 177	62,5
5015 Vikarlønn	157 457	1,8
5040 Feriepenger	660 076	7,7
5310 Gruppelivsforsikring	12 000	0,1
5390 Annen oppg.pl. godtgj.	12 000	0,1
5410 Arbeidsgiveravgift	650 059	7,6
5411 Arb.giveravg. av pål. feriepenger	69 968	0,8
5901 Gaver ikke fradragsber.	20 000	0,2
5920 Yrskeskadeforsikring	8 400	0,1
5940 Pensjonsforsikr. ansatte	600 000	7,0
5942 LO/NHO-ordninger AFP-OU Fond	20 000	0,2
5980 Bedriftshelsetjeneste	16 000	0,2
5990 Sosiale utg./annen personal.kostr.	20 000	0,2
Lønn og andre personalkostnader	7 589 137	88,8
6000 Avskrivning bygninger	131 100	1,5
6010 Avskrivning inventar/utstyr	54 400	0,6
6020 Avskr. akebakke/uteområde	8 550	0,1
6030 Avskrivning leiker/utstyr ute	15 100	0,2
Avskrivning varige driftsm.	209 150	2,4
6320 Vassavgiftkomm. avgifter	28 000	0,3
6340 Lys, varme, etc.	65 000	0,8
6360 Renhold og renovasjon	40 000	0,5
Kostnader lokale	133 000	1,6
6410 Leiker, spel o.l.	10 000	0,1
6420 Bøker	5 000	0,1

Resultatbudsjett 2016

Sirlihaugen Barnehage SA

Alle beløp i NOK

	Budsjett	%
Resultat etter skatt	8 420	0,1

Utarbeidet 27.02.2017 -

REFERAT FRÅ STYREMØTE I SIRLIHAUGEN BARNEHAGE
TYS DAG 17.10.17 KL.20.30

- Desse møte: Linn Therese Sævik
Sindre Rolvsjord
Anne Britt Kvalsvik
Guro Hydle Kvalsvik for Odd Arve Jensen
Ann Kristin Jøsok
Lena Kvalsund Myklebust
- Sak 25/ 2017 **Godkjenning av innkalling og førre møtereferat**
Godkjent!
- Sak 26/2017 **Konstituering av styret. Fortsett som tidlegare:**
Leiar: Linn Therese Sævik
Nestleiar: Odd Arve Jensen
Sekretær: Sindre Rolvsjord
- Sak 27/ 2017 **Rekneskap pr.31.08.17**
Vedlegg 2
Pr.31.08 har vi eit overskot på kr. 316.259,- Dette kjem godt med med tanke på reduksjonen i inntekt dei siste 4 mnd av året.
Ingen store sprekkar.
Vil vise seg på neste rekneskap korleis maten gjev utslag. Maten er eit positivt innslag.
- Sak 28/ 2017 **Tilbod opparbeiding av uteområdet**
Vedlegg 3
Vedlagt finn de alle tilbod som har med dette å gjere. Vi har eit frå Lekolar på apparat og fallunderlag på kr. 912.047 ,- så har vi et frå Olsen og Inderøy på kr. 635.100,- og to frå Arhaug Maskin på til saman kr. 300.710,- . Tilsaman vert det kr. 1.847.857,- ekskl.mva.
Lekolar ynskjer oppstartsmøte i oktober.
Går nok for grå farge på borgen. Den lille båten blir nok blå. Reiestativet blir nok grått eller blått.
Sjølv om prisen blir under 2`000`000,- for heile pakka (omkring på 1`800`000,-), søker vi om lån på 2`000`000,- allikevel.
- Sak 29/2017 **Låneopptak**
Det viser seg at vi kan kvalifisere til lån i kommunalbanken. Då er renta opp til 2 % mindre enn i dei andre bankane. Då må vi i so tilfelle søke om kommunal garanti. Vi må vedta kor mykje vi vil låne og kor mange års nedbetalingstid vi vil ha.

Vedtak: Etter fullmakt frå årsmøtet vedtek styret å søke om lån på 2'000'000 med kvartalsvis betaling med løpetid på 15 år. Vi søker samtidig om kommunal garanti som sikkerheit for lån.

Sak 30/2017

Eventuelt

Fosnavåg 17.10.17

Sindre Rolvsjord

-sekretær-



Protokoll frå ekstraordinært årsmøte for foreldresamvirket Sirlihaugen barnehage

Møtet vart avvikla i Sirlihaugen barnehage mandag 25. september 2017

1 - Espen Bårdsnes Dypvik vart valt som årsmøtesekretær. Sveinung Storøy vart valt til å signere protokollen.

2 - Sakliste og innkalling vart godkjent utan kommentar.


3 – Linn Therese Sævik orienterte om tilbodet firmaet Lekolar har gitt på opparbeiding av nytt uteområde. Det vart lagt fram følgande forslag til vedtak:


«Årsmøtet i Sirlihaugen Barnehage SA, 963748426 gir hermed styret fullmakt til å oppta ein nedbetalingskreditt/rammekreditt pålydande kr. 2.000.000 i Sparebanken Møre, samt å pantsette samvirkelegets eigendom gnr. 29, bnr. 269 i Herøy kommune for eit tilsvarande beløp. Dei som har signaturrett skal underteikne alle aktuelle kreditt- og sikkerheits dokumenter.»

Etter benkeforslag vart det vedtatt å endre «Sparebanken Møre» til «bank» slik vedtaket gir ei opning for å forhandle rente i fleire bankar. Følgande vedtak vart einstemmig vedtatt:

«Årsmøtet i Sirlihaugen Barnehage SA, 963748426 gir hermed styret fullmakt til å oppta ein nedbetalingskreditt/rammekreditt pålydande kr. 2.000.000 i banken, samt å pantsette samvirkelegets eigendom gnr. 29, bnr. 269 i Herøy kommune for eit tilsvarande beløp. Dei som har signaturrett skal underteikne alle aktuelle kreditt- og sikkerheits dokumenter.»

4 – Det vart einstemmig vedtatt å opprette ei Facebookside for marknadsføring av barnehagen. Formålet er å vise dei positive aktivitetane borna i Sirlihaugen barnehage får ta del i. Årsmøtet er enig i at det er viktig å gjere dette kjent for å auke søkjartala til barnehagen dei komande åra. Det vart presisert at innlegg på Facebook skal publiserast på ein slik måte at borna ikkje kan identifiserast utan samtykke frå foreldra.


Espen Bårdsnes Dypvik


Sveinung Storøy

Vedtekter for samvirkeforetaket Sirlilhaugen barnehage SA

Vedtekne på årsmøte 12. april 2012. Sist endra i årsmøte 25. april 2013
(Opprinnelege vedtekter vedtekne 23.03.1992 og revidert 31.03.2004.)

§1 Foretaket

Foretaket er eit samvirkeføretak med foretaksnamnet Sirlilhaugen barnehage SA

Foretaket har forretningskontor i Herøy kommune.

Foretaket er eit sjølvstendig rettssubjekt med avgrensa ansvar. Det enkelte medlem sitt ansvar er avgrensa til verdien av sin(e) innbetalte andel(ar).

§2 Formål

Formålet for foretaket er å eige og drive barnehage til det beste for medlemmane og borna deira. Barnehagen skal drivast etter dei offentlege føreskrifter og retningsliner som til ei kvar tid er gjort gjeldande.

Foretaket skal fremje medlemmane sine interesser gjennom deira deltaking i verksemda som kjøparar av barnehagetenester frå føretaket.

Formålet er ikkje kapitalavkasting til medlemmane. Eventuelt årsoverskot skal godskrivast eigenkapitalen i foretaket. Driftsoverskot skal fullt og heilt nyttast til drifta av foretaket.

§3 Medlemskap / andelsinnskot

Foretaket er ope for foreldre/føresette som får tilbod om barnehageplass i barnehagen. Når foreldre/føresette har akseptert tilbod om barnehageplass, pliktar dei å bli medlem av foretaket. Medlemskapet kan etter avtale med dagleg leiår overdragast mellom føresette som har felles born.

Medlemmane skal ikkje betale medlemskontingent.

Medlemmane heftar ikkje overfor kreditorane for føretaket sine forplikningar.

Føresette som etter søknad takkar ja til tilbod om plass til born i barnehagen, stadfestar dette ved innbetaling av andelskapital. Innbetalt andelskapital gir rettar og pliktar som medlem.

Ein andel er pålydande NOK 2.000,- (to tusen). Det skal teiknast ein andel pr. barn som får plass i barnehagen. Andelsinnskotet skal vere betalt før medlemmen kan nytte sin rett til bruk av barnehageplass. Andelsinnskot skal ikkje forrentast.

§4 Utmelding

Medlemmane seier opp barnehageplassen og melder seg ut av foretaket når ein ikkje lenger vil nytte seg av plass til born i barnehagen.

Eit medlem pliktar ved skriftleg utmelding å melde seg ut av foretaket samstundes som barnehageplassen vert oppsagt, med mindre anna er avtalt med styret. Utmeldingsfristen er like lang som oppseingstida for barnehageplassen, men høgst tre månader rekna frå den dagen den skriftlege utmeldinga kom fram til foretaket.

Har medlemmar fleire barnehageplassar, pliktar medlemmen ved skriftleg utmelding å melde seg ut av foretaket samstundes som siste barnehageplass blir oppsagt, med mindre anna er avtalt med styret.

Utmeldingsfristen er like lang som oppseingstida for barnehageplassen, men høgst tre månader rekna frå den dagen den skriftlege utmeldinga kom fram til foretaket.

Ved utgått utmeldingsfrist har medlemmen krav på å få tilbakebetalt andelsinnskottet. Medlemmar med fleire barnehageplassar har krav på å få tilbakebetalt eitt andelsinnskott for kvar barnehageplass etter utgått utmeldingsfrist.

§5 Styret

Foretaket skal ha eit ansvarleg styre som skal bestå av 6 medlemmar, og i tillegg 2 varamedlemmer.

Som hovudregel skal medlemmar til styret veljast for to år om gongen. Vararepresentantar skal veljast for eit år om gongen. Årsmøtet kan likevel ta omsyn til behovet for kontinuitet i styret når nye representantar vert valde, og det er difor høve til å velje ein eller fleire av styremedlemmane for eit år om gongen. Nye representantar tiltrer samstundes som nytt barnehageår startar.

Styret konstituerer seg sjølv med leiar, nestleiar og sekretær. Leiar av styret har saman med ein av styremedlemmane signatur i laget.

Dei tilsette skal ha to representantar i styret, desse skal veljast av arbeidstakarorganisasjonane for to år om gongen. Desse skal ha personlege varamedlemmer

Det skal førast protokoll frå styret sine møter. Protokollen skal underteiknast av styreleiar og sekretær.

§6 Styreoppgåver

Styret fastset retningslinjer for drift av barnehagen, i samsvar med foretaket sine vedtekter og årsmøtet sine vedtak.

Styret skal leie verksemda i samsvar med lov, vedtekter og årsmøtet sine vedtak. Styret kan ta alle avgjersler som ikkje i lova eller vedtektene er lagt til andre organ.

Styret skal fastsetje planar og budsjett for verksemda, å orientere om budsjettet på årsmøtet. Styret har ansvaret for at rekneskapen saman med styret si årsmelding vert lagt fram for årsmøtet.

Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar og verksemda i foretaket for øvrig.

Styret har arbeidsgivaransvaret i barnehagen.

Styret skal utarbeide en styreinstruks

§7 Dagleg leiar

Barnehagen skal ha dagleg leiar, tilsett av styret.

Dagleg leiar har ansvaret for den daglege drifta av barnehagen, mellom anna personalansvar. Dagleg leiar skal stå for den daglege administrative og pedagogiske leiinga av verksemda i foretaket og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

Dagleg leiar kan elles avgjere ei sak etter fullmakt frå styret i kvart enkelt tilfelle eller når det er til vesentlig ulempe for foretaket å vente på styrevedtak. Styret skal ha melding om avgjerdsla så snart som mulig.

Dagleg leiar skal minst kvar fjerde månad, i møte eller skriftleg, gi styret melding om verksemda i foretaket, tilstand for foretaket og resultatutviklinga. Styret og det enkelte styremedlem kan til ei kvar tid krevje at dagleg leiar gjer nærare greie for bestemte saker.

§8 Arsmøte

Årsmøtet er foretaket sitt øvste organ.

Ordinært årsmøte skal heldast innan utgangen av april månad. Skriftleg innkalling, med minst 14 dagars varsel skal gå til alle som er registrerte medlemmar. Sakliste skal vere vedlagt innkallinga.

Styret skal kalle inn til ekstraordinært årsmøte når det vert vurdert som nødvendig, eller når minst ein firedel av medlemmane krev det.

På det ordinære årsmøtet, som vert leia av styret sin leiar, skal mellom anna fylgjande saker handsamast:

- a) Godkjenning av driftsrekneskap og årsmelding.
- b) Val av styrerepresentantar
- c) Val av revisor (når denne er på val)
- d) Eventuelle vedtektsendringar

Det skal førast protokoll for årsmøtet. Protokollen skal underteiknast av møteleiar og ein person valt av årsmøtet, og distribuerast til alle medlemmane.

Eit medlemsskap gir rett til ei stemme. Eit medlem kan med skriftleg og datert fullmakt, røyste for fleire medlemmar på årsmøtet. Men ein kan ikkje røyste for meir enn eit medlem i tillegg.

§9 Vedtektsendring

Vedtak om vedtektsendring krev 2/3 fleirtall av dei avgitte stemmene med mindre samvirkelova stiller strengare krav.

§10 Oppløysing og avvikling

Oppløysing av foretaket skal avgjerast av årsmøtet med same fleirtall som gjeld for vedtektsendringar (2/3).

Foretaket sine medlemmar har rett til å få utbetalt sine andelsinnskot dersom det er midlar i foretaket etter at det har dekkja sine forpliktingar.

Gjenverande midlar utover dette skal gå til samvirkeformål eller allmennyttige formål.

§11 Forholdet til lov om samvirkeforetak (samvirkelova)

Dersom ikkje anna følgjer av vedtektene, gjeld lov om samvirkeforetak (samvirkelova) av 29.06.2007 nr. 81.

Minuttenes Sævi
Sindre R. d. d. d.



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LINKVA	Arkivsaknr:	2016/593
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
195/17	Formannskapet	21.11.2017

BUDSJETTKONTROLL PR. 30.09.17

Tilråding:

Budsjettkontrollen per 30.09.2017 blir tatt til vitande.

Særutskrift:

- Vest Kontroll IKS
- Søre sunnmøre kommunerevisjon IKS
- Kommunalsjefane, her

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Herøy kommune har økonomiske utfordringar i 2017. Baserte på tilbakemeldingar frå sektorane/avdelingane ser det ut til at desse får eit meirforbruk på totalt 6,1 mill kr dette året basert på rekneskapstala per 30.09. Vidare er dei budsjetterte inntektene frå skatt og rammetilskott samla sett om lag 5,2 mill kr høgare enn det som ser ut til å bli reelt basert på KS sin prognosemodell. Andre faktorar ser også ut til å slå negativt ut og samla sett kan kommunen gå mot eit samla meirforbruk på 12,2 mill kr. Men kommunen har bundne fonds på nær 1,8 mill kr som kan nyttast til saldering av eit meirforbruk og i tillegg voner ein at pensjonsavvik slår positivt ut i høve det budsjetterte.

Saksopplysningar:

Tabellen under er delt opp etter ny organisering. I tabellen ser vi at det er sektor for Helse og omsorg som har dei største utfordringane med å halde budsjettbalansen i 2017. Totalt melder dei om eit meirforbruk i 2017 på om lag 5,95 mill kr.

Den andre store posten som slår «uheldig ut» for oss i 2017 er skatteinntektene. Desse blir betydeleg lavare enn opprinneleg budsjettert (ca 17,5 mill kr) men pga høgare skatteinntekter på landsbasis enn forutsett i revidert nasjonalbudsjett får vi ein total svikt i skatt/ramme på vel 5,0 mill kr i 2017.

Sektor/område	Avdelingsleiers vurdering (avvik i kr)	Avvik per 30.09.2017	Totalt Årsbudsjett	Rekneskaps prognose pr. 31.12.17	Avvik i %
Politisk leiding	-	177	4 050	4 050	-
Administrativ leiding	1 000	617	3 380	2 380	30
Sektor Stab	130	-3 890	48 201	48 071	0
Serviceforretning	100	227	2 960	2 860	3
Dok.senter og pol.sekr.	30	82	2 180	2 150	1
Økonomiavd.	-	-109	5 650	5 650	-
Personal-og organisasjonsavd.	-	-443	7 810	7 810	-
Informasjonsteknologi	-	-672	6 760	6 760	-
Eigedomsavd.	-	-2 975	22 841	22 841	-
Sektor Oppvekst	1 000	5 768	180 240	179 240	1
Barnehageavd.	-	2 079	67 140	67 140	-
Grunnskuleavd.	1 000	3 689	113 100	112 100	1
Sektor Helse og Omsorg	-5 950	-8 216	198 500	204 450	-3
Barn, familie, helse	-1 300	-1 818	38 800	40 100	-3
Pleie-og omsorgsavd.	-4 000	-7 674	109 320	113 320	-4
Bu-og habiliteringsavd.	-650	-960	40 980	41 630	-2
Sosial og flyktning	-	2 236	9 400	9 400	-
Sektor Samfunnsutvikling	-1 200	10 700	34 023	35 223	-4
Kulturavd.	-1 000	-1 196	8 610	9 610	-12
Utviklingsavd.	-	2 363	8 970	8 970	-
Anlegg-og driftsavd.	-	10 195	8 069	8 069	-
Brannvern og feiing	-200	-662	8 374	8 574	-2
Overføringar	100	105	13 260	13 160	1
Ø-hjelp og mottak	-1 200	-119	-1 166	34	103
Skatt, ramme, finans, tilskot	-6 000	-27 545	-480 488	-474 488	1
SUM	-12 120	-22 403	-	12 120	

Når det gjeld kulturavdelinga er det ein del inntektspostar som syner seg ikkje å vere ført slik at ein har eit håp om at avviket ikkje vert på langt nær 1,0 mill kr slik det står i tabellen over.

Tabellen nedanfor syner på kva utgiftsartar/inntektsartar ein får meirutgifter og mindreinntekter. Meirutgiftene knytt til løn kan bli endå høgare enn skissert under. Grunnen til dette er at ein innan sektor for Helse og omsorg har trekt meirinntekter i form av statstilskott ressurskrevjande brukarar frå dei auka lønskostnadane slik at det er netto auken ein ser under.

	Rekneskap pr. 30.09.16	Rekneskap pr. 30.09.17	Revidert budsjett pr. 30.09.17	Avvik hittil i år	Forventa avvik pr. 31.12.17	Revidert årsbudsjett	Forventa årsresultat
Sum totalt	-40 201	-19 192	-41 603	-22 411	12 120	-	12 120
Utgifter	493 587	489 793	521 364	31 571	6 120	717 599	723 719
Løn inkl. sosiale utgifter	297 614	315 862	302 482	-13 380	2 720	420 210	422 930
Kjøp av varer og tjenester	118 346	123 259	126 528	3 269	1 000	171 470	172 470
Overføringar og andre utgifter	77 627	50 672	92 354	41 682	2 400	125 919	128 319
Inntekter	-533 788	-508 985	-562 967	-53 982	6 000	-717 599	-711 599
Salsinntekter	-59 586	-59 744	-57 403	2 341		-82 039	-82 039
Refusjon sjukeløn	-12 542	-14 476	-9 887	4 589		-12 885	-12 885
Andre refusjonar og tilskot	-461 660	-434 765	-495 677	-60 912	6 000	-622 675	-616 675

Vi har her valt å sakse inn det dei budsjettansvarlege har notert ned i månadsrapporten sitt kommentarfelt.

Kommentar frå Rådmann

Som rapportert tidlegare i år går Herøy kommune mot eit meirforbruk (underskott) i 2017. Kor stort dette vil bli er framleis usikkert og det er slik at mykje kan skje dei siste 3 månadane av året. Det har vi sett tidlegare og det kan vi sjølvsagt sjå igjen. Per no har vi ein større svikt i skatteinntektene i høve til budsjettet. Dette har blitt rapportert sidan 30.04 og har ikkje endra seg stort sidan den gong. Når det gjeld tenestene er rapportane litt meir oppløftande. Trass i at avdelingane innan sektor for helse og omsorg og samfunnsutvikling slit med budsjettbalansen seier dei to andre sektorane at dei klarer å halde budsjettet eller til og med oppnå eit mindreforbruk i 2017. Samla sett er det no rapportert av sektorane samla vil få eit meirforbruk i 2017 på om lag 6,0 mill kr. Om alle usikre punkt går i kommunen sin disfavour resten av året kan samla meirforbruk/mindreinntekter utgjere nær 12,2 mill kr. Rådmannen voner at ein gjennom nøysom bruk av midlar resten av året og at ein del av dei usikre faktorane går kommunen sin veg vil gjere at meirforbruket/mindreinntektene blir vesentleg lavare enn 10,0 mill kr.

Folkevalde

Det er utbetalt ca 180.000 kr meir i møtegodtgjersle i 2017 enn i tilsvarende periode i fjor. Det er likevel ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg meirforbruk på dette ansvaret i 2017.

Administrativ leiing

Prognosen for mindreforbruk på dette ansvaret er framleis ca. 1,0 mill. kr pga. vakanse i stilling som assisterande rådmann m.m.

Sektor Stab

Servicetorget

Avvik i inntekter : Vesentleg refusjon sjukeløn

Avvik i utgifter : Utgifter telefoni er ikkje fordelt ut i organisasjonen.

Prognose per 31.12.2017 - Positivt avvik på minimum kr 100.000,-

Dokumentsenter og politisk sekretariat

Avvik i inntekter/utgifter:

Dokumentsenteret og politisk sekretariat har p.t eit lite meirforbruk på løn pga. etterbetaling løn og av di ein medarbeidar har auka stillingsprosent ut året. Ut over dette, og kjøp og utkjøp av kopimaskin, er det ingen merknader.

Prognose per 31.12.2017 i kr:

På grunn av endringar i stillingsprosentar vil samla lønskostandar vert noko lågare. Dokumentsenteret og politisk sekretariat vil halde budsjettet for 2017, og pga. ein liten nedgang i stillingsprosent samla sett, kan ein ha von om eit mindreforbruk på kring 2-3% eller mellom 30 000–45 000 kroner. Dette sjølv sagt under føresetnad om at Dokumentsenteret og politisk sekretariat ikkje får uføresette kostandar.

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato:

Det er per september eit mindreforbruk på om lag 5%.

Eventuelt ting som kan oppstå seinare i året:

Kommunalsjef Stab er ikkje kjend med at det vil kome større utgifter eller inntekter resten av året, som vil ha vesentleg innverknad på rekneskapen.

Økonomiavdeling

Økonomiavdelinga har god kontroll på kostnadssida og per i dag er det godt samsvar mellom budsjett og rekneskap her.

Når det gjeld inntektene vil nok desse bli redusert i 2017 i høve til budsjettet. Dette skuldast at vi ikkje lenger mottek betaling frå Legekontora i kommunen pga. ny avtale mellom kommunen og legane.

Trass i ein inntektssvikt i 2017 i høve til budsjettet på i overkant av kr 100.000,- voner vi å om lag balanse mellom rekneskap og budsjett dette året.

Vår prognose er såleis at vi får eit avvik på kr 0,-. Blir det eit avvik vil det vere positivt.

Personal- og organisasjonsavdelinga

1261 Personal- og organisasjonsavdelinga, har hatt og vil ha høgare lønskostnader i 2017 som følgje av løn til kommunalsjef.

Kostnader til reiseutgifter og diett har overforbruk i høve til budsjett, og skuldast auka aktivitet knytt til OU prosess og aktivitetar som ikkje er planlagde i budsjettet. Dette må eventuelt dekkast inn over redusert aktivitet på andre postar.

Viser elles til tidlegare kommentarar når det gjeld 1264 lærlingar, og kostnader knytt til leiarutviklingsprogram og 10-faktor.

Informasjonsteknologi

Avvik i inntekter (kvifor) - ingen avvik å melde. Inntekter frå driftsavtaler vert fakturert årleg i november/desember.

Avvik i utgifter (kvifor) - Eit lite overforbruk på lønn og pensjon, elles i balanse i forhold til

budsjett. Telling av Microsoftlisensar mars førte til at ein måtte justere opp talet på lisensar. Dette kjem fyrst og fremst av nybygg med nye arbeidsstasjonar. Microsoftlisensane vert rundt 50 000 dyrare enn det som var budsjettert. Internettaksess frå Tussa sagt opp. Mindreutgift på rundt 25 000 for andre halvdel 2017. Avvik ned frå 15% førre månad til 10% denne månaden. Dette skuldast hovudsakleg betaling av årsfaktura frå SSIKT som ikkje er periodisert, og ein forventar at avviket vil vere enno mindre neste månad.

Prognose per 31.12.2017 i kr - Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret ved årets slutt til trass for noko høgare kostnad på Microsoftlisensar enn berekna.

Evt ting som kan oppstå seinare i året. Lisensar vert fakturert noko ulikt frå leverandør til leverandør. Vi får rekningar både per kvartal, halvår og år. Dette kan gi utslag i avvik i utgifter enkelte månader, men jamnar seg ut i løpet av året. IKT betalar for leasing av 2 kopimaskiner hjå BFH. Desse vert fakturert avdelingane ved årets slutt. Utgjør ein årleg kost på rundt 75 000

Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga legg til grunn at vi skal gå nokon lunde i balanse ved årslutt. Som tidlegare rapport er det store utfordringar innanfor dei ulike ansvarsområda, men totalt sett skal vi nokon lunde kome i hamn.

Sektor Oppvekst

Barnehage

Eit positivt avvik per 30.09 skuldast at refusjonskrav til Herøy kommune for hausten 2017 ikkje kjem før i desember. Dette gjeld ekstraressurs til barn, refusjon tapte inntekter pga syskjenmoderasjon og lav inntekt i private barnehagar samt betaling til andre kommune for barn busett i Herøy med barnehageplass i andre kommune.

Det er utbetalt litt meir i kommunalt tilskot enn periodiseringa skulle tilsei. Årsaken er det ekstra tilskotet som vart utbetalt til private barnehagar etter endring av forskrift for pedagogisk bemanning som krev at andelen pedagogar skulle aukast allereie frå 1. aug. 2017. Ekstratilskotet skulle kompensere den auka utgifta dei private barnehagane fekk . Det er eit lite mindreforbruk på løn og sosiale utgifter for kommunale barnehagar. Dette skuldast høgare refusjon sjukepengar enn budsjettert og nøye vurdering av vikarbruk. Prognose: M.a pga at det vart gjort nytt vedtak om utbetaling av kommunalt tilskot til ein privat barnehage pga nedgong i barnetalet hausten 2017, ser det ut til at barnehageområdet vil ha

balanse ved utgangen av året eller eit mindreforbruk.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Avvik utgifter:

Lønn inkl. sos.utgifter 1,1 mill under budsjett. Dette er kombinasjon mindre vikarutgifter og arb.gj.avgift.

Varer og tenester 3,5 mill under budsjett. Dette er i hovudsak kostnader som vil måtte dekkast seinare på året; skuleskyss, kjøp frå kommunar (fosterbarn) og kjøp frå private (m.a. ref spes.ped barnehage)

Det er spart inn på lærebøker, som går inn og kompenserer for meirutgifter ved l'pad-satsinga (leasing nettbrett og lisensar)

Avvik inntekter: 588' under budsjett

Brukarbetalinga for kulturskulen er ikkje fakturert for haust'17. Det er heller ikkje sendt refusjonskrav for 2.halvår til andre kommunar (fosterbarn)

Vi ligg 865' over budsjett på refusjon sjukelønn, noko som inneber ei innsparing jfr også reduserte vikarutgifter. Vi har også statlege tilskot over budsjett, samla ca 300'.

Prognose: Om vi held same nivået som no, og det ikkje oppstår situasjonar der vi må inn med styrka ressursar, vil vi anta eit netto mindreforbruk på ca 1 mill.

Sektor Helse og Omsorg

Barn, familie og helse

Avvik på inntekter skuldast i hovudsak nye leigeavtaler med legane og mindreinntekter ved betaling av husleige. Dette kan verte eit større avvik enn det som tidlegere er varsla.

Avviket på utgifter skuldast i hovudsak utbetaling av oppreisning for barnevernsbarn, skuleheimsbarn og fosterbarn. Det vil verte ei budsjettkorrigering på denne utgifta i haust. Det er også auka lønsutgifter som skuldast at bevilga tilskot ikkje var ført til inntekt endå.

Prognose per 31.12.2017 har vore meldt til eit meirforbruk på kr. 1.3 mill. Det er usikkert om dette vil halde då det fortsatt står igjen nokre månader av året. Det er første året med nye leigeavtaler for legane slik at det er ein viss usikkerheit i dette beløpet.

Når det gjeld helsetenesta generelt og kva som kan oppstå seinare i året vil eg særleg nemne det auka talet på ressurskrevjande pasientar innan mange av fagområda.

Forbruket per september er om lag i forhold til forventa forbruk per september. barnevernet arbeidar med nokre store og kompliserte saker så ein håper fortsatt at budsjettet skal gå i balanse ved årets slutt. det kan likevel verte eit meirforbruk dersom utgiftene i desse sakane medfører store utgifter alt i 2017.

Pleie og omsorgsavdelinga

Avvik i inntekter: Vi forventar ei inntekt på ca 4 million frå staten, som kompensasjon for ressurskrevjande tenester.

Avvik i utgifter: Avvik på grunn av rammekutt, ekstra utgifter til løn og kjøp av eksterne tenester. Vi ligg klart over ønska forbruk per september. Rekninga frå RO for ekstern evaluering av helse og omsorgstenesta, er førebels betalt over drifta til administrasjon. Effekten av lokalt lønnsoppgjer vil vi sjå på novemberløna.

Prognose per 31.12.17: Avdeling for pleie og omsorg vil samla sett få eit negativt avvik per 31.12.17. Faktorane for avvik har vore kjent heile året.

Negativt avvik på grunn av auke drift tilsvarande 9,5 årsverk i heimetenesta i heile 2017. I tillegg eit høgt rammekutt og betaling til RO over adm sitt budsjett. Vi har grovt rekna å få igjen ein i refusjon/statstilskot for ressurskrevjande brukarar på ca 4 million.

Likevel reknar vi med eit negativt avvik samla sett på slutten av året, om drifta er uforandra ut året, på omlag 4 million.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Avvik i inntekter: Ekstra inntekter på grunn av refusjon sjukeløn.

Avvik i utgifter: Høg overtidsbruk i 2017. Skuldast høg fråversgrad på grunn av sjukdom. Ekstra ressursbruk ifht auka behov for enkelte brukarar.

Prognose per 31.12.17: Negativt avvik i butilboda. Noko vert truleg kompensert med litt auke i statstilskot for ressurskrevjande tenester, men dette er ikkje finrekna på enda. Førebels er meldte negativt avvik 650 tusen samla sett, i denne avdelinga.

Sosial og flyktning

Desse tenestemråda har eit stort positivt avvik no.

På utgiftssida er det særleg overføringar til andre som er redusert. Dette er i det alt vesentlege utbetaling av sosialstønader og det må ein sjå på som positivt.

Når det gjeld inntekssida er det særleg overføringar frå staten som gjer meirinntekter. Dette er tilskot som skal nyttast utover hausten. I tillegg er det og relativt store refusjonar av sjukeløn.

Prognose per 31.12.2017 er at regnskapet skal vere i balanse, men det ser ut som om det kan verte eit mindreforbruk utan at eg per no tør å gå nærare inn på kor mykje det kan verte.

Sektor Samfunnsutvikling

Generell vurdering: Fleire av avdelingane har bra kostnadskontroll basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. måned. Ein vurderer til at ein har god kontroll på økonomistyringa totalt sett, men ein er uroa over avvika for område 55. Det har vore særskilt fokus på område 55 for å få kontroll over utviklinga noko som vil fortsetje til årsavslutninga. Område 40 signaliserer meirforbruk utan å talfeste dette i si rapportering.

Avvik i inntekter: mindreinntekt på utviklingsavdelinga, interne føringar ikkje gjennomført,
Avvik i utgifter: Meirutgifter til kjøp av varer, tenester og andre leigeforhold

Prognose pr 30.9.2017: Sektoren arbeidar for at forbruket på årsbasis skal gå i balanse, men det er utfordrande og forutset at Kulturavdelinga sitt meirforbruk ikkje vert så stort som det ser ut til å bli no.

Område 40 (Kulturavdelinga)

Generell vurdering:

Samla sett viser rekneskapen for område 40 eit meirforbruk på om lag 1,1 mill. pr. 30.09.2017.

Avvik i inntekter:

- 4011: Kulturkontoret. Sjå avvik i utgifter.

Avvik i utgifter:

Mykje av kostnadane fylgjer ikkje periodiseringa i budsjettet og vil fyrst vise balanserte tal nærare årsslutt. Vi nemner særleg:

- 4011: Kulturkontoret. Kostnader til rehabilitering av Sunnmørsjekta vert ført over kulturkontoret sitt budsjett. Kostnadane skal dekkast av RDA-tilskot som enno ikkje er inntektsførte Prognose ved årsslutt er balanse.
-

Dei øvrige områda er venta å gå i balanse med unntak av:

- 4021: Frivilligsentralen. Meirutgifter hovudsakleg til husleige, straum m.v. grunna at eigedomsavdelinga si tilrettelegging for flytting til kulturhuset ikkje er i rute. Prognose ved årsslutt er eit forventat meirforbruk på minst 75'.
- 4061: Konserthuset, meirutgifter hovudsakleg grunna uforutsette og ikkje budsjetterte kostnader til leige av bord/stolar med hotellet. Prognose ved årsslutt er høgst uklart grunna foran nemnte. Dei siste prognosene tyder på eit meirforbruk/mindreinntekter på totalt kr 360.000,-.

Prognose pr 30.9.2017:

Totalt sett vurderer ein det slik at det på årsbasis vil bli eit meirforbruk på inntil 0,5 mill kr.

Utviklingsavdelinga

Generell vurdering:

Samla sett viser rekneskapen for område 50 eit mindreforbruk på om lag 969 900.- pr. 30.09.2017. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.

Prognose pr 30.09.2017:

Totalsituasjonen er under kontroll. Budsjetterte inntekter ser ut til å gå mot balanse ved utgangen av 2017.

Anleggs- og driftsavdelinga

Samla sett viser rekneskapen pr. 30.09.2017:

område 51 eit mindreforbruk på om lag kr. 1 054 382.-

Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.

Oppsummering:

Totalsituasjonen er under kontroll.

Månadsrapporten gir likevel ikkje eit korrekt bilde for område 51 då :

*delar av interne føringar ikkje er gjennomført.

Brannvern og feiing

Sjå kommentaren under Sektor Samfunnsutvikling på side 8.

Andre områder ikkje knytt opp mot sektorane

Slik det ser ut per i dag vil desse tre avdelingane få eit meirforbruk/mindreinntekter på mellom 7 og 8 mill. kr i 2017.

Overføringar

Det ser ut til å vere ok samsvar mellom rekneskap og budsjett slik at det ikkje er grunn til å tru at det vert noko negativt avvik her i 2017.

Målet er eit mindreforbruk på kr 100.000,- i 2017.

Øhjelp, mottak

Dette området er budsjettert med eit mindreforbruk på nær 1,2 mill kr. Dette gjeld inntekter frå staten i samband med mottaket for mindreårige asylsøkjjarar som var lokalisert i Fosnavåg fram til 31.08.2017. Det gjer at inntektene her ikkje blir så store som forutsett og det kan også vere at avdelingar i Herøy kommune (skule, helse) har hatt ekstra kostnader til

drifta som dei vil ha refundert frå desse midlane. Det gjer at vi har kan få eit meirbruk på nær 1,2 mill kr sett i høve til budsjettet. Når det gjeld Øhjelp vert forbruket her i 2017 dekt av bundne fond og vil såleis gå i balanse.

Skatt, rammetilskott, finans, pensjonsavvik, interne finanstransaksjonar m.m.

Avvik i inntekter: Skatt/ramme er om lag 14,4 mill kr lavare enn budsjettert og avskrivningar er om lag 25,8 mill kr lavare enn budsjettert

Avvik utgifter: Avskrivningar som er omlag 22,7 mill kr og renteutgifter med om lag 4,4 mill kr mindre enn budsjettert. Når det gjeld avdrag har vi betalt inn heile avdragssummen for 2017 og den er om lag 3,9 mill kr høgare enn periodisert budsjett.

Vi er i ferd med å selje oss kraftig ned i norske aksjar pga endringar i vedteken finansreglement der det no står at 60% av aksjane skal vere i utanlandske aksjar (hjá oss utanlandske aksjefond utan valutarisiko). Slik det ser ut no vil vi klare den budsjetterte avkastninga på aktiv forvaltning. Vi trur også at rente- og avdragskostnadane er presist budsjettert. Når det gjeld skatt og ramme er skatteveksten på landsbasis om lag 4 mrd kr høgare enn rekna med i kommuneproppen og det gjer at mindreinntektene her som per 31.08.2017 var stipulert til om lag 8,2 mill kr no er redusert med om lag 3,0 mill kr - dvs 5,2 mill kr forutsett at vi har skatteinntekt på 260,0 mill kr i 2017.

Når det gjeld andre finansinntekter blir dei truleg om lag 0,8 mill lavare enn budsjettert (den statlege rentekompensasjonsordninga).

Forutsett at vi treff med pensjonsperekningane (pensjonsavvik, amortisering av pensjonsavvik etc) så vil vi få ei samla mindreinntekt på dette området på om lag 6,0 mill kr i 2017.

I budsjettet for 2017 har vi budsjettert med ei skatteinntekt på 275,0 mill kr og eit rammetilskott på 203,2 mill kr. Slik prognosene ser ut per 31.08.2017 er det grunn til at å tru at skatteinntektene vil bli på mellom 257,5 og 262,5 mill kr. Om skatteinntektene vert 260,0 mill kr vil rammetilskottet utgjere om lag 213,0 mill kr det vil seie at vi har får ein inntektssvikt på om lag 5,2 mill kr.

Når det gjeld finans ser det ut til at avdragskostnadane vil bli om lag som budsjettert (22,85 mill kr). Vi har budsjettert med 3,3 mill kr i statleg rente- og avdragskompensasjon. I 2016 utgjerde denne inntekta 2,3 mill kr og sjølv om vi i år har 16 nye omsorgsbustadar vi skal motta litt rentekompensasjon for vil eit ytterlegare redusert rentenivå gjere at vi nok manglar om lag 0,75 mill kr på å halde budsjetter på dette området.

Våre vilkår i bankavtalen er dårlegare no enn det den var i den føregåande avtalen slik at det ikkje er sikkert at vi får inn dei 1,3 mill kr vi har budsjettert med i ordinære renter på bankinnskot.

Under aktiv forvaltning har vi budsjettert med ei avkastning på 1,7 mill kr (3,4%) for våre obligasjonar. Per 30.09.2017 er avkastninga på nær 1,8%. Går vi ut frå at dei neste 3 mnd vil gje ei avkastning på 0,5% (totalt 2,2%) vil vil det utgjere ei avkastning på om lag 1,1 mill kr. Når det gjeld aksjeavkastning under aktiv forvaltning har vi budsjettert med heile 11% (kursvekst og utbytte) noko som utgjere i overkant av 2,3 mill kr. Per 30.09.2017 er avkastninga nær 15,0% eller om lag 3,0 mill kr.

Vi har budsjettert med om lag 14,0 mill kr i samla rentekostnadar i 2017. Gjelda vår er per dato på om lag 860,0 mill kr reknar vi ei snittrente på 1,65% vil dette utgjere om lag 14,1 mill kr på årsbasis. Det vil seie at vi bør treffe godt med årets budsjett.

Det siste vi kan nemne her er premieavvik på pensjon, amortisering av tidlegare års premieavvik og premiefond. I 2017 har vi budsjetttert med ei «inntekt» her på 13,8 mill kr. I 2016 utgjorde dette om lag 18,0 mill kr og i 2015, 2014 og 2013 hhv 9,1 mill kr, 11,7 mill kr og 6,2 mill kr. Som ein ser er det vanskeleg å berekne denne posten, men ein ting er sikkert for 2017 – dei samla netto pensjonskostnadane vil bli ein del høgare i 2017 enn det dei har vore siste åra 36,0 i 2016, 37,5 mill i 2015, 36,7 mill kr i 2014 og 33,9 mill kr i 2013).

Konklusjonen er at dette området per dato ser ut til å få eit negativt avvik på om lag 6,0 mill kr, men at ein endå større auke i skatteinntektene på landsbasis og ein vidare oppgang i aksjekursane på Oslo Børs vil vere med på å regulere denne summen positivt .

Vurdering og konklusjon:

Som ein ser av vurderingane over kan kommunen i 2017 få eit meirforbruk på inntil 12,2 mill kr (før bruk av ulike fonds). Vi ser på dette som ei «worst case» prognose og ein voner sjølvstakt at tala vert mykje betre enn det ein har skissert.

Det er også slik at kommunen har bundne fond som kan oppløysast om kommunen kjem ut med eit rekneskapsmessig meirforbruk. Per i dag er det snakk om om lag 1,75 mill kr.

I budsjettrapporten per 31.08.2016 var tilbakemeldingane frå avdelingane at vi fekk eit mindreforbruk på i overkant av 6,0 mill kr. Fasiten synte eit mindreforbruk på om lag 16,0 mill kr. Den gang konkluderte vi med at det var pensjonsavviket m.m. som ville avgjere om vi gjekk med mindreforbruk eller meirforbruk. Pensjonskostnadane i 2016 vart historisk lave noko som gjorde at vi fekk eit stort mindreforbruk også på område 90 (skatt, finans, tilskott, pensjon, interne finanstransaksjonar).


Det vert viktig for sektorane å redusere pengebruken resten av året, men at ein likevel leverer forsvarlege tenester.

Fosnavåg, 02.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Linda Kristin Kvalsvik



Brannvernet

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TL	Arkivsaknr:	2017/1485
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
196/17	Formannskapet Kommunestyret	21.11.2017

FEIE OG TILSYNSGEBYR 2018.

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre vedtek at gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i 2018 vert sett til kr 345 + mva pr. abonnent.

For gassfyrte fyringsanlegg vert gebyret for feiing og tilsyn sett til kr. 230,- + mva pr. abonnent.

2. Vedtaket er gjort med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002, og tilhøyrande forskrift om brannforebygging av 17. desember 2015.
3. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

Særutskrift:

- Sevicetorget, her
- Økonomiavdelinga, her
- Brannsjef, her

Samandrag av saka:

Fastsetjing av feie og tilsynsgebyr for 2018. Dei siste åra har Herøy kommune brukt av fond for å balansere feie og tilsynstenesta. Gebyret for 2018 vert auka.

Saksopplysningar:

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert utført i samsvar med samarbeidsavtale med Ulstein kommune om feie- og tilsynstenester av 6.2.2006. Avtalen går ut på at Herøy kommune leiger feie- og tilsynstenester frå Ulstein kommune på timebasis.

Status:

I samsvar med samarbeidsavtalen med Ulstein kommune om feie- og tilsynstenester har det i 2016 vorte gjennomført feiing på om lag ½-parten av abonnentane. Tilsyn er utført i om lag ¼ av kommunen.

Av 2940 (2017) abonnentar manglar pr. i dag vel 620 abonnentar framleis tilkomst slik at feiing kan utførast. Talet på abonnentar utan godkjent tilkomst har siste åra gått ned med om lag 50 pr. år. Sjølv om dette er ein gledeleg nedgang er det enno langt opp og fram før alle abonnentar har godkjent tilkomst for feiing. Trass i at mange ikkje har fått feiing på fleire år har det ikkje vorte registrert noko særleg auke i talet på pipebrannar. Det er berre dei som har lagt forholda til rette som får tilbod om feiing. Det er no svært liten misnøye med ordninga og feiar har gitt tilbakemelding om at abonnentane tek i mot han på ein svært god måte. Dette vil ein tilskrive både den generelle forståinga for viktigheita av feiing og tilsyn, godt utført arbeid av noverande feiar samt at ein har prioritert større eigne ressursar for å gjere tenestene betre.

Feiing skal etter vedteken ordning gjennomførast kvart 2. år, medan tilsyn skal gjennomførast kvart 4. år. Pr. i dag er ein ajour med feie og tilsynstenesta.

Det er etter dei rutinane ein arbeider etter i dag lagt til rette for at nye eigedomar som vert tilrettelagde for feiing får tilbod om feiing når dei melder frå, uavhengig av om dei inngår i dei årlege og planlagde rundane. Utover dette er det lagt til rette for ei teneste som er tilgjengeleg gjennom heile året i samband med generell rettleiing vedkomande piper og eldstadar samt bistand i samband med pipebrannar m.m.

Avgiftssystemet/økonomi:

Med utgangspunkt i vedtak i K-sak 126/06 vil det vere naturleg og sjå avgiftssystemet over ei 4 års periode der ein ved ovanstående tenesteintervall vil få utført 1 tilsyn og 2 feiingar. Kostnadane for desse tenestene inkl. løns- og prisstigning vert då å fordele på 4 år.

Pr. 01.01.2015 stod det 434.437 kroner i driftsfond og pr. 01.01.2016 stod det 346.358 kroner på driftsfond feiing. Kostnadene med feiing og tilsyn med fyringsanlegg vil i 2016 anslagsvis koste om lag 750.000 kroner. Innkravde feie- og tilsynsgebyr i 2016 er på 711.480 kroner. Ein reknar såleis med at om lag 40.000 kroner må takast av bunde driftsfond for å dekke kostnadene. Pr. 01.01.2017 vil det då vere att om lag 300.000 kroner i bunde fond.

Gebyret vert også kravd inn frå dei som ikkje har tilrettelagt for feiing og dermed heller ikkje får tilbod om feiing. Tilsyn vert imidlertid gjennomført hos alle som har eldstad. Overskotet som har vore på tenesta skuldast i stor grad at det ikkje vert

gjennomført feiing hos abonnentar som ikkje har tilrettelagt tilkomst for feiar. Kommunen må ha ein buffer på tenesta i og med at fleire og fleire abonnentar får tilrettelagt for feiing.

Dei siste 3 åra har Herøy kommune tappa ned driftsfondet for feiing. Kostnaden med tenesta er høgare enn inntekta. For å unngå å tappe ned driftsfondet må gebyret for feiing og tilsyn aukast.

Vurdering og konklusjon:

Manglande feiing kan medføre fare for brann. Ein har til no køyrt ei rimeleg mjuk linje med omsyn til fyringsforbod for dei som ikkje har tilrettelagt tilkomst for feiing. Talet på abonnentar, utan tilkomst for feiar, har gått kvart år med om lag 50. Herøy brann og redning har ikkje registrert noko auke i tal på pipebrannar.

Konsekvensar for folkehelse:

Brann i bustad får store konsekvensar for folkehelsa til dei som er råka i bustadbrann og deira nærmaste. Feiing og tilsyn med piper, eldstadar og slökkemiddel er godt førebyggjande arbeid for å unngå bustadbrannar.

Konsekvensar for beredskap:

Gjennomføring av feiing og tilsyn med eldstadar er eit viktig beredskapsmessig brannførebyggjande tiltak.

Konsekvensar for drift:

At om lag 620 (av 2940) abonnentar manglar tilkomst til pipa og dermed ikkje får feiing gjer at kommunen ikkje får yte denne lovpålagde tenesta til alle abonnentar. Alle abonnentar får tilsyn med piper, eldstadar og slokke utstyr.

Herøy kommune har ikkje tatt ut inntekspotensialet sitt for gebyr på feiing og tilsyn. I dag kjøper Herøy kommune denne feiing og tilsyns tenester frå Ulstein kommune. Gebyret til Ulstein kommune var kr. 417,- i 2017 + kr. 113 for pipe nummer 2. Gebyret til Ulstein kommune er foreslått auka med 14% i 2018 til kr. 475,- + kr. 129,- for pipe nummer 2. For gassfyrte fyringsanlegg er gebyret til Ulstein kommune kr. 228,-

For at ein skal vere sikker på å ha nok midlar til gjennomføring av feiing og tilsyn med eldstadar i 2018, vil rådmannen tilrå at gebyret for feiing og tilsyn vert auka og at ein over ein 2 års periode harmoniserer gebyret i Herøy med gebyret i Ulstein kommune. Gebyret for feiing og tilsyn vert auka til kr. 345,- pr. abonnent + mva.

Fosnavåg, 13.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Tore Langvatn



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TORGER	Arkivsaknr:	2017/1472
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
197/17	Formannskapet	21.11.2017
	Kommunestyret	14.12.2017

AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR 2018

Tilråding:

1. Brøyteabonmentane skal betale eit årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle på 286 kroner.
2. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 133 kroner pr. gong.
For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 80 kroner.

Meirverdiavgifta kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2018.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

1. SSB - Økning i kostnad for vinterdrift av vegar siste år - 3. kvartal 2017

Samandrag av saka:

Saka gjeld fastsetting av årleg gebyr for brøyting av private vegar i regi av kommunen for 2018.

Saksopplysningar:

Dagens regelverk for brøyting av private vegar i regi av kommunen vart vedteke i K-sak 137/10 og gjort gjeldande frå årsskiftet 2010/2011.

Ordninga er meint å vere sjølvfinansierande og skulle i.h.h.t. K-sak 137/10 evaluerast etter 2 år. Ein vurderte då at ordninga så langt hadde vore sjølvfinansierande slik intensjonen var.

Frå og med brøytesesongen 2015/2016 vart det inngått nye brøyteavtalar med private brøyttarar. Avtalane gjeld for 2 år med høve til forlenging med 2 + 1 år. Samla beredskapsgodtgjersle er noko lågare enn tidlegare avtale, medan timeprisen er noko høgare. Endringa i i samla beredskapsgodtgjersle hadde m.a. bakgrunn i at avtalt beredskapsperiode er gjort kortare og at roder er redusert frå 10 til 9. Ein vurderer at kostnadane med dei nye avtalene samla sett er på om lag same nivå som tidlegare avtale.

Prisen på tenesta er 2-delt og for 2017 var satsane slik:

1. Fast årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle for alle abonnentar: kr. 278,-
2. For vegar med lengde 25-100m: kr. 129,- per gong.
For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m eit tillegg på kr. 78,-

Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Statistisk sentralbyrå (SSB) sin indeks for vinterdrift av vegar viser ein kostnadsauke på 2,9% frå 3. kvartal 2016 til 3. kvartal 2017.

Godtgjerdsla til kommunen sine brøytekontraktørar vert regulert årleg etter SSB sin indeks for vinterdrift av vegar.

Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i at godtgjerdsla til kommunen sine brøytekontraktørar vert regulert årleg etter SSB sin indeks for vinterdrift av vegar, vil ein tilrå at avgiftssatsen for brøyting av private vegar i regi av kommunen inklusiv den faste delen, vert auka med 2,9%.

Forslag til nye satsar gjeldande for 2018 vert då slik:

1. Brøyteabonntane skal betale eit årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle på 286 kroner.
2. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 133 kroner pr. gong.
For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 80 kroner.

Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2018.

Fosnavåg, 10.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Torger Kvalsund



Byggekostnadsindeks for veganlegg

OPPDATERT

5. oktober 2017

NESTE OPPDATERING

11. januar 2018

2,9 %

økning i kostnader for vinterdrift av veger
siste år



Byggekostnadsindeks for veganlegg. 1. kvartal 2004=100			
	3. kvartal 2017	Endring i prosent	
		2. kvartal 2017 - 3. kvartal 2017	3. kvartal 2016 - 3. kvartal 2017
Veganlegg, i alt	162,9	-0,1	2,3
Veg i dagen	163,1	0,1	3,4
Betongbru	166,1	-0,4	0,1
Fjelltunnel	158,7	-0,5	1,6
Drift og vedlikehold av veger, i alt	162,3	-0,2	3,4
Asfaltering av veger	176,5	-1,1	5,6
Vinterdrift av veger	152,9	0,5	2,9



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2017/1477
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
198/17	Formannskapet	21.11.2017
	Kommunestyret	14.12.2017

GEBYRREGULATIV FOR SLAMTØMING 2018.

Tilråding:

1. Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar vert vedteke uendra frå 2017 til 2018. Dvs. at gebyret i 2018 vert sett til kr.925,- for tankvolum inntil 6 m³. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%.
2. Vedtaket vert gjort med heimel i lov av 31. mars 1981 nr.6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) §34.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS, Smårisvaldet 20, 6065 Ulsteinvik
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

SSR Budsjett 2018 og Gebyrregulativ 2018.

SSR 2018 – Gebyrregulativ.

Bakgrunn for saka:

Saka gjeld fastsetjing av årsgebyr for slamtøming av private slamavskiljarar for 2018. Årsgebyret for slamtøming er foreslått med bakgrunn i prisane frå SSR. Samt med tillegg av kommunen sine administrasjonskostnader og vurdert behov for å ha midlar i fond.

Saksopplysningar:

Etter forureiningslova §26 har kommunen plikt til å syte for tømning av private slamavskiljarar. Det er krav om full kostnadsdekning for ordninga med slamtøming jfr. forureiningslova §34. For berekning av gebyr gjeld difor sjølvkostprinsippet, d.v.s. at kommunen ikkje kan subsidiere ordninga med slamtøming, og kan heller ikkje tene på ordninga.

Det er Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) om har kontrakt med slamentreprenør Stokkland bilruter og administrerer ordninga for m.a. Herøy kommune. Utifrå prisane som ligg i kontrakta, så vil ikkje dei utgjere noko vesentleg prisauke i forhold til inneverande periode.

Ved handsaminga av budsjett 2018, inkl. gebyrregulativ, har Representantskapen i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk i sak R 14/17 den 27.10.2017 gjort vedtak om at gebyret for slamtøming skal vere pris inn + 25% pr. tank pr. år for tankar inntil 6m³. altså uendra frå 2017.

Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i Herøy kommune vart i 2017 sett til kr 925,- + mva. for tankvolum inntil 6m³.

Neste tømmerunde for slamtankar i Herøy kommune vert utført i slutten av 2018. Normal tømefrekvens er 2. kvart år på bustadar og 4. kvart år på fritidsbustadar hytter.

Rådmannen vil med bakgrunn i ovanstående tilrå at slamtøminggebyret i Herøy kommune vert halde uendra frå 2017 til 2018.

Konsekvensar for folkehelsa:

Etablering av gode tømmerutinar fremmar god folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:

Kort utrykkingstid for slamentreprenøren gir god beredskap i forhold til uønska forureining.

Konsekvensar for drifta:

Alle utgifter i tilknytning til slamtøming skal kostast av abonnentane og belastar soleis ikkje den kommunale drifta elles.

Vurdering og konklusjon:

BUDSJETTKOMMENTAR SAMFUNNSUTVIKLING

BUDSJETTKOMMENTAR 2018

Ansvar

Kultur: 4011,4012,4015,4021,4031,4032,4033,4041,4051,4061,4062

Utvikling: 5011,5061,5062

Anlegg og drift: 5111-5113, 5121-5126,5131 og 5132

Budsjettpost	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Brutto driftsutgifter (40,50 og 51)	62 713	66 203
Brutto driftsinntekter	-32 039	-34 344
Netto driftsramme	30 674	31 857
Avvik i kr. frå førre budsjettår		1183
Avvik i % frå førre budsjettår		3,8%

1 GENERELT

Sektor for samfunnsutvikling sitt ansvarsområde er mangfaldig og omfatter planlegging, næringsutvikling, byggesaksbehandling, kartverk/oppmåling, grunnnerv, folkehelse, utbygging av anlegg, kommunal teknisk drift, brannvern og oppgåver knytt til kulturområder.


59

2 ANSVAR OG OPPGAVER

Avdelinga har for tida 37 tilsette inklusiv kommunalsjef. I tillegg kjem deltidstillingar i brannvern og kultur. I 2016 vart Utviklingsavdelinga og Anlegg og driftsavdelinga slått saman til ei ny avdeling og i 2017 kom Herøy brann og redning og kulturavdelinga til.

På plansida har avdelinga ansvaret for all planlegging i medhald av plan- og bygningslova og avdelinga yter bistand til andre avdelingar ved utarbeiding av sektorovergripande planar. Øvrig saksbehandling som avdelinga har ansvaret for dispensasjonar, delesaker, alle former for byggesaker, oppmåling og utarbeiding av matrikkelbrev for alle nye eigedomar og all utvikling og ajourhald av det kommunale kartverket. Ein stor del av avdelinga er og anleggsprosjekt og kommunalteknisk drift. Brannvern med si beredskap og forebyggjande avdeling er ein del sektoren.

Kulturavdelinga samarbeidar med enkeltpersonar, lag og organisasjonar, offentlige einingar og næringsliv for å bidra til gode kulturopplevingar for innbyggjarar og besøkande. Avdelinga driftar fleire kulturarenaer og samarbeider om arrangement på andre sine arenaer. I tillegg forvaltar avdelinga tilskotsmidlar og bidreg med rådgiving og kompetanse innan kulturfeltet. Kulturavdelinga består av: kulturkontor, barne- og ungdomsarbeid, frivilligsentral, kulturhus, idrettshall, folkebibliotek, konserthus og kino.



3. UTVIKLINGSMÅL TENESTER

Utviklingsmål for tenester er satt opp i årsplanen for sektor for samfunnsutvikling.

60

4 UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR

Dagens struktur med ny sektor for samfunnsutvikling har naturleg nok medført at ein på nytt må sy organisasjonen saman så effektiv som mulig. I samband med etablering av den nye sektoren vart det lyst ut stillingar internt og alle posisjonar er bemanna idag. Ein har stor tru på at organisasjonen er godt rusta til å møte framtidige utfordringar og ein er opptatt av å prioritere stramt dei ulike tiltaka ein er med på.

Det vil framleis vere utfordrande å løyse alle oppgåver avdelinga har med dei ressursane som ligg i budsjettamma. Fleire tenester ligg ikkje på eit tilfredstillande nivå, men avdelinga er offensiv med omsyn til å sjå nye måter å arbeide på og drive mest mogleg ressurseffektivt.

5 KONSEKVEN SAR AV VIDAREFØRING AV VERKSEMDA

Ein vurderer det både som tenleg og akseptabelt å vidareføre dagens nivå i sektoren. Viktige og sentrale element i drift av avdelinga er å sjå forbetringar som gir rom for tenesteutvikling for innbyggjarane og ha fleksible rammer slik at tildelte ressursar vert utnytta best mogleg sett i forhold til dei utfordringar ein har til eikvar tid. Eit mogleg samarbeid med andre kommunar på ulike tenesteområder kan og få betydning for det komande året.

5 KONSEKVEN SAR VED OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, NEDLEGGING AV TENESTER

Vanskeleg å sjå kva som skal kunne leggst ned av tilbod som sektoren utfører i dag. Slik ein vurderer det vil det mest realistiske vere å legge til rette for å greie seg med den bemanning ein har i dag uten å auke antall stillingsheimlar i avdelinga. Fokus på å omstille, omstrukturere arbeidsområder vil vere naturleg i samband med naturleg avgang i avdelinga.

6 FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK

Det er lagt inn 1 nytt driftstiltak for sektoren:

Område 51-

- Reasfaltering – ein vurderer det som naudsynt og auke drifta med kr 500 000

Stort behov for reasfaltering av kommunale vegar som ikkje kan gå på investering. Ein bør setje av 500 000 kroner årleg til dette føremålet.

61

7 KOMMENTARAR TIL DRIFT OG INVESTERING

Tiltak som er lista opp ovanfor i punkt 6 er vurdert som naudsynte.

Forslag til investeringstiltak i 2018 og økonomiplanperioda

Ubrukte midler frå tidlegare år overføres til 2018. Ein viser elles til fullstendig investeringsoversikt på budsjettssystemet (investeringar utover det som er omtalt som anleggsprosjekt)

Samla oversikt:

Tabell 7				
Samanfatning	2018	2019	2020	2021
Generelle tiltak	10 715 000	14 900 000	7 700 000	3 000 000
Avlaupsplan	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Bustadfelt	0	6 250 000	15 250 000	22 000 000
Næringsområde	3 750 000	5 500 000	5 500 000	
Samferdselstiltak	23 375 000	6 050 000	4 000 000	3 000 000
Sum (avrunda)	46 000 000	43 000 000	43 000 000	38 000 000

Generelle tiltak:

Tabell 2				
Generelle tiltak	2018	2019	2020	2021
Byutvikling	5 000 000	5 000 000	5 000 000	
Avskjærande grøft på Kvalsund		400 000		
Grøft for overvatn i Huldalsvegen	350 000			
Ladepunkt for elbil i sentrum	965 000			
Leikeplassar i bustadfelt	250 000			
Ny kaihøgde ytre Almenningskai	500 000	5 500 000		
Oppgradering av parken	250 000			
Telenor basestasjon på Runde	800 000			
Trafikktryggingstiltak	1 500 000	1 500 000	1 500 000	

62

Tursti Myklebustvatnet			1 200 000	
Tursti Djupvikvatnet				3 000 000
Lisjevatnet i Dragsund	600 000			
Bergsøy kunstgras	500 000	2 500 000		
Sum	10 715 000	14 900 000	7 700 000	3 000 000

Avlaupsplan:

Tabell 3

Bustadfelt	2018	2019	2020	2021
Løyving av midlar til avlaupsplanen	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Sum	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000

Bustadfelt:

Tabell 4

Bustadfelt	2018	2019	2020	2021
Dragsund bustadfelt		500 000	9 500 000	
Bø/Arhaug bustadfelt				7 000 000
Stokksund				15 000 000
Myklebuståsen		5 750 000	5 750 000	
Sum	0	6 250 000	15 250 000	22 000 000

Næringsområde:

Tabell 5

Næringsområde	2018	2019	2020	2021
Mjølstadneset	3 750 000			
Eggesbønes		5 500 000	5 500 000	
Sum	3 750 000	5 500 000	5 500 000	

Samferdselstiltak:

Tabell 6

Samferdselstiltak	2018	2019	2020	2021
Mindre parkeringsplass Frøystad			1 000 000	
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	750 000	750 000		
Bru til Herøy gard		300 000	3 000 000	
Veg Flusund		5 000 000		
Kaier på Mjølstadneset	21 000 000			
Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250 000
Oppgradering av veg Kleppeåsen				1 000 000
Oppgradering av veg til Marine Sales				750 000
Parkeringsplass Fosnavåg sentrum	1 625 000			
Sum	23 375 000	6 050 000	4 000 000	3 000 000

Særlege utfordringar i 2018

Ny omorganisering og nye strukturar i 2017 har naturleg nok medført ein del arbeid med å sy organisasjonen saman slik at overgangen skulle vere smidig og så effektiv som mulig. For 2018 er det på nytt varsla endringar i sektoren som vil ha betydning (landbruk og mogleg samarbeid med andre kommuner). Målsetjing at omstillingsprosessar skal skje gjennom ein open og transparent dialog der tilsette tek del i prosessen gjennom aktiv medverking står fast.

Det vil framleis vere utfordrande å løyse alle oppgåver avdelinga har med dei avgrensa ressursane som ligg i budsjetttramma. Fleire tenester ligg ikkje på eit tilfredstillande nivå. Avdelinga har teke på seg fleire ansvarsområder som ikkje ligg naturleg til ansvarsområdet. Dette medfører at «tid» vert pressa og ein får ikkje den effektiviteten som ein kunne ønskje innanfor avdelinga.

64



NOTAT

Til: Herøy Kommunestyre

Frå: Samfunnsutvikling

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
24.10.2017

TILLEGGSNOTAT TIL K-SAK 121/17

Viser til K-sak 121/17, alt handsama som F-sak 160/17.

Vi ser at når saka vart skriven vart eit prosjekt beklageligvis utelatt. Prosjektet er grunnarbeid jektenaust/p-plass og omfattar grunnarbeid for oppføring av naust til sunnmørsjekta Anna Olava og utviding av parkeringsplassen ved Herøy Gard med etablering av kaifront (ikkje sjølvje naustet). Prosjektet er forankra politisk i K-sak 105/16 der kommunen gir si tilslutning til å utvikle Herøy kystmuseum med etablering av naust med formidlingsbygg til jekta. Prosjektet er eit samarbeid med stiftinga Sunnmøre Museum og det vert pr. i dag arbeida med innsamling av midlar til bygging av naustet. Det er utarbeidd skisser og prosjektet kan sjåast på som oppstarta. Det har også kome til informasjon om at støtte til Myklebuståsen kan skyvast eit år fram, det vil seie til 2020/2021. Vi finn soleis å kunne setje prosjektet med grunnarbeid for jektenaust/p-plass i 2019.

I F-sak 160/17 vart lista over investeringstiltak for anleggsprosjekt endra ved at bustadfelt Bø/Arhaug vart flytta til grunnkjøp i 2018 og gjennomføring i 2019 og utbetring av veg over Kleppeåsen vart flytta til oppstart 2018 og ferdigstilling i 2019. Det vart ikkje gjort forskyving av andre tiltak. Sidan lista over anleggsprosjekt er lang og at det særskilt ligg mykje arbeid på åra 2018 og 2019 vil vi oppmode om å flytte prosjekt frå 2018/2019 til 2020/2021. Dette grunna kapasiteten til å få jobba med tiltaka dei åra dei er satt opp. Alle tiltak på lista er positive tiltak som anten vil gi tilrettelegging av næring- og bustadtomter, trafikktrygging, overvasshandtering, auka folkehelse osv. Likevel er det enkelte tiltak som ikkje er like prekære å utføre.

For å gjere lista noko meir gjennomførbar har vi følgjande forslag til prosjekt (som alle vil vere ressurskrevjande) som vi meiner kan skyvast fram i tid:

- Bergsøy kunstgras til prosjektering i 2019 og gjennomføring i 2020. Bana vil slik den ligg i dag kunne nyttast til trening og ved turnering. Idrettslaget har alt

65

starta arbeid med hall med nytt dekke, samt der ligg ei kunstgrasbane til vedsiden av (Havila stadion).

- Ny kaihøgde Almenningskaia til planlegging i 2019 og gjennomføring i 2020. Det er eit politisk signal om at det er ønskjeleg med ny kaihøgde, men det er ikkje prekært for funksjonen som kai pr. i dag.
- Veg Flusund vert flytta til 2021. Avhengig av framdrift i privat prosjekt, ikkje klar pt.

Nedanfor følgjer oppdatert tabelloversikt inkludert endringar gjort i formannskapet, forskyving av Myklebuståsen og nytt prosjekt grunnarbeid for jektnaust/p-plass og inkludert forslaget ovanfor:

Tabell 1				
Budsjett	2018	2019	2020	2021
Generell finansieringspost	-45 100 000	-32 000 000	-53 500 000	-40 250 000

Tabell 2				
Generelle tiltak	2018	2019	2020	2021
Byutvikling	5 000 000	5 000 000	5 000 000	
Avskjærande grøft på Kvalsund		400 000		
Grøft for overvatn i Huldalsvegen	350 000			
Ladepunkt for elbil i sentrum	965 000			
Leikeplassar i bustadfelt	250 000			
Ny kaihøgde ytre Almenningskai		500 000	5 500 000	
Oppgradering av parken	250 000			
Telenor basestasjon på Runde	800 000			
Trafikktryggingstiltak	1 500 000	1 500 000	1 500 000	
Tursti Myklebustvatnet			1 200 000	
Tursti Djupvikvatnet				3 000 000
Lisjevatnet i Dragsund	600 000			
Bergsøy kunstgras		500 000	2 500 000	
Grunnarbeid jektnaust/p-plass			2 090 000	
Sum	9 715 000	7 900 000	17 790 000	3 000 000

Tabell 3

66

Avlaupsplanen	2018	2019	2020	2021
Løyving av midlar til avlaupsplanen	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Sum	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000

Tabell 4

Bustadfelt	2018	2019	2020	2021
Dragsund bustadfelt		500 000	9 500 000	
Bø/Arhaug bustadfelt	500 000	6 500 000		
Stokksund			500 000	14 500 000
Myklebuståsen			5 750 000	5 750 000
Sum	500 000	7 000 000	15 750 000	20 250 000

Tabell 5

Næringsområde	2018	2019	2020	2021
Mjølstadneset	3 750 000			
Eggesbønes		5 500 000	5 500 000	
Sum	3 750 000	5 500 000	5 500 000	

Tabell 6

Samferdselstiltak	2018	2019	2020	2021
Mindre parkeringsplass Frøystad			1 000 000	
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	750 000	750 000		
Bru til Herøy gard		300 000	3 000 000	
Veg Flusund				5 000 000
Kaier på Mjølstadneset	21 000 000			
Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250 000
Oppgradering av veg Kleppeåsen	300 000	700 000		
Oppgradering av veg til Marine Sales				750 000
Parkeringsplass Fosnavåg sentrum	1 625 000			
Sum	23 675 000	1 750 000	4 000 000	7 000 000

Tabell 7

67

Samanfatning	2018	2019	2020	2021
Generelle tiltak	9 715 000	7 900 000	17 790 000	3 000 000
Avlaupsplan	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Bustadfelt	500 000	7 000 000	15 750 000	20 250 000
Næringsområde	3 750 000	5 500 000	5 500 000	
Samferdselstiltak	23 675 000	1 750 000	4 000 000	7 000 000
Sum (avrunda)	45 100 000	32 000 000	53 500 000	40 250 000

Med helsing

Jarl Martin Møller

Lene Søvik Huldal

68



NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
07.10.2017

BUDSJETTKOMMENTAR- FELLES DIGITALISERINGSSTRATEGI

Bakgrunn for tiltaket er besøk i Bergen kommune 6.10.2017 der kommunane (Herøy, Ulstein, Volda og Ørsta) konkluderte med at vedtatt digitaliseringstrategi som KS sammen med KMD har utarbeidd er vert å vere med på. Ein ser store gevinstar med å vere med på dette.

Frå KS sine sider:

Digitaliseringsstrategien setter retning og mål for KS og kommunenes og fylkeskommunenes arbeid frem mot 2020. Helt avgjørende for å nå målene om økt digitalisering er at vi innad i sektoren samarbeider og samordner innsatsen. Et viktig delmål for en mer samordnet kommunal sektor er å etablere digitale fellesløsninger. Å finansiere disse er hovedformålet med den nye finansieringsordningen.

Det har vært og er en god dialog om ordningen mellom kommunal sektor og staten. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har signalisert at de vil bidra med 125 millioner kroner fordelt over to år, forutsatt at kommunal sektor bidrar med minst like mye. KS vil bidra med inntil 40 millioner kroner. Storbynettverket og de ti største kommunene har signalisert at de vil bidra med til sammen 35 millioner kroner.

For å etablere ordningen, og for å utløse midlene fra KMD, er det nødvendig at vi reiser tilstrekkelig kapital. KS inviterer derfor alle sine medlemmer til å delta med et engangsbeløp på henholdsvis 20 kroner per innbygger for kommuner og 5 kroner per innbygger for fylkeskommuner. Hvis alle kommuner og fylkeskommuner blir med, vil ordningen disponere ca. 250 millioner kroner.

For Herøy kommune inneber dette:

9000 innbyggjarar x 20 kr = 180 000 kroner.

69



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja
Herøy kyrkje
6091 Fosnavåg

Herøy kommune
her

DATO:18.09.17
ARKIV:112
REF.:

**Herøy kyrkjelege fellesråd
Administrativ framskrivning. Driftsbudsjett 2018
ØKONMIPLAN 2018-2021**

Herøy kyrkjelege fellesråd handsama saka i sitt møte 07.09.17, sak 19/17 og fatta slikt samrøystes vedtak:


1. Herøy kyrkjelege fellesråd Budsjett Administrativ framskrivning datert 01.09.17 til vitande.
2. Kyrkjeverja vert beden om å førebu sak om sikring av lause takheller på Leikanger kyrkje.

Saka vert sendt kommunen som grunnlag i budsjettarbeidet.


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

Vedlegg: Fr-sak 19/17

70



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja
Lisjebøvegen 1
6091 Fosnavåg

SÆRUTSKRIFT

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD	7. SEPTEMBER 2017	SAK 19/17	ARKIV 112
----------------------------	-------------------	-----------	-----------

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD ADMINISTRATIV FRAMSKRIVING. DRIFTSBUDSJETT 2018. ØKONOMIPLAN 2018-2021

FELLESRÅDET HAR FATTA SLIKT SAMRØYSTES VEDTAK:

Herøy kyrkjelege fellesråd tek Budsjett Administrativ framskrivning datert 01.09.17 til vitande.


Kyrkjeverja vert beden om å førebu sak om sikring av lause takheller på Leikanger kyrkje.

Fosnavåg, 13.09.17


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

Ekspd.: HK

71



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjevevja
Lisjebøvegen 1
6091 Fosnavåg

F.R. SAK:19/17
ARKIV:112
SAK HANDS. Msl

ADMINISTRATIV FRAMSKRIVING HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD DRIFTSBUDSJETT 2018 ØKONOMIPLAN 2018-2021

Etter Lov om Den norske kyrkje § 15 har kommunen visse økonomiske plikter til å løyve midlar slik at fellesråda kan drifte, vedlikehalde og utvikle kyrkjekontor, kyrkjer og gravplassar. Etter same paragraf er det kyrkjeleg fellesråd som vedtek sitt eige budsjett, medan det er kommunestyret som gjennom budsjettvedtak som i hovudtrekk løyver midlar til fellesrådet.

Vedlagt fylgjer Rundskriv frå Rådmannen (vedlegg 2) med dei første føringane ein treng for å starte arbeidet med drifts- og investeringsbudsjett for 2018 og planperioden 2018-2021. Dette rundskrivet er først og fremst ein framdriftsplan for budsjettarbeidet der målet er endeleg vedtak i Herøy kommunestyre 14.12.2017.

Vi har ein god tradisjon i Herøy for å ha eit godt samarbeid gjennom budsjettprosessen, og eit mål er sjølvstøtt å få eit budsjett og ein aktivitet som er avpassa til kvarandre å kom inn i eit handlingsrom der vi unngår unødig press på større budsjettkorrigeringar i driftsåret.

Det langsiktige økonomiske målet slik det er formulert i Rundskrivet, er at kommunen over tid skal legge fram eit driftsbudsjett/resultat med 2% netto driftsresultat slik at ein skaper rom for framtidige investeringar.

Driftsbudsjett 2018

Det er ikkje trekt fram konkret utfordringar kommunen står framom når det gjeld drift og investeringar i 2018-2021, men det er lagt opp til at drifta skal halde fram på same nivå som i dag. Det betyr m.a. at mellombelse tiltak som vart sett i verk i 2017 ikkje automatisk skal vidareførast i 2018.

Utgifter til løn skal vere knytt til oppretta stillingsheimlar, ein skal ikkje budsjettere med vikarløn (i tilfelle sjukdom) eller sjukerefusjonar. I samtale med økonomileiar i dag fekk eg opplyst at det førebels vert lagt inn 3,1% auke i løn slik ho er pr. 30.08 (etter råd frå KLP) medan det vert lagt inn 3% prisvekst. Når det gjeld fellesrådet sitt lønsbudsjett, så har ein justert opp løna pr. 1. mai (vert etterbetalt i oktober) men resultatet for dei lokale forhandlingane 2017 enno ikkje er klart.

I år, som åra før har vi enno ikkje frå KA sitt rundskriv med dei spesielle utfordringane for kyrkja.

Nye tiltak

Etter Rundskrivet skal nye tiltak vere ferdig konsekvensutgreidde før budsjettprosessen vert avslutta.

Fellesrådet har fleire ferdig utgreidde nye tiltak som ein har søkt få plass til i mange år i budsjettet.

Sokneråda og fellesrådet har gjennom mange år peika på kor viktig det er å arbeide med gode tiltak i fritida til barn og ungdom, og Herøy sokn har i mange år lønna ein tilsett gjennom innsamla midlar og med eit tilskott på kr. 100 000 frå Herøy kommune. Storleiken på dette tilskottet har ikkje vorte endra på alle desse åra medan aktiviteten og stillingsstorleik har vorte utvida. Dette gjeld stillinga til barne- og ungdomskoordinator som i dag har ein kostnad på om lag 450 000 kroner der soknerådet samlar inn ca. 350 000 kroner. Desse midlane vert nytta til å drive rusforebyggjande og meiningsfulle fritidsaktivitetar for ungdom kvar einaste fredagskveld ved drifting av Fredagstreffet. Vidare har denne tilsette ansvaret for Open Barnehage som er samling for born og vaksne kvar onsdag, dette er eit tiltak som samlar folk frå mange nasjonalitetar. I administrativ framskrivning av budsjett er det no lagt inn ein reduksjon av overføringa frå Herøy sokn med kr. 100 000 (merka blå skrift).

Fellesrådet i mange år signalisert midlar til Diakon. Vi veit at einsemd og passivitet er eit aukande problem for menneske i alle aldrar, og vi vil gjerne vere med å skape betre folkehelse ved å tilby heimebesøk for nokon å prate med eller å invitere til ulike aktivitetsbehov. Ein diakon er viktig for å skape gode relasjonar til menneske som av ulike årsaker ikkje har så lett for å delta i den «vanlege» sosiale livet.

Dei siste åra har ein også beskrive behova for branntryggingstiltak i Indre Herøy og Leikanger kyrkje. Desse kyrkjene har gamle elektriske anlegg og vi har påbod om merking og utbetring av rømningsvegar. Samla vil det vere behov for kr. 100 000 til desse tiltaka, dette er aktualisert ved at det no er varsla nye branntilsyn i desse bygga (lagt inn i framskrivinga merka blå skrift)

Herøy kyrkjelege fellesråd har fått melding frå biskopen i Møre om at det vert gjennomført bispevisitas i Herøy våren 2018. Dette vil gje fellesrådet ein auka kostnad, og kyrkjeverja estimerer desse kostnadene til annonsering, bevertning og auka lønsutgifter til kr. 50 000 (merka blå skrift i budsjettet).

Vidareføring av tiltak

Gjennom dei siste åra har hatt gravplassutvidingar og oppgradering av grøntarealet på gravplassane i stort omfang. Dette gjev sjølvstøtt høgare kostnader samstundes som det er ønskeleg å høgne nivået på grøntvedlikehaldet. Dei siste åra har ein jobba for å auke vedlikehaldet på gravplassane, dette tiltaket vert vidareført også i 2018 med ei auke på kr. 100 000 (lagt inn med blå skrift).

Økonomiplan 2018-2021

Kvalsund gravplass vart ferdig utvida no i sommar, men byggerekneskapen er ikkje avslutta enno, og ein kjenner difor ikkje eksakt kor mykje som vart forbrukt.

Fellesrådet har dei siste åra hatt slik prioriteringsliste for investeringar:

- Grunnkjøp Flusund gravplass
- Utviding Leikanger kyrkjegard
- Innvendig rehabilitering av Indre Herøy kyrkje

Ad grunnkjøp Flusund

Utviding av Flusund gravplass har vore med i godkjende planar for dette området i svært lang tid. Allereie i 1990 vart dei første konkrete planane for denne utvidinga vedtekte med 2

byggesteg. Status i denne saka er p.r. d.d. Uavklart, men det er eit stort behov for utviding av denne gravplassen. Det er om lag 41 gravferder i snitt pr. år på denne gravplassen og det er i dag 100 ledige graver att på den «nye» delen av gravplassen. Utvidinga av denne gravplassen hastar verkeleg.

Ad utviding Leikanger kyrkjegard

Kommunen eig arealet der det er tenkt utviding (arealet mot Sion), og det ligg soleis til rette for å starte planleggingsarbeidet. Ei stor utfordring her vert ny tilkomst til den nedre delen av gravplassen.

Ad Indre Herøy kyrkje

Indre Herøy kyrkje feira 100 år i 2016, og kyrkja har vorte godt rehabilitert utvendig med isolasjon, kledning, måling og ny trapp. Det er eit stort behov for at dekor og innvendig veggjar samt kyrkjebenkane vert restaurert og måla, og dette bør kome på fellesrådet si prioriterte liste i åra framover med kr. 500 000 pr. år i 3 år.

I tillegg har det no kome eit nytt tiltak som gjeld Herøy kyrkje; fullføring av siste byggsetegem med stolar til amfisal i kjellaren. Dette tiltaket gjeld innkjøp av 112 stolar til amfiet i kjellaren og prisen er estimert til ca. 250 000 kroner. Dersom ein finn finansiering av dette tiltaket kan vil byggeprosjektet Herøy kyrkje verte ferdig 17 år etter ein starta planarbeidet og 13 år etter at fyrste byggesteg stod ferdig. Kyrkja med alle dei ulike funksjonane ho inneheld er unik i vårt område, kanskje til og med i landet. Ikkje mange kyrkjer kan skilte med eit stort flott kyrkjeskip, kyrkjelydssal, kapell, lokale til open barnehage, stor fritidsklubb, gymsal og no snart eit fullt utstyrt amfi med 112 sitjeplassar og godt teknisk utstyr. Dette har kome i stand etter eit godt samarbeid med kommunen, gode økonomiske løyvingar frå kommunen, gåver frå private, fiskeri og anna næringsliv samt ein iherdig dugnadsinnsats. Heile kjellaretasjen med fritidsklubb, gymsal, garderobar og amfisal er innreidd mest utan innleigd arbeidskraft og med eit enormt dugnadsarbeid.

Fellessrådet bør også fritt drøfte andre tiltak som bør prioriterast. Vedlagt fylgjer Økonomiplan 2018-2021 som kan ligge til grunn for denne drøftinga.

Avslutting

Det vidare arbeidet med budsjett/økonomiplan vert no gjort i formannskap/administrasjon i kommunen før fellesrådet får saka attende for vidare behandling.

Ei førebels administrativ framskriving viser at dersom fellesrådet skal halde oppe drifta si på 2017 nivå, basert på 3% prisvekst og 3,1% lønsvekst, nokre nye tiltak og bortfall av rentekostnader på kr. 400 000 vil det vere behov for ei løyving på kr. 7 108 000 frå Herøy kommune (budsjett 2017 kr. 6 780 000).

Framlegg til vedtak

Herøy kyrkjelege fellesråd tek Budsjett administrativ framskriving datert 01.09.19 til orientering.

Fosnavåg, 01.09.17


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

74

Budsjett 2018 adm. framskriving

Konto	Konto (T)	Rekn 2016	Budsj 2017	Forbruk 31/08/2017	BUDSIETT 2018
30100	Fastlønn	3 518 790	kr 4 230 000	kr 2 110 315	kr 4 550 000
30108	Pensjonsgjevande tillegg	37 420	kr 45 000	kr 23 563	kr 45 000
30200	Vikarar	93 898	kr 75 000	kr 24 689	kr 95 000
30209	variable tillegg vikarar	96 696	kr 100 000	kr 55 116	kr 75 000
30300	Ekstrahjelp	14 571	kr 20 000	kr 14 137	kr 30 000
30500	Anna løn			kr 10 973	
30508	Diverse lønsutbetaling	37 300		kr 22 000	
30800	Godtgjersle folkevalde	40 400	kr 40 000		kr 50 000
30802	Tapt arbeidsgodtgjersle	368	kr 5 000		kr 2 000
30900	Pensjonsinnskott	522 650	kr 685 000	kr 479 775	kr 740 000
30902	Kollektiv ulykke- og gruppeliv	10 425	kr 15 000	kr 6 675	kr 15 000
30990	Arbeidsgjevaravgift	464 103	kr 520 000	kr 299 596	kr 560 000
	Sum løn	4 836 623	kr 5 735 000	kr 3 046 840	kr 6 162 000
31000	Kontormateriell	29 157	kr 16 000	kr -	
31002	Abonnement aviser og faglitter	17 837	kr 9 000	kr 9 725	
31100	Aktivitetsrelatert forbruksma	125 647	kr 35 950	kr 49 885	
31151	Serivering møter, kurs, repres	21 194	kr 25 000	kr 7 678	
31152	serivering som del av drift	3 339		kr 2 441	
31200	Anna forbruksmaterieil	101 521	kr 85 000	kr 39 899	kr 50 000
31201	Arbeidskle	9 452	kr 5 000	kr -	
31202	Velferdstiltak	1 725	kr 3 000	kr -	
31208	Diverse utgifter	534		kr 5 470	
31300	Post, banktenester, telefon	54 202	kr 55 000	kr 11 244	
31301	Telefoni	341	kr 19 000	kr 19 558	
31400	Annonser, reklame, informasj	97 760	kr 20 000	kr 39 343	
31500	Opplæring kurs (ikkje oppgäv	13 996	kr 17 000	kr 2 650	
31550	Reiseutgifter, opplæring (ikkje oppgävepliktig)			kr -	
31600	Reiseutgifter, oppgävepliktigs	111 350	kr 105 000	kr 66 421	
31603	Km godtgjersle, skattepl. del	6 421	kr -	kr 9 330	
31700	Reisutgifter, drift av egne tra	21 402	kr 33 000	kr 15 049	
31703	Reiseutgifter, ikkje oppgävepl	5 193	kr 14 000	kr 8 987	
31800	Energi	267 537	kr 247 500	kr 172 595	

75


Konto	Konto (T)	Rekn 2016	Budsj 2017	Forbruk 31.08.2017	BUDSJETT 2018
31850	Forsikringer, vakttenester	116 058	kr 120 000	kr 120 047	
31900	Leige av lokaler og grunn	1 636	kr 2 500	kr 1 882	
31950	Avgifter, gebyr og lisensar	150 480	kr 175 000	kr 161 385	
31951	Lisenser/ serviceavgifter			kr 38 334	
32000	Kjøp og finansiell leasing av d	61 305	kr 65 000	kr 16 338	
32100	Kjøp, leige og leasing av trans	33 831	kr 40 000	kr 5 631	
32200	Leige av driftsmidde	7 700	kr 7 000		
32300	Vedlikehold, byggjetenester o	225 665	kr 180 000	kr 31 776	kr 100 000,00
32301	Vedlikehold grøntanlegg	328 308	kr 360 000	kr 188 848	kr 100 000,00
32301	Vedlikehold grøntanlegg, drenering Flusund		kr 20 000		
32350	Utgifter stell av grav	25 001			
32400	Serviceavtaler og reparasjon	74 787	kr 65 000	kr 63 473	
32500	Materiale til vedlikehold, påk	51 106	kr 25 000	kr 6 550	
32650	Vakthald og vektareneste, al	17 234	kr 18 000		
32700	Andre tenester (som inngår i	295 078	kr 240 000	kr 18 100	
335000	Refusjon til sokneråd	25 606			
	Andre driftsutgifter	2 302 403	kr 2 006 950	kr 1 112 638	kr 2 350 000,00
34290	Meirverdiavgift som gir rett til	452 763	kr 350 000	kr 194 174	kr 350 000,00
	Sum mva som gir rett til mon	452 763	kr 350 000	kr 194 174	kr 350 000,00
34701	Tap på krav	25 015			
34702	Div. øre/kroneavrunding	-1		kr 2	
35000	Renteutgifter	6 825	kr 7 000	kr -	kr -
35001	Morarenter	1 571		kr 895	
35100	Avdragsutgifter	400 000	kr 400 000	kr -	kr -
	Renter/avdrag	433 411	kr 407 000	kr 896	kr -
36200	Sal av varer og tenester, geby	-206	kr -20 500	kr -	kr -21 000,00
36201	Gebyrinntekter Avgiftsfritt	-930	kr -5 000	kr -3 200	kr -5 000,00
36202	Trekk frå ansatte	-2 673	kr -3 000	kr -1 562	kr -3 000,00
36250	Stell av grav	-50 000	kr -75 000	kr -49 400	kr -75 000,00
36300	Husleigeinntekter/ utleige av	-59 230	kr -65 000	kr -48 290	kr -65 000,00
36400	Festeavgift	-237 515	kr -220 000	kr -382 200	kr -350 000,00
37100	Slukeleårsrefusjon/ refusjonat	-275	kr -	kr -11 948	
37000	Refusjonar frå staten	-2 752			

76

Konto	Konto (T)	Rekn 2016	Budsj 2017	Forbruk 31.08.2017	BUDSJETT 2018
37290	Kompensasjon moms påløpt	-452 763	kr -350 000	kr -194 174	kr -350 000,00
37500	Refusjon frå sokneråd	-158 353	kr -347 000	kr -4 788	kr -250 000,00
37700	Refusjon frå andre	-13 350		kr -7 270	
38000	Refusjon frå bispedømeråd Tr	-647 500	kr -633 450	kr -315 000	kr -635 000,00
38300	Tilskot frå kommunen/ kommun	-6 510 000	kr -6 780 000	kr -3 955 000	kr -7 108 000,00
38700	Gåver frå andre	-6 000			
39000	Renteinntekter	-5 646			
	Sum inntekter	-8 147 194	kr -8 498 950	kr -4 972 833	kr -8 862 000,00
	Sum utgifter	8 025 200	kr 8 498 950	kr 4 354 549	kr 8 862 000,00
	Res	-121 994	kr -	kr -618 284	kr -

Framlegg til Økonomiplan 2018-2021:

Nr	Tiltak	2018	2019	2020	2021
1	Oppgradering Interiør Indre Herøy kyrkje	500 000	500 000	500 000	
2	Ferdigstilling Amfi Herøy kyrkje	250 000			
3	Utviding Flusund gravplass	1000 000	1000 000	3000 000	2000 000
4	Utviding Leikanger kyrkjegard		1500 000	1500 000	1000 000
	Sum	1750 000	3000 000	5000 000	3000 000



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2013/52
		Arkiv:	256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
202/17	Formannskapet Kommunestyret	21.11.2017

SUNNMØRSBADET AS - SØKNAD OM FORSKOTTERING AV TIPPEMIDLAR

Tilråding:

Herøy kommune forskotterer tippemidlane som omsøkt med kr 2.500.000,-.

Særutskrift:

- Sunnmørsbadet AS
- Økonomiavdelinga, her
- Sektor for samfunnsutvikling, her
- Vest Kontroll IKS
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

Vedlegg:

- Søknad frå Sunnmørsbadet AS datert 3. november 2017
- Brev frå Møre og Romsdal Fylkeskommune datert 14.06.2017

Samandrag av saka:

Sunnmørsbadet AS sin likviditet kan bli stram om kort tid då det viser seg å ta lang tid frå tilsegn om tippemidlar vert gitt til pengane vert utbetalt. Det gjer at dei har søkt om å få forskottert 85% av heile den tilsagde summen på 17,1 mill kr – dvs ein auke på 2,5 mill kr i høve til det kommunen allereie har forskottert (12,0 mill kr).

Saksopplysningar:

I sin søknad datert 3. november skriv Sunnmørsbadet AS at likviditeten er i ferd med stramme seg til og at det i hovudsak er 3 grunnar til dette.

- a) Det offentlege (Herøy kommune) kjøper tenester for om lag 1,2 mill kr per år medan selskapet har budsjettert med 1,8 mill kr
- b) I desember vil Ulstein Arena opne sitt badeanlegg. Det vil kunne redusere talet på besøkande i Sunnmørsbadet med om lag 20.000 per år.
- c) Etter 3 års drift aukar kostnadane til vedlikehald og mindre oppgraderingar. Dette for å ivareta god sikkerheit for tilsette og brukarar.

Sunnmørsbadet fekk opprinneleg tilsagn om 14,1 mill kr i tippemidlar og Herøy kommune forskotterte i si tid 85% av denne summen avrunda til 12,0 mill kr.

I 2015 fekk Sunnmørsbadet AS godkjent ein auke av tippemidlane med 3,0 mill kr til i alt 17,1 mill kr. Same året søkte ein om at kommunen forskotterte 85% (2,5 mill kr), men dette vart avslått i K-sak 100/15 med grunngjeving i at Sunnmørsbadet på den tid hadde god likviditet og at Herøy kommune hadde dårleg likviditet/lite midlar på disposisjonsfonda.

Spørsmålet er når Møre og Romsdal Fylkeskommune har midlar til å betale ut tippemidlane. Det er gått om lag 3 år sidan Sunnmørsbadet AS var ferdig og ein voner at utbetalingane startar i 2018 (kan ta nokre år før alt er utbetalt).

Dei siste åra har kommunen valgt å forskottere mva og tippemidlar i saker som gjeld t.d. idrettslag, utbygging av nærmiljøanlegg etc. Kommunen har den største eigardelen i Sunnmørsbadet AS og det er i kommunens interesse at drifta der held fram om lag som i dag. Per i dag har Sunnmørsbadet AS ei langsiktig gjeld på nær 41,5 mill kr i Kommunalbanken AS, men ein voner at denne vil bli redusert ein del dei neste par åra. I tillegg har selskapet fått tilsagn på 17,1 mill kr i tippemidlar. Om denne søknaden om forskottering vert imøtekomen har Herøy kommune totalt forskottert om lag 14,5 mill kr av dette.

Vurdering og konklusjon:**Konsekvensar for folkehelse:**

Ingen så lenge tilbodet ved Sunnmørsbadet AS er som no. Negativ utvikling om tilbodet vert redusert.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ei forskottering vil resultere i lavare finansinntekter (om lag kr 30.000,- per år) og dårlegare likviditet.

Fosnavåg, 15.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS (SF AS) Søknad om forskot tippemidler på 85% av MNOK 3.

Vi viser til søknad om forskot tippemidler, dat. 24. juni 1015. Denne søknaden mottok vi avslag på.

Etter diskusjon i styret, den 30 okt. ble det vedteke å søkje på nytt.

Situasjonen for SB AS når det gjelder likviditet er i ferd med å stramme seg til og styret er bekymret for likviditetssituasjonen framover. Det er bl.a. 3 årsaker til dette.

1. I forhold til budsjett vart skulebading redusert fra MNOK 1.8 til MNOK 1.2
2. I løpet av nov./des. vil Ulstein Arena sitt badeanlegg åpne. Dette antek styret vil redusere besøket til SB AS med ca. 20000.
3. I tillegg vil det etter 3 års drift påløpe vedlikeholdskostnader og mindre oppgraderinger, spesielt for å ivareta god sikkerhet for både badande og ansatte.

Som kjent har SB AS fått godkjent MNOK 17.1 mill. i tippemidler, men på grunn av manglende midler står SB AS i ventekø for utbetaling. Det antas at utbetalingene ikke vil komme i gang før etter 2020.

Herøy kommune har vært villig til å forskotere 85% av MNOK 14,1, som var det opprinnelige tippemeddel beløpet. Etter søknad er dette auka til MNOK 17.1.

Utfrå ovannevnde bed styret i SFAS om forskotering frå Herøy kommune på 85% av MNOK 3,

Som utgjær NOK 2.550.000,-

Fosnavåg, 3.november 2017

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

Styret.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

*Kulber.
kopi: 680*

Sunnmørsbadet Fosnavåg
Leiar Tor Sindre Steinsvik,
6092 Fosnavåg

Deres ref.:

Saksbehandlar:
Anders Ellingseter

HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
Res.no	Saksbeh.
2016/83	
26 JUNI 2017	
Ark.kode P	
Ark.kode S	Dok.nr

14.06.2017

Søknadsnr: 17/01240

Arkiv nr:

**AVSLAG PÅ SØKNAD OM SPELEMIDLAR TIL ANLEGGSNR 1515000603
SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG - HERØY KOMMUNE (M&R).**

Ved fordeling av spelemidler 2017 vart søknaden ikkje innfridd.

Grunnen til avslaget er:

Manglende midler. Søknaden er formelt i orden og kan fornyes neste år.

Klagerett

Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Klageskjema finn ein på sida <http://www.signform.no/dss/>

Med helsing


Heidi-Iren Wedlog Olsen
Fylkeskultursjef


Anders Ellingseter

Kopi: Herøy kommune (M&R)

Postadr.: Postboks 2500, 6404 MOLDE

Tlf.: +47 71258000
Faks: +47 71258705

Besøksadr.: Julsundveien 9 Fylkeshuset
E-post: post@mrfylke.no

Delegerte saker frå avdelingane

**DS 28/17 Skjenkebevilling - søknad om løyve til ambulerande skjenking
(lukka arrangement) 17.11.2017. 07.11.2017 00:00:00 Bjarne Kvalsvik**

**DS 29/17 Mellombels bruksløyve - 31/189 - seksjon 5 08.11.2017 00:00:00
TØMRER SERVICE AS**

Referatsaker

**RS 106/17 Fast veg mellom Søre og Nordre Sunnmøre FAST VEG
MELLOM SØRE OG NORDRE SUNNMØRE. 01.11.2017 00:00:00 Pål
Vedeld djupvik**

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 02.11.2017 14:32:12
Til: Brit Berge
Tittel: VS: FAST VEG MELLOM SØRE OG NORDRE SUNNMØRE.

Fra: Pål O. Djupvik [<mailto:paal.djupvik@outlook.com>]

Sendt: 1. november 2017 14:13

Til: postmottak@alesund.kommune.no; post@giske.kommune.no; Ørsta postmottak; postmottak; Postmottak Hareid; Sande Kommune; Resepsjon postmottak; V-Postmottak

Kopi: redaksjonen@synste.no; redaksjon@mørenytt.no; redaksjon@fjordingen.no; red@mre.no; Jan Erik Røsvik

Emne: FAST VEG MELLOM SØRE OG NORDRE SUNNMØRE.

Til Formannskapa i alle kommunene på søre Sunnmøre og Giske og Ålesund kommuner med kopi til Fylkeskommuna og Statens Vegvesen Molde.

Vedlagt følger mitt forslag til FAST VEG mellom søre og nordre Sunnmøre, veg mellom søre og nordre har det vore jobba med i frå begynnelsen av 70 talet. I 1972 hadde Ingeniør Hagen i Måløy klar planen om bru frå Koparneset til Årvika men den kosta over 200 millionar kroner så planen blei droppa, og det var om lag same tida at Olav Fure begynte å arbeide med Hareid Fastlandsselskap,. Men den er einaste måten dette kan bli bygt på: at det skjer ved at vi brukarane betaler det sjølve, prosjektet er 100% sjølvfinansierende på få år og blir betydelig fortare nedbetalt enn Eiksundtunellen og i tillegg er privat finansiering billigare enn offentlig, viss stortinget skal finansiere dette då går det minst like lenge som det har vore jobba med saken hittil. Knut Nærø sa i 2008 til meg og fleire at viss Eiksundtunellen hadde komt inn i NTP sine planer då hadde det gått lang lang tid før enn sambandet i Storfjorden hadde vore bygt, så vi kan takke høgare makter for at så ikkje skjedde.

Denne tunellen frå Ulsteinsida av Hareidlandet bør ha tunellinnslag på Garnes eller ved Dimnakrysset under Godøya til rundkøyring i Valderhaugsfjorden med to korte tunellar, den eine ut på Valderøya og den andre inn til Ålesund. Vi må gå inn i fjellet nær Ulsteinvik fordi derfrå er det knapt to mil som vegen må gå ned med 1,5%, då er vi nær Godøya og på det djupaste (300 meter) fjorden der er 250 meter djup. Det går ikkje an slik som var planen til Hareid Fastlandsselskap arbeide etter heilt til 2013-14, at vegen skulle gå ned om Gristadvatnet for så å ta ein 180 graders sving inn i fjellet på Holstad og 800 meter under havet på Kvitneset og ut idagen på Vedde (skal tru kva fart trafikken hadde gått med opp frå Breisundet på 800 til 1000 meter under havet til Vedde), vidare så skulle vegen fortsett gjennom Borgundfjorden til Hatlane og koblast på vegnettet i Ålesund.

Denne Godøytunellen må fortsette å stige med 1,5 til 2% under Godøya og opp til Valderhaugsfjorden, det blir totalt ca. 23 km og med fartsgrensa i moderne tunellar på 120 kmt vil det ta knapt 12 minuttar dit, og dei 3 km til Ålesund og Vigra (Valderøya) går det 3 minuttar i vanlig fart. Eg håper at alle ordførarane og trafikknemndene ser at denne Godøytunellen får betydelig større trafikk enn Eiksundtunellen, og i 2008 hadde Eiksundferja 690 bilar i døgnet og når tunellen opna blei trafikken 2400 daglig. Men i dag har dei 8 ferjene som blir overfløydige over 6000 bilar daglig og vi kan forvente at trafikken aukar som i Eiksundtunellen når ferja blei erstatta. Med same trafikkutvilinga som i Eiksund så vil denne Godøytunellen ta inn vel 1,6 milliardar kroner i autopassavgift i året, basert på dagens ferjetakst Hareid-Sulesund, og nedbetalingstida tilbake til banken blir superkort. No veit vi ikkje kva MESTA eller ein annan entreprenør skal ha for å bygge denne, men dei skulle ha 520 millionar kroner i 2008 for å bygge den 8 km lange Eiksundtunellen ifølge han Plassen i Mesta. Men det blir garantert ein heilt annan pris på dette enn dei 104 milliardane som Statens vegvesen har kalkulert kva det kostar å få E39 til Hareid (Kvitneset) med bru til Sula 100 meter over Breisundet. Dei 104 milliardane er 4 gonger så mykje som samtlige kroner i statens vegbudsjett for 2018, og det er sikkert ingen som trur at vi får heile vegbudsjettet for heile Norge i 4 år for samband over Vartdal og Sulafjordane, når vi kan bygge fast veg mellom søre og nordre Sunnmøre utan ei offentlig krone.

BESTE HELSING

FRÅ INTERIMSTYRET FOR FAST VEG MELLOM SØRE OG NORDRE SUNNMØRE

Pål Vedeld Djupvik

Pål Vedeld Djupvik
Langåsen 12
6080 GURSKØY

01.11.2017.

FAST VEG FRÅ SØRE TIL NORDRE SUNNMØRE MÅ GÅ UNDER GODØYA.

Ferjene som blir overflødige i Vanylven, Sande, Hareid og Festøya dei fraktar ca. 6000 bilar i døgnet, til samanlikning så frakta Eiksundferja 690 bilar daglig i 2008. Trafikkutviklinga i denne nesten flate sjølvfinansierande Godøytunellen blir akkurat den same, det vil seie det same som at tunellen sitt Autopass-camera vil ta inn faktisk 1,6 milliardar kroner i året, basert på dagens ferjetakst Hareid-Sulesund. Frå Vanylven, Sande til Hidsneset og Godøytunellen vil bompengetida til vesentlig kortare enn ho var sjølv i Eiksundtunellen, og då er ferjebillettar og mangel på ferjer ein sagablott.

Det som vi veit er at ein slik tunell må ha innslag på Ulsteinsida av Hareidslandet mellom Garnes og Dimnakrysset og gå under Godøya med ei rundkøyring i Valderhaugsfjorden, med to korte tunellar den eine i land på Valderøya og den andre inn til Ålesund. Dette fordi denne tunellen bør vere såpass lang som 12-14 km for at tunellen skal bli flatast mulig, tunellen får ikkje meir stigning enn 1,5% ca. det same som frå Stranda til Ljøen har (faktisk litt flatare). Med naturleg fartsgrense i nye motorveg-tunellar køyrer vi til rundkøyringa i Valderhaugsfjorden på 12-13 minuttar og i land på Valderøya og i Ålesund på eit kvarter totalt. Dei som skal på Digernesskiftet eller forbi, må naturlegvis køyre i land på Valderøya og køyre om Ellingsøya for det blir er kortare i distanse men trafikken i Ålesund og Spjelkavika blir redusert vesentlig og der er det garantert nok biltrafikk. Innsparinga i tid og kostnad mellom søre og nordre Sunnmøre blir enorm når turen kan gjerast på eit kvarter, mot oppmot 2 timar mellom Garnes, Dimnakrysset, Hareid, Sulesund – Ålesund/Vigra i dag (om ferja passar akkurat).

Dette kan byggast umiddelbart, då alt er finansiert og langt innafor EU sine bestemmelser for stigning i tunellar. Då tunellen treng å gå ned til 250 meter under havoverflata og får den ei stigning på kun 1,5%, men den frå Hakallestranda til Kvamsøya får nær 5% stigning (halvparten av Leikongbakkane og Dragskaret) mens dei i Sandefjordane får minimal stigning. Det er viktig at både Hafast, Fefast, Safast og Rovdefjordbrua blir samanslått til eit selskap, og all innkrevinga skjer kun i Godøytunellen som alle må passere, på maksimum 4 år etter opning blir tunellselskapet avvikla og oppgjordt med aksjonærane.

Beste helsing
Pål Vedeld Djupvik